

”Trelastnæringa på Sunnmøre 1600-1660”

Frå ”skjønne Fyrreskove” til ”fattig og udtømmet”

*”Pinus foliis geminis primordialibus folitariis glabris. Fyrre. Dette Slags Træ har tilførn været lige saa overflødig paa Søndmør som andestæds, ja uden Tvivl overflødigere der end i andre Nordenfieldske Districter, efterdi Peder Clausen, saa vel som Torm. Torfæus, naar de beskrive Søndmør, rose det i sær for sine skjønne Fyrreskove og de ypperlige Baade, som deraf bygges; men nu derimod er intet District her Nordenfields (Findmarken undragen) derpaa saa fattig og udtømmet som Søndmør.”*¹ Hans Strøm, 1762

1-1 Le Grand Pin, Paul Cezanne²



Øyvind Grimstad Gryt - UBB0188391

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitet i Bergen

Våren 2008

¹ Strøm 1: 79

² <http://www.sai.msu.su/wm/paint/auth/cezanne/land/great-pine/great-pine.jpg>

Forord

Eg vil først og fremst takke rettleiaren min, førsteamanuensis Arne Solli ved Historisk Institutt, Universitetet i Bergen. Heilt frå eg la fram kva eg kunne tenkt meg å jobbe med, har han vore særst engasjert og ein veldig god støttespelar i arbeidet. Takk må òg rettast til seminaret "Tidleg moderne tid" ved UIB og deltakarane der. Seminarleiar professor Ståle Dyrvik, professor Anne-Hilde Nagel og professor Jon Ragnar Myking har alle kome med god og konstruktiv kritikk i løpet av dei to siste åra. Eg vil takke foreldra mine, Eldrid og Leidulv, samt svigerforeldre, Sissel og Bjørn, for fagleg og personleg støtte, samt for å vise interesse for det eg har jobba med. Til slutt vil eg takke Julianne, kona mi, for all støtte og kritikk gjennom arbeidet med oppgåva, eg hadde ikkje klart det utan deg.

Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Hypoteser	5
1.2	Kjelder	7
1.2.1	Norske Rigs-Registrarer	7
1.2.2	Lensrekneskap	8
1.2.3	Jordebøker	11
1.3	Forskingshistorikk	12
1.3.1	Hanseatane si minkande rolle i handelen på Noreg	13
1.3.2	Marknaddelinga – skottar og hollendarar	18
1.4	Teori	20
1.5	Oppbygginga av oppgåva	22
2	Bakgrunn	23
2.1	Korleis var utviklinga av trelasthandelen langs kysten?	23
2.1.1	Analyse av litteraturen	24
2.2	Geografien på Sunnmøre – transport og skogutbreiing.	26
2.2.1	1600- og 1700-talet	26
2.2.2	I seinare tid	28
2.3	Rammene for trelastnæringa – administrasjon og forvaltning	29
2.3.1	Lensvesenet	29
2.3.2	Tollforvaltning og tollsatsar	31
3	Skogen, tømmeret og bearbeidinga	37
3.1	Skogen	37
3.1.1	Lovverk om utnytting av skogen	37
3.1.2	Skogen, tilvekst og overutnytting	46
3.1.3	Eigedomstilhøva og utvikling av desse i perioden 1600-1651	47
3.2	Sagene	56
3.2.1	Oppgangssaga og sagbruka	57
3.2.2	Utviklinga av sagene på Sunnmøre	61
3.2.3	Sager og sageigarar	66
3.3	Flomstokk og fallrettar	70
4	Produkta - bord, bjelkar, ved og tønneband	71
4.1	Ulik bruk for trelast – Nederland og Skottland	71
4.1.1	Trelast frå Sunnmøre	73
4.2	Omsetnad i trelasthandelen – kven og kvar?	76
4.2.1	Tollsvik og andre svik – underrapportering av skipstorleik, last og skurd?	83
4.2.2	Kven selde trelast?	86
5	Aktørane – bønder, futar, borgarar og embetsborgarar	88
5.1.1	Futane – som bukken og havresekken?	88
5.1.2	Borgarane – Kven var dei?	91
5.1.3	Hans Lauritsen og maktkampen mellom borgarar og embetsmenn	96
5.1.4	Embetsborgarar og lågare embetsmenn	99
5.1.5	Bøndene	100
6	Jamføring med resten av vestlandskysten	102
7	Samanfatning og konklusjon	105
7.1	Samanfatning	105
7.1.1	Var bøndene ansvarlege for uthogginga av skogen på Sunnmøre?	106
7.1.2	Ressurstilganghypotesa	107

7.2	Konklusjon	108
	Litteratur og kjelder.....	110
	Utrykte kjelder.....	110
	Trykte og digitale kjelder	110
	Litteratur.....	111

1 Innleiing

1.1 Hypoteser

Den sunnmørske vitskapsmannen Hans Strøm skreiv i 1762 at Sunnmøre var så godt som utarma når det gjaldt furuskog. Frå midten av 1500-talet og minst fram til 1647 vart det eksportert maskinelt skore trelast frå Sunnmøre til utlandet. Oppgangsaga bana veg for ei storstilt utnytting av skogen her i landet. Denne nye teknologien spreidde seg raskt frå den vart innført på 1520/30-talet. Samstundes miste hanseatane mange av privilegia dei hadde hatt, og spesielt nederlendarane men òg skottane greip sjansen til å skaffe seg eit solid fotfeste i landet. I 1603 var det fleire titals sager i drift på Sunnmøre, i 1661 var det registrert fire sager som berre foredla trelast til eige bruk. På berre nokre tiår vart skogressursen så godt som uttømd i futedømet. I dei andre områda langs vestlandskysten klarte ein i det minste å ta vare på brukbare delar av furuskogen; men dette lukkast ikkje her. Denne oppgåva skal sjå på korleis dette gjekk til, korleis trelastnæringa var organisert og kvar på Sunnmøre denne aktiviteten fann stad.

Denne masteroppgåva byggjer vidare på det arbeidet eg har gjort i dei to første semestera av studiet, det vil seie litteraturgjennomgang og kjeldegjennomgang knytt til emnet: ”Trelastnæringa på Sunnmøre på 1600-talet”. Ved gjennomgangen av eit breitt utval kjelder og litteratur har eg vald å kome opp med to hypoteser eg vil jobbe vidare med i oppgåva. Desse er baserte på to ulike utsegn om kvifor skogressursen vart uttømd på Sunnmøre:

Hypotese om bøndene si dårlege forvaltning av ressursane. Denne tek for seg utsegner frå borgarane om at der bøndene hadde kontrollen over trelastnæringa, vart skogen uthoggen. Før innføringa av eineveldet kom borgarane med mange ”krav” til kongen vedrørande organiseringa av handelen, blant anna finn me denne setninga i §3: *”Bonden er og saa tilsinds og den Fremmede geneige (velvillig), at han for det (trelasta) til dennem for halv Værd afhænder, end den Indlændiske (handelsmann) derpaa den ringeste Skillings Fortjeneste forunder, hvorover Skovene i stor Mængde udhugges, epterdi Bonden derfor saa lidet bekommer, at det Intet kan forslaae, enten til hans Skatters Betalning eller Levnets Ophold”*³ Vidare ba borgarane om at denne handelen ved lov vart ein rein borgarhandel, slik at fortjenesta av trelasthandelen i større grad kom både landet og borgarane til gode. Med andre ord klassisk merkantilistisk tankegang – at ein skulle tene mest mogleg på eksportvarene sine.

³ Andragende fra Kjøpstedene 1661:33

Her hevdar borgarane at dei gjorde dette av omsut til bøndene si betalingsevne. Kva var egentleg borgarane sitt motiv? Alt dette var ein del av det politiske spelet kring innføringa av eineveldet, der borgarane ville fremje rettane sine framfor bøndene og andre grupper (embetsmenn og prestar) som dreiv handel. Desse "krava" vart først satt i system med kjøpstadprivilegia i 1662.⁴ Seinare kom sagbruksprivilegia 1688. Innføringa av desse fekk enorme konsekvensar for organiseringa av trelastnæringa i Noreg, men på denne tida var trelasteksporten frå Sunnmøre for lengst avslutta. Her i oppgåva skal eg sjå på om det var slik at bøndene på Sunnmøre sat på rettane til skogen, dreiv sagene og handelen, og på grunnlag av dette overutnytta sin eigen ressurs. Viss dette var tilfelle, kva var det som gjorde dei til dårlege forvaltarar? Den første hypotesen vert då følgjande:

"Skogressursen på Sunnmøre vart overutnytta på grunn av at det var bøndene sjølve som hadde kontrollen over sagene og dreiv handelen."

Ressurstilganghypotese har eg valt å kalle den andre hypotesa. tek utgangspunkt i den lette tilgangen til skogressursane på Sunnmøre, så eg har valt å kalle denne for. Både tilgang til skogen og sagene, gode lasteplassar og enkel tilgang til fjordane gjennom Breisundet kan ha ført til at Sunnmøre vart raskt uttømd for mykje av skogressursen. I tillegg kan det vere manglande langsiktig tenking frå dei som dreiv med denne handelen når det gjeld berekraftig utnytting. Klingande mynt var nok meir lokkande enn store skogområde for dei som eigde eller forvalta skogen. Hans Strøm skriv i 1762 at grunnen til uthogginga var handelen med skottane som her handla meir trelast enn nokon annan plass, sidan dei hadde lett tilgang gjennom Breisundet.

*"Hvilket man i sær tilskriver den stærke Træ-handel med Skotterne, som her skal have havt sin Fart, mere end paa noget andet Stæd, i anledning af det korte og rene Indløb igiennem Breesund, som er Søfarende saa vel bekiendt."*⁵

Stein Ugelvik Larsen skriv at Sunnmøre ligg i balansepunktet mellom Trondheim og Bergen. Med dette meiner han at Sunnmøre er i periferien til byane, kanskje tilgangen for utanlandske kjøpmenn då var lettare på grunn av mindre kontroll frå borgarskapet. Var ressursane på Sunnmøre lettare tilgjengeleg enn andre stader? Den andre hypotesa vert då:

"Den lette tilgangen til (skog)ressursane på Sunnmøre førde til overutnytting av skogen."

⁴ Privilegier for Kjøbstæderne og deres Indbyggere udi Norge, 30. Juli 1662.

⁵ Strøm 1:79

1.2 Kjelder

Etter at eg hadde lest meg opp på emnet og kva som er skrive om denne næringa, tok eg til på arbeidet med å finne ut kva kjelder som var aktuelle for oppgåva mi. Kjeldetilfanget til ei slik oppgåve har eg etter kvart funne ut er ganske breitt. Eg har laga to arbeidsspørsmål som kunne hjelpe meg i å avgrense kjeldene:

”Kva kjelder kan seie noko om organisering av trelastnæringa og aktuelle stadar knytte til trelasthandelen? Kor gode og relevante er desse kjeldene i høve til temaet eg har valt for masteroppgåva mi?”

Ut i frå desse arbeidsspørsmåla kom eg fram til at det i hovudsak er tre kjelder som er sær sentrale i arbeidet med masteroppgåva. Desse tre er Norske Rigs-Registrantar, ulike lensrekneskap og diverse jordebøker.

1.2.1 Norske Rigs-Registranter

Dei ”Norske Rigs-Registranter” er ei av dei viktigaste kjeldesamlingane for norsk-dansk historie fram til 1660. I desse bøkene er det samla alle brev og forordningar som kom frå sentralmakta, dvs konge og regjering. Soleis er dette ei sær sentral kjeldesamling for denne oppgåva, og særleg sidan trelastressursen på Sunnmøre var så godt som uttømd i 1660.

Fram til 1660 vart alt av innanlandske og utanlandske regjeringsbestemmingar av ein kvar art ekspedert og sendt ut frå det danske Canselli.⁶ For å vise eit eksempel på korleis desse kjeldene er framstilte, har eg teke med skipstollen frå 1611. Denne var gjeldande i fleire år framover, og soleis eit viktig dokument for oppgåva mi.

⁶ NRR I:Forord

1-1Skipstollen 1611

Skibstold.	
Et Skib, hvor det haver hjemme, saavelsom Indbyggernes Skibe, som indkommer udi nogle Havner der udi Riget at bruge sin Handel, ladet med Kjøbmandsgods og stort over 100 Lester, giver til Rorstold	4 Rosenobler.
Er det baglastet, giver	3 —
Et Skib under 100 Lester stort, ladet med Kjøbmandsgods, giver til Rorstold	3 —
Er det baglastet	2 —
Et Skib under 30 Lester stort, ladet med Kjøbmandsgods, giver	2 — [og]
	2 Goldgylden.
Er det baglastet, giver	2 Rosenobler.
Haver nogen fremmede, i hvad Steder det være kan, Skibsparter med hverandre, da give deraf	2 —
Haver nogen indskibet deres Gods udi et andet Skib med hverandre, gives deraf	2 —
Hvilke Skippere, som segle frem for de Steder, som holdes Blus og Lys, som er Skagen og Anholt, og ikke løbe med deres Skibe igjennem Sundet for Kronborg, medens lade og losse paa andre Steder der udi Riget, skulle udgive, som efterfølger:	
Først de, som segle paa Kjøbenhavn, Landskrone, Malmø eller andensteds, skulle give Tøndepenge af et Skib paa 30 Lester og derover	½ Daler
og et Skib, mindre end 30 Lester	24 Sk. D.
Efter den samme Form og Maade skal og gives Tønde- og Veiepenge af de Skibe, som segle paa Aalborg.	
Indskibe og fremmede deres Gods paa Danske, Norske eller de af Fyrstendømmerne deres Skibe, da give de dog Rorstold, som forskrevet staar.	
Desligeste, kommer nogen Skibe af Hispanien, Portugal eller Frankrige, ladet med Salt, da give de af Skibet 6 fulde pakkede	

Kjelde: N.R.R.IV:425

1.2.2 Lensrekneskap

Gjennom dei økonomiske kjeldene finn ein særst mykje nyttig informasjon om den praktiske sida ved tømmerhandelen. Ulike skattar og andre innkrevjingar vart rekneskapsførde og ein finn desse i lensrekneskapa. Blant desse finn me leiglendingsskatt, odelsskatt, sakefall, sagskatt og toll. Alle desse postane kan til ei viss grad vere relevante for emnet eg har valt.

1.2.2.1 Skipstoll og sagskatt

I skipstollen i lensrekneskapa kan ein blant anna finne skipstoll, hamner, produkt, oppkjøpar, land, skipstypar og storleik på skipa som dreiv trelasthandelen. Derfor vart desse ei av hovudkjeldene mine i det vidare arbeidet. Eit problem ved å bruke desse rekneskapa er at det manglar enkelte årgangar for dei fleste futedøma. På grunn av dette er det vanskeleg å få det komplette biletet med tanke på tømmerhandelen, men utfordringa ligg i å få fram så mykje som råd.

Eksempel frå skipstollen i lensrekskapet for Sunnmøre 1606/07:

Skibstold Oppeboritt Aff Udlendische
Skibbe Som er indkommitt wdi for^{ne} Sund-
mørsslen och indtagitt dieris Last fraa
Anno j606 thendt j May och indtill
Aarsdagenn 1607

Regnitt huer dr som er Opeborit Wdj Thold for 33 ss Lb.

[v.marg:]

Tholdenn findis lige
saa att vere oppeborenn
fraa Philippi 1602 till
aarsdagen Ao 1603

[v.marg:] Rorstold ij dr

Skippr Jann Jannsenn Veinn Aff Hornn i Hollandt
indkomb medt Hanns schib Thenndt huide fos Vdj Øschog
haffnn Thenndt 5 May och Wdløb Denn 2 Junij
hanns schib Drectig paa 40 Lester Lasstenn Hanndt
Wdførde war

Saugdeller --- i^jct Thølter [v.marg:] xiii^j dr ix ss d

Brendued --- xj faffne [v.marg:] j dr xj ss

Banndstager --- v^{ct} [v.marg:] ii^j ss d

Her ser me at Jan Jansen frå byen Hoorn i Holland med skipet sitt, Den Kvite Foss på 40 lestar, kom til Ørskoghamna 5.mai og før 2.juni. Med seg hadda han då 150 tylfter sagdelar, 11 famner ved og 500 bandstakar. For herligheita betalte han 16 riksdalar og 22,5 skilling i trelasttoll og to riksdalar i rorstoll.

Ut frå ei slik oppføring i lensrekneskapet kan ein finne ut kva produkt som vart utførde, i kor store mengder og kva som vert betalt i toll for dette. I tillegg kjem det fram kven oppkjøpar var, kva by og land skipet kom frå og ikkje minst kvar på Sunnmøre skipet lasta varene sine. Frå og med 1620-21 får me òg vite kven som selde trelasta. Eit anna moment eg har sett på er

om det var mogleg for skip å segle vekk frå Sunnmøre utan å betale toll. Reint strategisk kan ein kontrollere alle skip som seglar inn i dei indre delane av Sunnmøre ved å ha oppsyn frå Ålesund ved Breisundet og ein stad i dei sørlege delane av futedømet, for eksempel Eiksund. Ut i frå det eg har funne, tyder det på at smugling av trelast ikkje var noko utstrakt problem på Sunnmøre. Utanlandske skip i ei bygd ville vakt oppsikt. Øvrigheita hadde nok god kontroll på desse skipa.

Eksempel på tre sager oppført i lensrekneskapen 1603:

Schatt oppeboritt aff Flumsageren
wdi for^ne: Sundmørsleen som effter
følger

Woldenn schibreide

Pouell Birchedall aff sin flomsaige
pennche ----- ij dr
Er skaarenn paa same saige 40 tølter
Tiennde partt er -- iiij tølter
soldt for
Pennche ----- ij dr i march støcr

Borgunnd schibreide

Her Claues i Borgund aff j Flomsaige
Pennche ----- ij dr
Skaarenn paa samme saige 20 tølter
Tiennde partt er -- ij tølter
solt for
Pennche ----- iiij mk

Doctor Hendrich Høijer aff j Flomsaige
Pennche ----- ij dr
Skaarenn paa samme saige 10 tølter
Tiennde partt er -- j tølt
solt for
Pennche ----- ij mk ⁷

Ved å studere sagskatten kan me finne ut av kven det var som eigde dei ulike sagene, kvar sagene var reint geografisk og kor mykje som vart saga på desse. Ein måtte betale tiendeskatt på produksjon (d.v.s. verdien av kvart tiande bord). I dette eksempelet ser me at Pål Bjørkedal i Volda betalte 2 dalar i sagskatt. I tillegg måtte han betale tiende av produksjonen på 40 tylfter, det vil seie 4 tylfter i tiende.

⁷ <http://folk.ntnu.no/ivarse/avskr/skatt1603.htm>

Ved å finne ut kven det var som eigde sagene rundt om på Sunnmøre finn me mange namn. Og eg har leite vidare, blant anna i bygdebøker, for å finne ut om folk slo seg opp på trelasthandelen. Dei to andre døma som er teke med her, viser at det ikkje berre var bønder som eigde sagene så tidleg som i 1603. Herr Claus i Borgund (noverande Ålesund) var prest, derav "Her" framom namnet, og var eigar av ei sag i same området. Doctor Hendrich Høijer var derimot bylege i Bergen og kom dit i 1596/97, og var den som innførde tulipanen til Norden.⁸ Dette viser at sageigarane har heilt ulik bakgrunn og tilknytning til Sunnmøre, noko som eg vil sjå nærare på seinare i oppgåva.

1.2.3 Jordebøker

Jordebøkene er ei viktig kjelde for å finne ut om eigedomstilhøve i eldre tider, og inneheld som regel opplysningar som namn på eigedomane, landskuld, kven som er brukar og kven som eig garden. Ein kan òg finne opplysningar om utsæd og meir spesielle ting som ligg til garden, for eksempel sager og lakseverp.

Ei jordebok skil seg frå eit inntektsrekneskap ved at det er dei forventade inntektene som vert oppførde, ikkje dei faktiske. Soleis kan jordebøkene gjelde for fleire år, så sant det ikkje vart endringar av eigedomstilhøva på gardane.

Det som gjer jordebøkene viktige i denne oppgåva er at ein kan finne ut om eigdomsrettane til dei ulike gardane, kven som har bygselretten og om det ligg sag til garden. I eit eksempel frå jordeboka 1626, finn me følgjande:

Spilckeueigen	18 mll
enka Karen Hans Simonsens	
9 tnr korn, 1 sildeverp, 1 sag	
Krungods (herav 4 pd Giskegods), Herremannsgods ⁹	

Spjelkavik var ein av dei største gardane på Sunnmøre, og me ser her at det låg sag til garden. Karen var enka etter Hans Simonsen, fut på Sunnmøre i perioden 1606-16, og tollar frå 1616 fram til han døydde i 1618. Han tok borgarskap i Bergen i 1617 og dreiv med utstrakt trelasthandel på Sunnmøre. Som ein ser frå jordeboka, er det enka som bur på garden 8 år etter Hans Simonsen døydde, og garden er fordelt på krongods (Giskegods) og herremannsgods.

⁸ <http://www.aa-arkivet.no/tulipan.htm>

⁹ Jordaboka 1626, Borgund, transkribert av Bjørn Jonson Dale

1.3 Forskingshistorikk

Gjennom arbeidet mitt med utgangspunktet ”Trelastnæringa på Sunnmøre 1500- og 1600-talet”, har eg sett meg inn i kva som er skrive i historisk litteratur om trelastnæringa på Sunnmøre og resten av Vestlandet i denne perioden. Grunnen til dette er å få vite kvifor Sunnmøre vart eit ettertrakta mål for utanlandske trelastoppkjøparar.

Eit av hovudverka når det gjeld dette emnet er ”Den norske trælsthands historie” av Alexander Bugge som kom ut i 1925.

Bugge viser til at det har vore eksportert trelast frå Noreg sidan mellomalderen, og viser til kjelder som syner eksport av master til England på 1100-talet. Den første lasta av skorne bord ein kjenner til frå Noreg, er frå 1294. I byrjinga var det master og rundlast (tømmer) som var dei viktigaste eksportartiklane, men etter kvart får hogne bord ei viktigare rolle.¹⁰ Dette var bord og plankar som var kløyvde med øks og kilar.

Oppfinninga som verkeleg sette fart i trelastnæringa i Noreg var oppgangssaga. At ein kunne temje elver og bekkar og bruke denne krafta til å kverne mjøl, var gamalt nytt. Men når ein fekk teknologien som gjorde det mogleg å la denne krafta drive eit sagblad vertikalt, førde dette til eit kraftig oppsving i trelastnæringa som skulle få store konsekvensar. Bugge skriv at oppgangssaga kom i allminneleg bruk i landet rundt 1520/30 og spreidde seg raskt utover landet. Dei fleste sagbruka var plasserte nært kysten, og det var ikkje mykje fall i ei elv eller bekk som skulle til for å få nok kraft. Dei to kategoriane sager ein fekk var årgangsager og flomsager. Årgangsagene var i drift brorparten av året, medan flomsagene var i bruk under vårflommen når elvene var store av smeltevatn og eventuelt andre tider på året med stor vassføring.¹¹

Eg tok utgangspunkt i tre sentrale spørsmål kring dette tema:

- *Kor viktig var hanseatane si minkande makt for oppsvingen av trelasteksporten?*
- *Kva var forskjellen mellom skottar og nederlendarar når det gjaldt denne handelen?*
- *Kan ein snakke om ei ”bølgjerørsle” nordover langs kysten når det gjaldt uthogging av skogen?*

¹⁰ Bugge 1:4

¹¹ Bugge 1:6

I dei første to hovudpunkta i litteraturarbeidet, har eg sett opp litteraturen kronologisk med utgangspunkt i forfatarane, og deler desse inn i to grupper. Hovudskiljet i litteraturen set eg med den andre verdskrigen, og får såleis ein ”førkrigsgenerasjon” og ”etterkrigsgenerasjon”. Denne inndelinga kan diskuterast sidan den første gruppa strekk seg frå 1880-1941 og den andre frå 1950-2001. Men eg skal sjå på hovudtrekka og prøve å finne ut om det er forskjell på dei to gruppene når det gjeld synet deira på desse emna.

1.3.1 Hanseatane si minkande rolle i handelen på Noreg

Hansaforbundet var i utgangspunktet eit handelsforbund mellom ei samling av byar frå Köln og Utrecht i vest og heilt til Reval i Estland i aust. Dei dreiv handel og hadde framhandla monopol på dette innanfor sine kjerneområde ved hjelp av makt. Dei hadde òg fleire kontor i byar i England, Norden, Flandern og Russland. Hanseatane hadde frå midten av 1200-talet hatt ein særeigen plass i handelen frå og til Noreg, og heilt fram til midten av 1500-talet hadde dei stor makt, særleg i Bergen der handelsmenn frå Lübeck var dei viktigaste.¹²

Hanseatane hadde i fleire hundreår hatt kontrollen over store delar av handelen på Noreg, men miste sin sterke posisjon på 1500-talet. Blant anna fekk utlendingar etter kvart lov til å segle nord om Bergen. Sjølv om hanseatane framleis var aktive i handelen, var det Bergen som var basen deira med import av kornvarer og eksport av fisk som hovudnæring.

Som me skal sjå tok trelasthandelen på Sunnmøre til fyrst når hanseatane var kraftig svekka.

1.3.1.1 Historikarar før 1950

Ludvig Daae er den første historikaren som tek for seg trelastnæringa, og fokuset her er på nordmenn som utvandra til England og Nederland ”i nyere tid”. Sjølv gav han ut boka i 1880.. Som historikar prøver han òg å sjå det store biletet, og i denne samanhengen tek han for seg hanseatane si rolle i høve til nederlanda. I middelalderen hadde fleire av dei nederlandske byane slutte seg til Hansaforbundet, og då særleg byane aust i Ijseelmeer. På byrjinga av 1400-talet skilde hollendarane og hanseatane lag på grunn av usemje om handelen i Austersjø-området, og då særleg handelen på Russland og Lifland (Baltikum).¹³ Daae meiner at dette skiljet gjorde det mogleg for ”de nordiske Riger nogenlunde at udholde Trykket af Fremmedes Handelsaag”,¹⁴ sidan desse to gruppene dreiv med forskjellig handel: hanseatane

¹² Aschehoug & Gyldendal 6 Gam-Hell, 1998:547

¹³ Daae:6

¹⁴ Daae:6

hovudsakleg med fisk, og hollendarane med trelast.¹⁵ Nederlanda trengte store mengder trelast, både på grunn av den sterkt veksande sjøfartsnæringa, og på grunn av Amsterdam si utviding reint geografisk, ”Amsterdam sto på Norge”, vart det sagt.¹⁶

I sitt storverk ”Den norske trøelasthandels historie” frå 1925 deler Alexander Bugge dei to første binda inn i følgjande perioder: Bind 1, frå vikingtida og fram til vassaga vert innført, og bind 2, frå vassaga og fram til første halvdel av 1600-talet. Bugge peiker på at Vestlandet hadde lite utførsel av trelast på 1400-talet på grunn av Hanseatane si sterke stilling i Bergen – dette var Hansaveldet si stordomstid i Noreg.¹⁷ Kontoret i Bergen var kontrollert frå Lübeck, den mektigaste hansabyen. På grunn av si gunstige plassering midt mellom Austersjøen og Vest-Europa, var byen omlastingplass for korn, og utskipingby for Lüneburg-salt frå gruvene i nærleiken.¹⁸ Lübeckarane henta brorparten av det tømmeret dei trengde frå Preussen. Frå Bergen var det spesielt fisk, men òg tjøre som vart ført ut, med andre ord var ikkje hanseatane veldig interesserte i trelast herifrå.¹⁹ Likevel var det noko utførsel til både England og Flandern på tyske skip på 1400-talet. Kanskje det var på grunn av manglande interesse, men hanseatane fekk aldri kontrollen over trelasthandelen på Vestlandet. Både nederlendarar og skottar busette seg på byrjinga av 1500-talet i Bergen utan av hanseatane kunne hindre dette.²⁰

Når det gjeld nedgangen til hanseatane, peiker Bugge på fleire faktorar. For det første vert nederlanda si samling og vekst som sjøfartsnasjon ei utfordring for hanseatane. Hollendarane hadde Burgunderhertugane si makt i ryggen, og kjempa mot hanseatane sitt tollvern og monopolpolitikken dei førde. På grunn av at Austersjøen var stengd av fleire gongen, trengde dei trefattige nederlanda tilførsel av trelast annanstads frå. Då var Noreg eit sjølvstøtt val på grunn av den geografiske nærleiken. Bugge peiker på at Europa tek til å verte ein økonomisk heilskap, og at dette merkast heilt til Noreg.²¹ Hollendarane og hanseatane låg i lengre tid i konflikt med kvarandre, og det vart til og med open krig mellom dei ved to høve (1438-41 og 1471-79). Hovudskilnaden på skipsfarten deira var at skipa til hanseatane høyrde heime, og handla i alle dei nokså store byane i Mellom-Europa. Nederlendarane derimot, ville ha varene billegast mogleg, gjekk gjerne rett på produsenten og handla då på mindre stadar. Dette slo òg

¹⁵ Daae:10

¹⁶ Daae:9

¹⁷ Bugge 1:244

¹⁸ Ersland og Sandvik:179

¹⁹ Bugge 1:246

²⁰ Bugge 1:304

²¹ Bugge 1:239

ut i Noreg, der nederlendarane helst gjekk rett på ladestadane langs kysten.²² Bugge skriv at under kong Hans og kong Kristian 2. vart hanseatane si makt svekka, og ved enden av grevefeiden (1533-37) var ikkje Hansaveldet lenger ei stormakt i Nord-Europa. Nederlanda greip sjansen og vart den viktigaste sjøfartsmakta i Europa til trass for den pågåande langvarige krigen med Spania.²³ På slutten av 1500-talet utførde likevel Hanseatane mesteparten av trelasten frå Bergen. Grunnen til dette er at det franske Baye-saltet som nederlendarane frakta, no vart utkonkurrert av spanjolane og deira salt, og dei ville gjerne kjøpe både fisk og trelast gjennom hanseatane.²⁴

I boka "Hanseatene og Norges nedgang" skriv Johan Schreiner avslutningsvis om Lübeck og hanseatane sin nedgang. Schreiner peikar på at sildestimane i Øresund vart stadig mindre i løpet av 1400-talet, samstundes som nederlendarane slo seg opp på Nordsjø-fisket etter sild. Frå å vere ein sildeeksportør måtte hanseatane no importere sild til Austersjø-området. Den andre viktige eksportvara til Lübeck, salt frå gruvene i Lüneburg, vart utkonkurrert av fransk Baye-salt, som var utvunne av saltvatn og mykje billigare. Det at handelssenteret vart flytta lenger vest, gjorde at hanseatane måtte finne ein måte å halde på makta. Ved å ha kontrollen over Øresund kunne dei kontrollere Austersjø-handelen, men ved freden i Speier i 1544 mellom Karl 5. av Nederland og kong Kristian 3. av Danmark var det slutt på dette. Nederlendarane kunne no uhindra segle på Austersjøen, hanseatane hadde tapt. Det einaste heiderlege unntaket på hanseatane si makt var i Noreg, og spesielt i Bergen. Her heldt hanseatane framleis sin framtrekande posisjon i hevd. I skatteåret 1577-78 sto dei for 74% av all innførsel av mjøl og 97% av all malt til byen.²⁵

Johan Schreiner tek i boka "Hanseatene og Noreg" (1941) eit oppgjær med tidlegare forskning om emnet og ser spesielt på grunnane til at hanseatane mister sin særstilling. Schreiner meiner at det på den tida var ei merkeleg semje om årsakene til hansaveldets tilbakegang.²⁶ Han meiner at dette synet har mykje å gjere med dansken C. F. Allen sitt verk frå 1860-åra, "De tre nordiske Rigers Historie". I dette verket hevder Allen at hanseatane si maktstilling vart rokka under kong Hans (1483-1513), som braut fullstendig med den ettergivande politikken kong Kristian I (1450-1481) hadde ført overfor hanseatane. På grunn av rettane engelskmenn

²² Bugge 1:267

²³ Bugge 2:9

²⁴ Bugge 2:188

²⁵ Schreiner 1935:180-191

²⁶ Schreiner 1941:7

og nederlendarar oppnådde i 1490, hadde ikkje tyskarane lenger noko einerådig handelsdøme i Norden.²⁷ Allen si framstilling rekk berre fram til 1530, men skulle få ei særstilling i seinare forskning. Schreiner grunnar dette i at forskarane som kom etter Allen her i landet, nyttar stort sett eit felles kjeldegrunnlag, som han meiner er altfor spinkelt og tilfeldig for åra etter 1530.²⁸

Schreiner sjølv skreiv at rundt år 1500 veks det norske borgarskap fram til å verte ein viktig faktor i byane, og særleg då hertug Kristian (Kristian 2.) var visekonge i landet. Kong Hans sin strenge politikk mot hanseatane i Noreg vart ikkje førd for å verne det norske borgarskapet, meiner Schreiner, den var meir retta mot hansabyane generelt. Ein gjennomtenkt handelspolitikk finn me korkje under kong Hans eller Kristian 2, hanseatane sine rettar var knytt til det svenske spørsmål som Schreiner kallar det. Kongane hadde planar om å invadere Sverige, og for å klare dette måtte dei få til ein avtale med hanseatane, der dei lova å ikkje levere varer til Sverige så lenge krigen varte. Johan Schreiner meiner likevel, som dei før han, at vendepunktet for Hanseatane i Noreg er ved freden i Speyer i 1544, der spesielt Lübeck opplevde eit handelspolitisk nederlag. No hadde det danske riksrådet ryggen fri, og var ikkje lenger trua av hanseatane.²⁹ Dette gjorde at Kristian 3. no kunne forhandle med hanseatane på nye premiss, der kongen hadde meir makt med seg inn forhandlingane.

1.3.1.2 Historikarar etter 1950

Svein Ivar Langhelle skriv at i eit brev frå kongen til lensmennene langs kysten frå 1547, måtte dei forhindre skottane i å handle med ”piratgodset” sitt på vestlandskysten.³⁰ Det faktum at eit slikt brev vert sendt ut, viser at skottane allereie har komme til området for å drive handel, og det var trelast dei var interesserte i. Etter mange klagar på forbodet mot å eksportere trelast, vart dette oppheva i 1564, noko som tydeleg viser at det vart ein avsetjingsmarknad for norsk trelast – ikkje berre produksjon til eige bruk.

Arnvid Lillehammer skriv at når Stavanger fekk by-privilegia sine 1579, skulle all handel i området gå gjennom borgarane i byen. Likevel ser me at dette ikkje gjeld handelen av trelast, då det aller meste av dette var direkte handel mellom produsent og utanlandske skipparar.

²⁷ Schreiner 1941:7

²⁸ Schreiner 1941:12

²⁹ Schreiner 1941:161

³⁰ Langhelle 1999:26

Dette varte fram til 1717 då ein kongeleg resolusjon forbaud skottar å handle direkte med bøndene.³¹

I Samlaget si norske historie 1300-1625, skreiv Geir Atle Ersland og Hilde Sandvik kort om kvifor hansamonopolet raknar. Som andre før, hevdar dei at tyngdepunktet for handelen flytta seg lenger vest, mot Nederlanda og England, og at hansaen fekk konkurranse om pengeutlån og den livsviktige kornhandelen frå Austersjøen. I tillegg oppheva statane rundt Austersjøen og Nordsjøen hansaen sine monopol, samstundes som intern splitting førde til at dei ikkje lenger sto fram samla på same måten som før. Lübeck miste òg si framtrudande rolle som omlastingby mellom Nordsjøen og Austersjøen, då skip blant anna frå Nederland seglde gjennom Øresund og utom byen. Som eit siste poeng om nedgongen, skriv dei at Lübeck fekk problem med avsetnad for salt frå gruvene i Lüneburg, då Baye-salt frå Frankrike frakta nordover av nederlendarane tok over mykje av denne marknaden.³²

I 1580 vart turrfiskmonopolet til hanseatane i Bergen oppheva, og både borgarar frå Bergen og Trondheim gjekk inn i handelen. Sidan 1559 hadde tyske handverkarar anten måtte ta norsk borgarskap, eller flytte frå byen. Dette førde til at mange tyskarar no etablerte seg i Bergen, men no var det ikkje Lübeck som var viktigaste byen, Bremen tok over denne rolla. Politikken deira ovanfor dei norske borgarane var at desse òg kunne kjøpe korn og verte utreiarar.³³

1.3.1.3 Kva skil dei to generasjonane i synet på hanseatane sin nedgong?

I sjølve ”førkrigsgenerasjonen” kan ein snakke om ei splitting, og ”etterkrigsgenerasjonen” bygg stort sett synspunkta sine vidare på desse. Ludvig Daae skriv om at konflikten med nederlendarane førde til hanseatane sin nedgong, medan Alexander Bugge òg peikar på at hanseatane si manglande interesse for norsk tømmer. Dette førde igjen til at skottar og hollendarar fekk eit sterkt grep om denne handelen og ein fot innanfor den norske marknaden. Johan Schreiner vektlegg særleg to aspekt som sentrale i hanseatane (lübeckarane) sin nedgong: nedgong i sildefisket ved Skåne, og minkande etterspurnad for saltet frå gruvene i Lüneburg. Med freden i Speier kan nederlendarane segle fritt gjennom Øresund, og hanseatane si makt er endeleg knekt. Her ser me at Bugge fokuserer, som naturleg er, på

³¹ Lillehammer 1999:7-8

³² Ersland og Sandvik:178-179

³³ Ersland og Sandvik:179

tømmeret og tilhøve i handelen på Noreg. På den andre sida ser Daae og Schreiner vidare på det, og skriv at grunnane til nedgongen var å finne i hansaen si svekka makt regionalt. Av desse to er det Schreiner som går klart djupast inn på emnet, og seinare historikarar er prega av denne forskinga. Slik sett er det meir skilnad i den første ”generasjonen” enn mellom dei to ”generasjonane”.

1.3.2 Marknaddelinga – skottar og hollendarar

Det er ikkje tvil om at det var hollendarar og skottar som var dei største utskiparane av trelast i denne perioden, men kvar kom dei frå? Dei skotske skipa kom i all hovudsak frå austkysten, frå området sør om Firth of Forth, fjorden som går inn til Edinburgh, til og med Shetland.³⁴ Av dei nederlandske finn me at veldig mange er heimehøyrande i byar rundt Ijseelmer, og då særleg i den vestlege delen der Hansaforbundet ikkje hadde stått så sterkt. Byar som Enkhuizen, Hoorn, Edam og Amsterdam er alle sentrale, i Hoorn på midten av 1600-talet var 98% av importen trelast.³⁵ Under dette punktet er det ikkje so stor usemje mellom generasjonane, som når det gjeld hanseatane sin nedgong, men eg tek for meg likevel historikarane i kronologisk rekkjefølgje for å få ein betre struktur på oppgåva.

Når det gjeld tilhøva i desse to landa som dominerte trelasthandelen på vestlandet, er det interessant å sjå på det politiske bakteppet. For Nederland sin del var landet nett blitt uavhengig frå Spania, i 1581, då republikken Dei Sameina Nederlanda vart danna. Likevel vart det ikkje våpenkvile før i 1609, og først i 1621 anerkjende den spanske kongen landet.³⁶ For Skottland sin del var landet uavhengig; sjølv om Jakob 6 (Jakob 1 av England og Skottland) i 1603 vart kongen over både Skottland og England, var dette ein rein personalunion mellom landa. Ikkje før i 1707 vart Storbritannia ein realitet. Noko som er verdt å merke seg, er at begge desse to landa skutene kom frå for å kjøpe trelast, var protestantiske med eit stort innslag av kalvinistar.

1.3.2.1 Historikarar før 1950 om marknaddelinga

Ludvig Daae skriv at trelasthandelen skilde seg frå fiskehandelen på fleire område. Fiskehandelen var i all hovudsak konsentrert i Bergen, grunnen til dette var at hanseatane av all si makt ville ha den samla i ein stor hovudmarknad.³⁷ Trelasthandelen var av natur stadbunden og kunne drivast der det var skog og ei hamn, og på denne måten kom

³⁴ Smout 1999:

³⁵ Kontakten mellom Agder og Holland på 1600- og 1700-tallet:8

³⁶ Verdens Historie:289-90

³⁷ Daae:10

hollendarane på ein heilt annan måte i kontakt med kystbefolkninga enn det hanseatane hadde gjort.³⁸ No er Daae sitt hovudfokus på utvandringa frå Noreg, og med dette argumentet viser han kvifor det var til Nederland hovudstraumen av nordmenn fór. Nederlendarane fann ein nasjon som ikkje kunne reknast som ein sjøfartsnasjon, men eit folk med salt i blodet og sterke lokale og historiske maritime tradisjonar.

Som nemnd skriv Alexander Bugge at trelast ikkje var det hanseatane brydde seg mest om på Vestlandet, men tre var på denne tida ei vare med stor etterspørsel, so det var andre som sto i kø for å sikre seg trelasta. Skottar og nederlendarar var dei to største aktørane, men òg frisarar (i dag nordaustlege Nederland og nordvestlege Tyskland) spela ei rolle i denne handelen.

1.3.2.2 Historikarar etter 1950 om marknaddelinga

Arnvid Lillehammer skriv at når det gjeld Ryfylke, er tendensen at det kjem flest skotske skip til området. I 1567 kom det 38 skip til distriktet, av dei 28 skotske. Fram mot 1600 var det ein kraftig auke i talet på skip, og i skatteåret 1602-03 finn me 104 utanlandske skip. Frå dette året og fram til 1647-48 kjem ikkje talet under 1567-nivået, berre tre av åra kom det færre enn 70 skip. Skottane hadde frå 1610 meir enn 50% av skipa og trenden viser ein prosentvis auke av totalen. Med nederlandske skip er trenden motsatt, og desse forsvinn nesten heilt etter 1635. Skipa til skottane hadde ei gjennomsnittvekt på mellom 10 og 14 lester (20 og 28 tonn), medan dei nederlandske skipa sjeldan hadde ei snittvekt under 20 lester (40 tonn).³⁹ Sjølv om desse tala nok er altfor låge på grunn av tollsvik, kan verdiane mellom dei to nasjonalitetane samanliknast. Ved å samanlikne fem tilfeldig valde år i første halvdel av 1600-talet, har Lillehammer sett på kva dei ulike nasjonane var interesserte i av trelast. Skottane var mykje mindre interessert i bjørkeved enn skipa frå kontinentet, noko Lillehammer kanskje trur har å gjere med god tilgong på kol og torv til brensel i heimlandet. Veden skottane tok med seg var først og fremst for å fylle opp lasteromet. Når ein derimot ser på talet for tønningar, skipa skottane ut meir enn 50% av dette produktet i alle dei fem åra. Frå Ryfylke skipa skottane i all hovudsak ut bjelkar og som før nemnd bandstakar (tønningar); nederlendarane var for det meste interesserte i skorne bord – i alle høve frå Ryfylke.⁴⁰

³⁸ Daae:10

³⁹ Lillehammer 1999:16

⁴⁰ Kontakten mellom Agder og Holland på 1600- og 1700-tallet:17

I Ryfylke var det skilnad på kva skottar og nederlendarar nytta som betaling for trelast, ifølgje Svein Ivar Langhelle. Skottane betalte sjeldan med ”pengar”. I 1602-06 var det 25% av dei skotske skipa som gjorde dette, mest truleg på grunn av den merkantilistiske politikken Skottland førte på denne tida. Derimot var malt den vanlegaste byttevara frå skottane, men andre varer som korn, mjøl, brød, belgfrukter, brandy, salt og sild finn me òg i listene. Kornet var rug, bygg og kveite, som var kjærkomne varer i eit område med 90% havredyrking. Nederlendarane importerte brandy, malt, humle, korn, brød og ost, og i tillegg betalte dei oftast ein del av lasta med pengar.⁴¹

Som ein kan sjå frå førre avsnitt, var det ikkje veldig store variasjonar mellom kva varer som vart innførde med skotske og nederlandske skip. Ein viktig grunn til dette er at mange av dei skotske skipa ikkje kom direkte frå Skottland, men hadde vore innom ei eller fleire andre hamner før dei kom til Noreg. T.C. Smout skriv at det vanlegaste var ein trekanthandel der dei skotske skipa fór frå Firth of Forth om våren med kol, klede, skinn eller bere (gamal form for bygg) til Rotterdam, for så å laste om med nederlandske produkt eller bruke pengane til å kjøpe trelast i Noreg. Eit godt eksempel på dette er tal frå Prestonpans, ved Edinburgh og sør til grensa med England. I åra 1680-83 vart det sendt ut 208 skipslastar frå området, berre sju av dei skulle direkte til Noreg, og av desse var berre tre skotske som var lasta med bygg eller malt. Frå Noreg kom det derimot store mengder trelast, så skipa må ha drive handel med andre område før dei for til Noreg.⁴²

Øystein Rian tek òg for seg trelastnæringa i Aschehoug si Norgeshistorie. Her skriv han at i perioden 1625-50 kom aldri nederlandske anløp for å hente trelast i Austersjø-området over 25 % av talet på anløp i Noreg.⁴³ I landet sett under eitt, sto nederlendarane for utskipinga av 4/6 av trelasten, engelskmenn og skottar 1/6, medan den siste 1/6 vart skipa ut av tyskarar, danskar og nordmenn. Den årlege utførselen var i perioden 1600-60 på om lag 240 000 lester, nær 750 000 kubikkmeter.⁴⁴

1.4 Teori

Her var eg tenkt å finne teoriar som såg på tilfelle der eit førindustrielt folk overutnyttar ein naturressurs, slik som på Sunnmøre på midten av 1600-talet. Eg ville sjå ein slik teori i lya av

⁴¹ Langhelle 1999:28

⁴² Smout 1999:42-44

⁴³ Rian: 187

⁴⁴ Rian: 188

at dette skjedde anten ved innføring av ein ny teknologi, at det vert oppretta nye handelsruter, eller at begge delane gjorde seg gjeldande. Eg har ikkje funne noko som kan relaterast til dette. Det næraste eksempelet eg har kome opp med er Påskeøya, som var eit fungerande samfunn med 3-4000 innbyggjarar når nederlendaren J. Roggenveen kom dit påskedag 1722. 150 år seinare, i 1872, var der rundt 175 innbyggjarar. Ein av grunnane til dette var at den økologiske bæreevna vart pressa, slik at palmeskogane vart uttømde. Dette tok vekk grunnlaget for å lage båtar og å skaffe brensel, og var ei katastrofe for øya. So langt kan dette kanskje relaterast til Sunnmøre på 1600-talet. Men i motsetnad slapp sunnmøringane unne nye europeiske sjukdomar, utvandring til sukkerplantasjar på Haiti og slavejegarar frå Peru, slik som folket på Påskeøya vart utsett for.⁴⁵

Noko som derimot er sentralt for denne oppgåva, er sentrum-periferi-modellen. Sunnmøre låg i periferien til både Bergen og Trondheim. Sjølv om Bergen stort sett var den viktigaste byen for sunnmøringane på 1600-talet, må me ikkje gløyme at på slutten av 1500-talet låg Sunnmøre under Trondhjem len nokre år. Med Bergen som sentrum vart Sunnmøre påverka på mange plan: politikk, økonomi og religion var alle område som Bergen kontrollerte.⁴⁶ Stein Ugelvik Larsen har argumentert med at Sunnmøre låg ”i balansepunktet”, altså i ein overlappande circumferens til både Trondheim og Bergen. Her fekk Sunnmøre, og til ein viss grad Romsdal, impulsar frå begge byane. Stad og Hustadvika var ytterpunkta for dette ”balansepunktet”, og desse fungerte som barrierer mot sør og nord. Desse er frykta havområde òg i våre tider, og dei var nok ikkje mindre frykta på 1600-talet. Men både Bergen og Trondheim ville unngå at Borgund vart by, for då ville dei miste mykje av makta si i desse områda.

Sidan denne oppgåva tek utgangspunkt i handel, kjem me ikkje unna økonomisk teori. Sunnmøre låg relativt dårleg til for nederlendarar, skottar og andre nasjonalitetar i høve til andre delar av landet med skog, som til dømes Ryfylke, Agder og Austlandet. Korleis kunne Sunnmøre konkurrere med desse? Det viser seg at futedømet ikkje hadde hatt noko særleg handelsamkvem med utlandet før trelasteksporten byrja å ta seg opp, etter innføringa av vassaga. Før denne nye teknologien vart teken i bruk, var rundtømmer, tilhogne bjelkar og hoggenbord dei viktigaste eksportvarene når det gjaldt trelast.⁴⁷ Nederlendarane innførte mykje rundtømmer, som dei sjølve skar på vindsagene sine. Desse vart drivne med same

⁴⁵ Aschehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon, bind 12, 1998

⁴⁶ I Balansepunktet 1994, 1994:489

⁴⁷ Hoggenbord er ein tømmerstokk kløyvd i to og tilhogge som bord

teknologi som vassagene, det var stort sett berre energikjelda som naturleg nok var endra. Slike varer, då særleg rundtømmer, er nærast å rekne som råvarer, og profitten av desse var låg i høve til meir foredla varer. Sidane desse varene gav ein låg profitt, burde kjøpmennene reise kortast mogleg for å spare pengar på frakta. Uforedla varer som rundtømmer, er ikkje nemnde i dei kjeldene eg har jobba med som tek for seg Sunnmøre. Når vassaga vart innført, kunne ein derimot foredle råvarene vidare, og på denne måten gjere seg interessant for utanlandske oppkjøparar. Som me skal sjå, so fekk ein berre to bord av ein stokk når ein laga hoggenbord; med vassaga var det vanleg med åtte bord per stokk. Vassaga revolusjonerte trelastnæringa her i landet. Med høge prisar og god profitt på dette foredla produktet kunne Sunnmøre no konkurrere på lik linje med andre.

Når eit område ikkje har hatt noko særleg kultur for samkvem med utanlandske kjøpmenn, kan det oppstå utfordringar. På grunn av avstanden til mottakarlanda for trelast, samt hanseatane sitt jarngrep om Bergen, hadde det ikkje vore mykje utanlandske skip på Sunnmøre før trelasttida tok til. Andre område, som Ryfylke og Sunnhordland, hadde i lang tid før 1600 hatt kontakt og drive handel med både skottar og nederlendarar. Med dette i bakhovudet må ein tenke på korleis eit nytt element som handel påverka sunnmørsamfunnet. Noko som er klart er at det nok ikkje hadde vore normer knytta til store inntekter i tida før trelastskipa kom. Sjølv sagt var det rike folk på Sunnmøre òg for 400 år sidan, men pengane låg då i dei ytre strøk, med fisken som næringsgrunnlag. Når no dei midtre og indre strøk fekk ei uventa inntektskjelde, måtte dette ha ført til omveltingar og til dels mykje oppstanding i bygdelaga i dei delane av Sunnmøre som fekk oppleve godene av trelastepoken. Enkelte brukte kanskje den nye rikdomen sin over styr, medan andre, investerte pengane og tok borgarskap i Bergen.

1.5 Oppbygginga av oppgåva

Med utgangspunkt i dei to hypotesane vil eg gå gjennom og analysere ulike aspekt knytt til trelastnæringa på Sunnmøre på 1600-talet. Først vil eg vise til kva som er skriva i litteraturen om dette emnet og sjå på kva delar av dette emnet historikarane er ueinige om. Deretter skal eg vise kva kjelder eg har brukt i oppgåva. I hovuddelen tek eg for meg dei ulike elementa i trelasthandelen, frå ressursen og lovverket som regulerer denne næringa, via produksjonen til aktørane, distribusjonen og til slutt følgjene av dette. Mot slutten av oppgåva kjem ein diskusjonsdel der eg skal knyte hypotesane opp mot det eg har funne ut gjennom arbeidet med

oppgåva og sjå om desse står ved lag. I tillegg har eg i denne delen vald å setje Sunnmøre inn i ein større samanheng og samanlikne med andre delar av Vestlandet, for å få ei komparativ analyse av eigedomstilhøva.

2 Bakgrunn

Kva var det som gjorde skogen så viktig? I dag kan det vere vanskeleg å tenkje seg kor viktig skogressursane var i kvardagen for våre forfedrar og –mødre. Jordbruket trong både lauv og skav som vinterfôr til husdyra, og gjerdetilfang, reiskapar og skaft fekk dei òg frå skogen. Tømmer til bygging av bustadhus og gardsbygningar, naust og båt fekk dei frå skogen, likeeins never til takteking. Trekol til utvinning av myrmalm for å få jarn til reiskap og våpen kom sjølvstekt frå skogen, likeeins bork til garving av skinn. Ved måtte ein ha til å varme opp hus, lage mat, bade og turke korn og malt. Salt var uerstatteleg, og i sagatida vart det ikkje importert salt til landet, folk produserte det då sjølve. Både buskap og folk trong salt til å kunne lagre kjøt og fisk gjennom store delar av året. Ved å anten brenne svartsalt av tare til buskapen, eller å koke sjøvatn i ein saltkjel som sto under tak, fekk ein det ønska produktet. Det seier seg sjølv at ein trong store mengder ved for å få store mengder vatn til å fordampe. I tillegg til alle desse sentrale bruksområda for skogen, har ein òg tjøre, som ein laga ved å varme opp gamal furuved (gjerne røter). Dette var det viktigaste impregneringsmiddelet blant anna for båtar. Oppsummert kan ein seie at skogbruket var eit sjølvbergingshushald.⁴⁸

Stein Tveite har peika på at det har vore ei førestilling om at det var nok skog til alle gjennom mellomalderen i Noreg. Han skriv at det finnest få eller ingen allmenningar på Vestlandet, Agder og i sjøbygdene, og dette er eit teikn på at det skorta med skog desse plassane. Vidare illustrerer han dette med at skogen har fått rotverde so tidleg som kring 1100 i ytre strok.⁴⁹ Dei fleste brev om skogkonfliktar gjaldt ytre strok og ikkje dei store skogbygdene i innlandet.⁵⁰ Samstundes ser me i Magnus Lagabøter si landslov at hogst i annan mann sin skog, vert straffa med landnam.

2.1 Korleis var utviklinga av trelasthandelen langs kysten?

Eg vil sjå om eg kan finne ei slags bølgerørsle, eller meir ein øydeleggjande tsunami, i samband med trelasthandelen på Vestlandet. Dette for å finne ut til kva tid ein finn aktivitet i dei ulike regionane.

⁴⁸ Skogbrukshistoria bind 3:17

⁴⁹ Rotverde = at skogområde hadde verdi i seg sjølve.

⁵⁰ Skogbruksboka bind 3:18

2.1.1 Analyse av litteraturen

Eg har valt å sette opp informasjon om dei ulike regionane i tabellform, for å gjere det lettare å danne seg eit bilete av framveksten til trelasthandelen langs kysten. Ein slik tabell kan vere eit godt hjelpemiddel, men ein kan sjølvsagt ikkje sjå seg blind på han. Dei ulike åra er basert på materiale frå litteraturen, og dei kjem frå forskjellige forfattarar, som kan føre til at tala kan vere unøyaktige.

0-1: Utviklinga av trelasteksporten langs kysten frå Agder til Nord-Trøndelag

Periodar	Start	Oppgangstid	Topp	Nedgang	Avslutta
Agder	1528	1595-1620	-1680	1680-17?	ikkje avslutta?
Ryfylke	før 1554	1560?	1610-30	1630-40	1685
Sunnhordland	1521	1563-		1675-1694	ca.1750
Bergen	1518	Seint 1500-tal	1600-	Etter 1700	Etter 1700
Sunnmøre	Midt 1500-tal	1606-1612	1613-1621	1622-163?	1647
Romsdal	1589	1604-13	1620?-16?	1670-1689	1692
Nordmøre	Slutten av 1500-talet	1613-1629	1630-1685	1689-1700	Etter 1700
Trondheim	Seint 1500-tal		1660?-1688	1689-	Etter 1700
Nord-Trøndelag	1660	1670	1700		ikkje avslutta?

Forklaring av tabellen under 2.1.1.1. Kjelder til tabellen ligg som vedlegg.

For enkelte av regionane var det uråd å finne detaljerte opplysningar om trelastutførsel, særleg gjeld dette området mellom Bergen og Stadt. Slik eg ser det, er det fleire grunnar til dette. Nordhordland, Ytre Sogn og Ytre Sunnfjord er alle område utan gode naturgitte faktorar for gode skogar. Her er vêrhardt, vått og mykje snaufjell, likevel har her òg vore drive skogbruk. Nordfjord har tradisjonelt vore eit av dei beste områda for trevirke på Vestlandet, og Kaupanger i Sogn hadde fin furuskog, likevel vart aldri eksport av trelast ei like stor næring her som nordom Stad.⁵¹ Hovudgrunnen til at desse distrikta ikkje er med i tabellen, er Bergen si viktige rolle i regionen. Alt som vart skore av bord i Nordhordland, Sogn, Fjordane og Sunnmøre skulle sendast til Bergen for å verte seld der, eller so skulle borgarane frå byen sjølve kome og kjøpe det.⁵² Likevel skal me sjå at Sunnmøre kjem frå denne plikta etterkvart, i motsetnad til regionane sør for Stadt som stort sett sende trelasta til Bergen. Utlendingane hadde ikkje lov til å segle nord om Bergen etter Eirik Magnusson sitt fribrev til Hanseatane frå 1294, men etter freden i Speier i 1544 meinte nederlendarane at denne retten var oppheva. Likevel tok det lang tid før dette vart realisert frå nederlendarane si side. Den første reisa me

⁵¹ Bugge 2, 1925:333

⁵² Bugge 2, 1925:178

høyrrer om i litteraturen, er i 1589 då to hollandske skipperar fremjar ei sak for domstolen i Harleem angående ei reise til ”noorwegen jn roemsdall benoorden Bergen”.⁵³

2.1.1.1 Geografisk inndeling og forklaring

Den geografiske inndelinga i tabellen er på grunn av at kjeldene litteraturen er bygde på, ofte er tollister frå dei ulike futedømma. Desse er identiske med dei regionane i tabellen, med unntaket Nord-Trøndeleg som av praktiske grunnar er ei samanslåing av lena Fosen og Namdal. Desse inndelinga er gjort med kart eg har funne hjå Arnved Nedkvitne.⁵⁴ Med ”Start” har eg ville funne fram til kva tid ein for første gong høyrrer om utførsel av ”foredla” (maskinelt oppskore) trelast frå regionen. ”Oppgangstid” er den perioden då trelastnæringa slær seg opp og er tydeleg i talet på sager i regionen og utførsel av trelast. I kategorien ”Topp” er den perioden(ane) då det vert skore/ført ut mest trelast, og med ”Nedgong” den perioden då det vert færre sager og mindre produksjon/utførsel. Den siste kolonna, ”Avslutta”, viser til det siste året eg har funne for utførsel av trelast for regionen. Sjølv om produksjonen av trelast for eksport vert avslutta, kan det i forskjellige område vere produksjon til eige og lokalt bruk. Men på grunn av at eksporten i all hovudsak no er avslutta, har kategorien fått dette namnet.

2.1.1.2 Utarming av skogen?

Det kan vere vanskeleg å finne ut nøyaktig kva tid skogane var utarma, men viss ein går inn og ser på fleire historikarar, kan ein finne visse indikasjonar på kvar det ikkje er meir skog att. For eksempel finn me ein tabell hjå Nedkvitne som viser kva attåttnæringar bøndene på Vestlandet hadde i 1723, basert på matrikkelen same året. Tabellen viser tydeleg kva område som har drivverdig skog. Av dei 12 skipreidene på Sunnmøre er det ingen som har skogbruk som attåttnæring, medan tre av desse (Borgund 7%, Grytten 14% og Valle 19%) har tjøre som biinntekt. Av dette kan ein tolke at den tilgjengeleg skogen rett og slett var borte, tjøre vart oftast laga frå røter, og då særleg fururøter, som nok låg att i grunnen etter hogsten og frå endå eldre tider. På Nordmøre finn me om lag same mønsteret i dei skipreidene som er med; skogbruk ligg mellom 1-2% av inntektene i dei tre av fire skipreidene med skogbruk, men inga tjøre. I Sogn og Fjordane ligg inntektene frå skogsdrift mellom 0-6% og tjøre mellom 0-27%. I Hordaland er det litt meir varierende, her finn me tre skipreider med over 15% av inntektene frå skogen (Strandebarm 29%, Gulen/Masfjord 43% og Skånevik 60%). Resten av skipreidene som er med i tabellen, har under 15%, og enkelte har 0% (av desse finn me

⁵³ Bugge 2, 1925:201

⁵⁴ Nedkvitne, 1988:673-678

dagens Bømlo, Fitjar/Austevoll, Fedje, Stord og Kinsarvik). Heller ikkje i Hordaland finn me noko tjøre som attåtnering.⁵⁵ I 1753 vart tollstasjonen i Eldøyvågen på Stord nedlagd. Han vart oppretta slik at utlendingane som kom til Hardanger og Sunnhordland, slapp å segle innom Bergen for å betale toll. Dette er eit teikn på at Hordaland òg vart så godt som utarma for drivverdig skog.⁵⁶

2.2 Geografien på Sunnmøre – transport og skogutbreiing.

2.2.1 1600- og 1700-talet



På biletet har eg prøvd å få inn alle sagene som var på Sunnmøre på 1600-talet. Kvar prikk representerer ei sag. Som me ser, er det ganske god spreing på sagene, men det er likevel to hovudområde som skil seg ut: midtre Storfjord og Volda. Grunnen til dette er ganske grei, for det var her det var drivverdig skog. På kartet er dei mørke partia bratte fjellsider og høge fjell, men i dei områda med flest sager, er det flatare og betre tilhøve for skogbruk.

⁵⁵ Nedkvitne, 1988:665

⁵⁶ Kulturhistorisk Vegbok for Hordaland:435

I 1596 kom forordninga som slo fast at ein skulle betale 2 dalar for kvar flaumsag og tiende av skurden. Då trelasthandelen skaut fart frå 1600 og utover, var relativt store delar av midtre og indre Sunnmøre skogkledde. Boka "Norriges Beskrivelse" vart utgitt i 1613 av Peder Claussøn Friis, og han skriv følgande om Sunnmøre: "; der bygger mand de sciøne Sundmørs Baade, fordi der ere sciøne Furescoufue oc gode Træ."⁵⁷

Sagene på Sunnmøre låg hovudsakleg i dei midtre og indre delane av Sunnmøre; Volda, Ørsta, Hjørundfjord, Borgund, Valle og Dale. I dei ytre delane med skipreida Vanylven, Rovde, Nærøy, Ulstein, Gryta og Vatne var det særst få flomsager. Dei to unntaka her er i Tennfjorden i Gryta og Vatne i Vatne. På den sistnemnde staden skriv Strøm: "*men af Fyrre findes nu omstunder slet intet, uagtet den tilforn siges at have voxet her i Overflødighed.*"

Dette tolkar eg på den måten at dei ytre delane stort sett ikkje hadde nok skog til at det var hensiktsmessig å ha flaumsager, for det er store nok elvar mange stadar. So viktig som fisken har vore for sunnmøringane gjennom historia, må desse områda ha fått kjøpt trelast eller båtar frå dei indre delane. Sjøen var hovudtransportåre for sunnmøringane på 1600-talet og i lang tid framover. Sagene der skogen var, tømmer var ei relativt stasjonær vare på Sunnmøre.

I Sunnlyven er det heller ikkje mange sager, men her er det andre faktorar som spelar inn. Heilt til våre dagar er det restar av skog i dette område som overlevde trelasttida på 1600-talet.⁵⁸ Eg meiner at grunnen til dette er at delar av skogen har lege så ulendt til at den ikkje var drivverdig på 1600-talet, sjølv når andre plassar var snauhogd. Denne delen av Sunnmøre er prega av fjordar med bratte fjellsider på alle kantar, jamfør Geiranger. Det einaste område med flateareal nok til å ha noko særleg skog, er frå Hellesylt og dalane innover og oppover mot fylkesgrensa til Hornindalen og Stryn i Nordfjord, i desse dalane finn me dei einaste to sagene som er nemnde i dette området.

På hausttinget i 1717 fekk ålmugen i Valle spørsmål om korleis skogen var stelt på desse kantane av landet. Svaret som kom var: "*Her i skibredet har det været nogen skov paa en del steder som er næsten udhugget, men dog tegner det sig endnu paa nogen faa jorder med ny vækst av furuskov, og sagde almuen at dersom den bliver spart og fredet, kan den med tiden være til god hjælp.*"⁵⁹

⁵⁷ Friis: 343

⁵⁸ UT I NATUREN, NRK P1, 2007

⁵⁹ Kjøllås:97

Hans Strøm som på 1760-talet gav ut "Beskrivelse over Fogderiet Søndmør" i 2 band, skriv som nemnd i innleiinga at ikkje noko distrikt nordafjells har så lite fureskog, bortsett frå Finnmark. Men heilt tømnd for skog er ikkje futedømet: "Endnu findes vel i visse Bygdelave saa meget deraf, som kan tiene til Beboernes og de nærmeste Naboers Fornødenhed; men det meste Fyrre-Tømmer maa dog hentes fra Naboe-Fogderiet **Romsdalen**." ⁶⁰ Desse unntaka han skriv om, finn me blant anna i Skodje: "I dette Bygdelav falder overalt en behagelig Situation, item skiøn Fyrre-Skov..." Særleg nemner han garden Solnør, som var ein del av Giskegodset fram til midten av 1600-talet: "**Solnør** (...) ligger (...) i Mundingen af den saa kaldte **Solnørdal**, en Dal, som for nærværende Tid eier noget nær den beste Fyrre-Skov paa heele **Søndmør**. (...) Fyrre-Skoven ligger mestendeel til Gaarden **Solnør**, hvis Eiere og Beboere bestandig have sparet den og holdt den i god Hævd. Foruden er godt Saug-Verk eller Sav-Mølle, som drives ved den igiennem Dalen flydende Elv, hører endnu til denne Gaard."⁶¹

Solnør var på 1760-talet framleis sentral på Sunnmøre. Det var her den første sag var nemnd i 1563, og ho er der framleis i 1661.

2.2.2 I seinare tid

I dagens samfunn der bilen nærast er einerådande som transportmiddel, er det vanskeleg for den oppvaksande slekt å tenkje seg kor einerådande båten var som transportmiddel mellom sunnmørsbygdene og til resten av kysten. Likeeins var det nok uråd for dei som budde på Sunnmøre frå 1650 og eit par hundre år framover, å tenkje seg eit Sunnmøre med "sciøne Furescoufue" og meir fureskog enn noko anna område nordafjells. I våre dagar er det lite skogdrift på Sunnmøre. Med dagens prisar både på arbeid og trelast, ligg sunnmørsskogane stort sett for bratt til for lønsam drift.

I dei beste skogområda på Sunnmøre på 1800-talet, dukka det opp ei ny næring knytt til bruken av skogen. Særleg i det som er Skodje kommune vart det vanleg å drive produksjon av ferdighus. Her hadde dei skog, og vinterstida bygde dei hus som dei selde heile til folk andre stadar. Særleg var det marknad for slikt ute på øyane der det ikkje var skog å ta av.

Som eit apropos til dette kan det nemnast at når oldemora mi kom til Hareid mot slutten av 1800-talet, vart det sagt at det stod eitt tre i bygda. Sjølv om dette truleg er overdrive, er det

⁶⁰ Strøm 1:79

⁶¹ Strøm 2:99-100

eit godt bilete på kor utarma delar av Sunnmøre var på skog i 300 år etter 1640. Heilt fram til våre tider var det torv som var det vanlegaste brenselet ute på øyane ved Sunnmørskysten. Om dei lærte dette av skottane er uklart, men det kunne vore interessant å sjå på seinare.

2.3 Rammene for trelastnæringa – administrasjon og forvaltning

Før me ser på sjølve skogen, sagene og organiseringa av handelen, bør ein vite noko om kva rammeverk folk måtte forhalde seg til på 1600-talet. I heile trelasttida var Sunnmøre eit len, med ein lensherre som hadde fått lenet, anten som løn eller påskjøning. Noko kongen var særst interessert i, var inntektene frå trelasttollen. Me skal òg sjå på korleis tollene var innkrevd, utviklinga av dette, og om tollsatsane vart fylgde.

2.3.1 Lensvesenet

Frå seinmellomalderen og fram til 1662, då embetsstyret vart innført, var lensvesenet det lokale forvaltningssystemet i Noreg. Særleg etter 1536/37 vart den tidlegare ordninga med å få len som eit vederlag for militære tenester mindre viktig, og det administrative vart no vektlagt meir.⁶² Grunnen til dette er i hovudsak at Kristian III no vart konge etter grevefeiden og innførte protestantismen som statsreligion. Etter reformasjonen fekk kongen større makt og rikdom sidan kyrkja no hadde fått redusert makta si, og dei fleste av eigedomane og annan kapital dei hadde, vart konfiskerte.⁶³ I forlenginga av dette vart lensadministreringa endra, og eg skal her sjå på dei ulike forleningsordningane med fokus på Bergenhus len. Den normative sida med dette tek for seg korleis lena vart administrerte med tanke på det økonomiske perspektivet, men først ser eg på den geografiske inndelinga. Hovudgrunnen til dette er å vise at Bergenhus hovudlen varierer både i omfang og organisering, slik at dette kan få konsekvensar for det vidare arbeidet med kjeldene. Vidare er det viktig å hugse på at eit len ikkje sei noko om storleik – for eksempel inneheldt Bergenhus hovudlen fleire andre len som var mykje mindre. Denne administrative inndelinga er viktig for kva kjelder og kva administrativ del av landet ein skal søkje etter opplysningar i vidare.

Bergenhus var eit såkalla hovudlen (også kalla slottslen), og var soleis eit senter for lokalforvaltninga i landsdelen. Lensgrensene var ikkje uforanderlege, og i løpet av den aktuelle perioden var det endringar både i grenseområda til lenet og innanfor Bergenhus hovudlen. I 1560 låg området frå Lista til Romsdalen under Bergenhus, men innanfor dette området var det ulike mindre len som var knytt til og låg geografisk innanfor Bergenhus hovudlen. Blant

⁶² Fladby et al:208

⁶³ Fladby et al:209

desse finn me Mandals (grenseområda her var noko uklare), Lister, Stavanger, Giske, Sunnmøre og Romsdal (også eit grenseområde). Sunnmøre og Giskegodset låg reint administrativt under Trondheim hovudlen i perioden 1586-1597. I tillegg til dei nemnde smålena var det fleire mindre område som kunne forlenast ut i ulike kombinasjonar, for eksempel Sunnhordland, Nordhordland, Hardanger, Voss, Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Desse var eigne forvaltingsområde og forholdet til Bergenhus varierte. I tillegg omfatta Bergenhus hovudlen også Nordlanda (området frå Helgeland og nord til Vardø).⁶⁴

I 1600 er situasjonen noko meir oversiktleg. No var Stavanger og Nordlanda vorte eigne hovudlen, og dei fleste område som er att i lenet, ligg direkte under Bergenhus. Sjølv sagt finst det nokre unntak, for eksempel Hardanger, Halsnøy kloster og Romsdal (under Trondheim 1604-1627).⁶⁵

Etter 1536 var rekneskapslenet den vanlegaste forleningstypen i Noreg, noko som gav sentralmakta større kontroll over lensforvaltinga. I eit rekneskapslen måtte lensherren avlegge rekneskap for alle inntekter i lenet, inkludert lensherren si løn – overskotet gjekk til kongen. Frå 1570/80-åra vart rekneskapslenet erstatta med ”len på avgift og rekneskap,” som eit resultat av at dei administrative oppgåvene hadde auka kraftig dei siste tiåra. Under dette systemet vart lensinntektene delte inn i ”den visse rente” og ”den uvisse rente”. ”Den visse rente” var alle inntekter som var fastlagde summar kvart år, slik som landskuld av krongods og alle gamle skattar, for eksempel leidangen. Av denne summen betalte lensherren ei fast avgift. Viss ein ser på ”Den uvisse rente”, kunne denne variere mykje. Under denne posten finn me sakefall og toll med fleire.⁶⁶ Dei ekstraordinære skattane vart rekna som ei eiga inntektsgruppe. Lensherren var rekneskapspliktig for desse postane, og fekk mindre og mindre av desse inntektene heilt til alle inntektene her gjekk rett til kongen. På denne måten fekk sentralmakta maksimalt utbyte av lena, samstundes som kongen kunne føre kontroll over den lokale finansforvaltinga.⁶⁷

I lensvilkåra (lensbrevet) til Peder Thott, lensherre Bergenhus 1589-1596, vert han forlent lena Sundhordland, Nordhordland, Sunnfjord og Sogn. Han måtte av dette betale 900 dalar, men han fekk kvar tredje dalar av den uvisse renta for si umake (utanom ”told, sise og

⁶⁴ Fladby et al:203-205

⁶⁵ Fladby et al:205

⁶⁶ Sakefall er referat av alle bøter der den domfelde måtte betale det offentleg, f.eks. hor, tjuveri og ærekrenking.

⁶⁷ Fladby et al:209

vrag”)⁶⁸, i tillegg til at han fekk alt mjøl og malt utanlandske skip måtte betalte i toll på slottet.⁶⁹ Allereie i 1593 vart desse vilkåra endra; no skulle han betale 800 dalar årleg av ”den visse rente”, men for 400 dalar per år fekk han behalde alt tiende-korn, smør, lam og annan tiende frå desse lena. For arbeidet med innkrevjinga av ”den uvisse rente,” fekk han ein fjerdedel av inntektene, bortsett frå ”skibstold, anden told, sise og vrag” som skulle rekneskaførast og sendast til kongen.⁷⁰ Når eg ser på denne siste endringa av lensvilkåra, viser det seg at kongen heller vil ha inn pengar enn naturalia – dette kan vere eit teikn på at økonomien vaks, og at overgangen frå naturaliahushald til pengehushald på øvste hald i kongeriket var godt på veg. Elles ser ein her at kongen tok styringa over skipstollen, som no hadde blitt ei særskild viktig inntektskjelde for landet. Då Laurits Kruse tok over som lensherre i 1596, vart vilkåra frå 1593 vidareførde, men som eit apropos, fekk brevvisaren som takk for overbringinga, fylt opp skipet sitt med Danmarksdelar til slottet i København.⁷¹

2.3.2 Tollforvaltning og tollsatsar

I boka ”Det norske tollvesens historie: Fra middelalderen til 1814” teiknar Hans-Jørgen Jørgensen eit bilete over situasjonen knytt til trelasteksporten på 1500-talet. Han peiker på at den veldige ekspansjonen i nederlandsk skipsfart på 1500-talet, samt utstrekt dikebygging skapte et nytt, stort behov for trelast. Nærare enn Noreg kunne dei knapt finne høveleg trelast, men styresmaktene i København såg på dette som ein trussel mot riket, sidan Danmark òg trong trelast til hus- og skipsbygging. I Danmark hadde ein ofte særskild uklare førestillingar om kor store dei norske skogane var, so styresmaktene frykta uthogging og la fleire gongar ned forbod mot utførsel, seinast i generell form i 1562.⁷²

Det var særleg oppgangen i trelasteksporten som gjorde tollene til ei viktig inntektskjelde for kongen på 1500-talet. Trelasttollen var ein utførsletoll som vart utlikna på drektigheita til skipa eller på kva last dei hadde, men som me skal sjå, varierte denne mykje i perioden før 1602. I tillegg kom rorstollen som kvart skip uansett kva last det hadde om bord, måtte betale. Denne tollene kravde eit relativt enkelt kontrollapparat, og i landdistrikta vart ofte denne oppgåva sett bort til futen.

⁶⁸ Sise=aksise, innførselstoll på enkelte forbruksvarer, innkrevd i byen. Vrag=vrakrett, retten til å ta verdiar frå forliste skip.

⁶⁹ NRR 3:36-37

⁷⁰ NRR 3:287-288

⁷¹ NRR 3:428-429, Danmarksdelar er skorne bord av dårleg kvalitet berekna på det danske markedet.

⁷² Jørgensen:17

I 1564 vart trelasthandelen frigjort, og grunnen til dette meiner Jørgensen er todelt: for det første vil det føre til auke skatteevne hjå bøndene, for det andre ville nye tollsatsar på trelast gje gode inntekter til statskassa.⁷³ Her har nok nokon i København ”sett lyset” når det gjeld statsøkonomi, for med denne frigjeringa bryt kongeriket med den rådande økonomiske tenkinga frå middelalderen. Tidlegare var tankegangen slik at landet bør bruke ressursane sine innanfor grensene, for at landet vart fattigare ved eksport.

Bergen var det einaste viktige handelssenteret i middelalderen, og på 1500-talet var byen òg tollmessig i ei særstilling i høve til resten av landet. Grunnen var at dei varene som gjorde Bergen til handelsby i mellomalderen, òg danna næringsgrunnlaget i nyare tid. Trelasthandelen fekk aldri ei stor rolle i byen.⁷⁴ Dette står i motsetnad til ladestadane på Sørlandet og Austlandet, der det stort sett var trelast som vart eksportert. Grunna hanseatane si særstilling i Bergen og deira manglande interesse for norsk trelast, samt få naturlege oppsamlingsstader for desse varene, vart mesteparten av trelasta på Vestlandet skipa ut frå små hamner på bygdene av skottar og nederlendarar. Det var òg lågare rorstoll utanfor Bergen, her gjaldt dei same reglane som Sønnanfjelds, d.v.s. tollsatsar som var atskillig lågare enn i Bergen.⁷⁵

På slutten av 1500-talet finn me ei heil rekke eksempel på ulik praksis med tanke på fortolling av utanlandske skip. I 1574 kom det eit brev til statthaldaren i Noreg, Paul Hvitfeld, som i 21 punkt tek for seg ulike instruksar som må til for å betre inntektene frå Noreg. Når det gjeld tømmer og trelast, står det at alt tømmer som vert selt, skal meldast frå til lensmannen med informasjon om kjøpar, mengde av ulike typar trelast og verdien av dette. Sameleis må alle skipparar melde frå om kor mykje varer dei har kjøpt før dei får segle vidare.⁷⁶

I ei forordning frå 1589 kjem det fram at det har vore ulik praksis når det gjeld toll på trelast i dei ulike byane i Noreg. For å gjere slutt på dette vert det bestemt at all trelast skal fortollast med ¼ av lasta sin verdi.⁷⁷ Allereie i 1592 ser dette ut til å ha blitt eit problem, for då kjem ei ny forordning på grunnlag av eit klagebrev kongen har fått. Essensen i brevet er at tollen er alt for høg, særleg når det gjeld mindre trelast, og dette fører til at hollendarane og andre

⁷³ Jørgensen:18

⁷⁴ Jørgensen:20

⁷⁵ Jørgensen:21

⁷⁶ NRR 2:93-95

⁷⁷ NRR 3:54-55

utlendingar unngår dei hamnene der tollen vert handheva strengast. For å bøte på dette vert det bestemt at tollen på master, spirer og eikebjelkar framleis skal vere på ¼ av verdien, men mindre trelast kan bestemmast på dei ulike utskipingshamnene.⁷⁸

I Norske Rigs-Registranter bind 3 finn me ei forordning av 23.april 1601 ”Forordning om Master og Spirer herefter af Noreg ikke at maa selges eller udføres.”⁷⁹ Her får me ei forordning som forbyr sal og utførsel av trelast (master, spirer og delar) frå Akershus len. Det er for at krona meinte at riket trong trelast til eige bruk, og at skogane derfor ikkje må uthoggast.⁸⁰

2.3.2.1 Trelasttollen av 1602 sett ut i praksis

Alle desse problema og ulikskapane i høve til fortolling av trelast førte nok til at ”Forordning om Tømmertold udi Noreg.” kom 9.mai 1602. Her vert det bestemt kor mykje det skulle betalast av toll på all trelast utført frå Danmark-Noreg av utlendingar. Noko som er verdt å merke seg, er at det ikkje skulle betalast toll av trelast som vart ført mellom Noreg og Danmark av innanlandske borgarar. I denne forordninga vart tollsatsane på ulike typar trelast fastsette sentralt:

”C. IV G. a. v., at eftersom vi komme ude Forfaring, hvorledes en ringe Told hidindtil er udgiven af viss Tømmerlast, som udføres af vort Rige Noreg, det og befindes, at viss Told, som hertildags af Tømmerlast er udgiven, uligelig at være oppebaaren, sommesteds høiere og paa nogle Steder ringere, da have vi med os elskel. Danmarks Riges Raad den Leilighed betænkt og overveiet og for godt anseet og forordineret, Tolden af Tømmerlast herefter at skulle udgives og oppebæres, som efterfølger:

<i>Af hver Tylvt Sagdeler</i>	<i>3 Skill. Lybsk</i> ⁸¹
<i>Af hver Tylvt huggen Bord</i>	<i>2 Skill Lybsk (..)</i>
<i>Af et Tusende Baandstager</i>	<i>2 ½ Skill Lybsk (..)</i> ⁸²
<i>Af en Favn Brændeveed</i>	<i>2 Skill. Lybsk</i> ” ⁸³

(Lista er forkorta, berre dei mest sentrale varene er tekne med her)

⁷⁸ NRR 3:235

⁷⁹ NRR 3:662-663

⁸⁰ Spirer er ubarka trelast som skal brukast til master, stillas og rær.

⁸¹ Ein ”Tylvt” er eit eldre mål og vil her seie tolv stykker.

⁸² Baandstager er ein eldre skrivemåte for bandstakar (tenneband), dvs det ein brukte som tønneband før det vart vanleg med metallband.

⁸³ NRR 3:658-659

Her ser me at tollsatsane for sagdelar er høgre enn for ”huggen Bord”, dvs bord som var tilhogde og ikkje saga – dette ser eg som eit teikn på at det å skjere sagdelar på oppgangssagene no var den vanlegaste måten å produsere trelast på. Det var lettare å leggje høgare toll på noko det var mykje av, og som ein ikkje kunne produsere (få tak i) effektivt på andre måtar. Når det gjeld mengder bord, fekk ein berre to hogne bord av ein tømmerstokk, medan når det vart saga kunne ein få minst 3-4 gongar so mange skorne bord (sagbord). Denne forordninga fortel vidare at dette er tollen som skal takast inn ved utførsel av trelast av tollarar på ladestadane og hamner. Det går ikkje an å lese ut frå forordninga om korleis denne tollinnkrevjinga vert organisert, dvs kvar ein skal betale tollen. Eit eksempel herifrå som òg er verdt å nemne, finn ein mot slutten av forordninga. Her vert det gjort klart at eksporten av eiketømmer (og ask) har vore for stor, slik at det er fare for mangel på desse varene, noko som igjen skulle føre til eit eksportforbod.⁸⁴ Med desse sentralt gitte tollsatsane frå 1602 som utgangspunkt, vart mesteparten av det som vart eksportert av trelast frå Sunnmøre på 1600-tallet fortolla.

For å sjå om den før nemnde forordninga frå 1602 om toll på trelast vert fylgd, vil eg sjekke opp om tollen som vart betalt for trelasta til ”Den Kvite Foss”, som Jan Jansen kom til Sunnmøre med i 1606, er i samsvar med denne. Ein lybsk skilling, som er nemnd som valuta i forordninga, var verdt to norsk-danske skilling, så ein må dele tala i lensrekneskapet på to for å finne rett sum. Ein dalar er delt opp i 96 skilling.

[v.marg:] Rorstold ij dr

Skippr Jann Jannsenn Veinn Aff Hornn i Hollandt

indkomb medt Hanns schib Thenndt huide fos Vdj Øschog

haffnn Thenndt 5 May och Wdløb Denn 2 Junij

hanns schib Drectig paa 40 Lester Lasstenn Hanndt

Wdførde war

Saugdeller --- i\j^ct Thølter [v.marg:] xiii\j dr ix ss d **(150 tylfter, 13,5 dalar 9 skilling)**

Brendued --- xj faffne [v.marg:] \j dr xj ss **(11 favner, 0,5 dalar 11 skilling)**

Bannstager --- v^ct [v.marg:] ii\j ss d **(500 stk, 2,5 skilling)**

[16 dr 22,5 ss] **(2 dalar i rorstoll)**

⁸⁴ NRR 3:660

Her kjem ei utrekning på kor mykje som **skulle** vore betalt:

150 tylfter sagdelar * 6 skilling (3 lybsk skilling) = 900 skilling /96 = 9 dalar 36 skilling

11 famnar ved * 4 skilling (2 lybsk skilling) = 44 skilling

500 bandstakar * (5 skilling per 1000 (2,5 lybsk skilling)) = 2,5 skilling

Me ser her at det vart teke inn meir toll enn forordninga tilseier på ved og spesielt på sagdelane. På bandstakane vart forordninga følgt, men her var det snakk om ein ganske liten sum. Desse satsane gjeld òg dei andre skipa som kom inn til Sunnmøre dette året. Eg skal gå inn på tollene i seinare år og sjå på om dette er ein trend ein ser att der. Ein grunn til at det er slik, kan vere at forordninga av 1602 ikkje vart handheva heilt slik ho skulle, men at grunnane til dette kan vere mange – for eksempel ein litt vel ivrig innkrevjar, eller at regelverket framleis er litt uklart. Likevel skulle ein tru at eit fem år gammalt regelverk skulle ha vore sett ut i live, sjølv på byrjinga av 1600-talet.

13.juli 1618 kom nok ein skipper frå Hoorn til Langskipsøya for å kjøpe trelast. Peder Dircksønn kom med skipet Appelbhoem (Epletreet), drektig på 80 lestar og kjøpte 250 tylfter sagbord. For dette betalte han 18,5 riksdalar og 1 mark i trelasttoll. Utrekninga viser kva han igrunnen skulle ha betalt:

250 tylfter sagbord * 6 skilling (3 lybsk skilling) = 1500 skilling/96=15 dalar, 3 mark, 18 skilling⁸⁵

Skipparen betalar her om lag 3 riksdalar meir enn han skulle ha gjort, med andre ord held tendensen frå 1606 fram.

For å ta med eit siste eksempel skal eg ta endå ein skipper frå Hoorn som kom til Langskipsøya i 1627. Jacob Johanson kom med skipet Flouen de Erte, drektig på 60 lester, 1.mai 1627 og lasta 300 tylfter sagbord. For dette betalte han 18,5 riksdalar og 1 ort i trelasttoll.

300 tylfter sagbord * 6skilling (3 lybsk skilling) = 1800 skilling/96=18 dalar, 3 ort.

Forordninga av 4.mai 1625 slo fast av 1 riksdalar=6mark el 4ort=96 skilling. Me ser her at Johanson betalar heilt nøyaktig det han skulle, i motsetnad til Jansen og Dircksønn.

Med den nye tollrullen av 12.1.1632 som grunnlag, gjorde riksrådet for første gong alt dei kunne for at desse satsane skulle setjast ut i praksis. Bakgrunnen for dei nye tollsatsane var å auke inntektene til staten, og den einaste effektive måten å gjere dette på var å konsentrere seg

⁸⁵ NHL:68 – I 1618 skulle riksdalaren vere verdt 84 skilling, det var ikkje inndeling i mark frå og med 1/5 1618, men det ser ut til at satsane frå 1616 var brukt her. Då var riksdalaren verdt 4 mark=80 skilling.

om trelasteksporten frå Noreg. Trelast var den einaste eksportartikkelen som vart omsett i eit slikt omfang at ein kunne få ei radikal betring av tollinntektene.⁸⁶ Tollen på master og større bjelkar som frå før hadde høge avgifter, vart tredobla, medan tollen på middelstore bjelkar, 6-12 alen, vart 16- til 25-dobla. Ei slik auke kunne ikkje hatt eit fiskalt mål for auge, men eit meir strategisk mål om at den dansk-norske krigsflåten skulle ha nok trelast til eige bruk. Resultatet av dette vart mest sannsynleg slik riksrådet ville det, for eksporten av desse trevarene stoppa praktisk talt opp. Tollen på sagbord, som utan tvil var den viktigaste eksportvara frå Noreg, vart derimot uforandra eller svakt auka. Det som verkeleg monna, var dei nye avgiftene som vart avrekna på bakgrunn av drektigheita til skipa. Tabellen viser skipstollen 1611 for skip som kom med ballast til Norge:

Tabell 1 Skipstollen 1611

Skipstype	Toll	Omrekna til riksdalar
Over 100 lester	3 rosenoblar	12 riksdalar
Under 100 lester	2 rosenoblar	8 riksdalar
Under 30 lester	2 rosenoblar	8 riksdalar
1 skip på 20 lester	1 dalar	
Kreiert	½ dalar	
Skute	1 ort	
Ved- eller kalkskute	4 skilling	
Båt	1 skilling	

Kjelde: N.R.R.4:426

Uansett trelast var avgifta på 1 ½ ort per lest for skip inntil 50 lester. For større skip kom eit tillegg på 6 skilling lesta.⁸⁷ Dette førde til ein stor auke av inntekter til statskassa og atskillig meir tollsvik, begge delar på grunn av at fortollingsnivået auka valdsamt.⁸⁸ Med dette nye systemet måtte ein betale 18 riksdalarar og 3 ort for eit 50 skip på 50 lester, og 21 dalar, 3 ort og 13 skilling for eit skip på 100 lester. Med andre ord rundt eit dobling av skipstollen.

I 1632 la kongen ned forbod mot at futane òg var tollarar som ein del av den nye tolladministrasjonen. På Sunnmøre var Hans Simonsen Haderslev tollar etter at han gjekk av som fut, og var det til han døydde to år seinare i 1618. Etter dette gjekk tollaroppgåva attende til futen.⁸⁹ Likevel var det unntak, for lensmannen på Bergenhus fekk i 1639 dispensasjon til å la futen kreve inn tollen enkelte stadar, då: *”Vi nådigst erfarer at mange små tollsteder å være som ikke selv en tollar kunne underholde.”* For eksempel var det på Sunnmøre årlege

⁸⁶ Jørgensen:44

⁸⁷ Jørgensen:45-46

⁸⁸ Jørgensen:69-70

⁸⁹ I Balansepunktet 1994:258

tollintradar på 460 dalar i 1616-20, 296 dalar i 1632-36, men berre 72 dalar i åra 1643-46. Kystskogane her var uthogne, og sidan det ikkje var meir å hente for dei utanlandske skipa, mista landdistrikta den tollmessige rolla dei hadde hatt. Ladestadar av varig karakter var det ikkje grunnlag for i Bergenhus, med unntaket Sundhordlen som vart fast tolldistrikt ved sida av Bergen by.⁹⁰ Forbodet mot at futar òg kunne vere tollarar, førde til at tolladministrasjonen no låg utanfor lensherren sitt myndigheitsområde.⁹¹ No kunne ikkje lensherren sjølv utnemne tollarar, og det er nok mest sannsynleg at tollvesenet vart innført for å auke inntektene til statskassa. No kunne ikkje lensherren tilsetje sine eigne folk til å passe på den største inntektsposten blant dei norske eksportvarene, med andre ord miste bukken dermed tilgangen til havresekken.

3 Skogen, tømmeret og bearbeidinga

3.1 Skogen

Kva var det som var grunnlaget for denne næringa, kvar var det skog på Sunnmøre? Kvifor vart denne ressursen plutsleg så interessant for utlendingane? Tilgangen var her alfa og omega. Retten til skogen var knytt til bygselen på garden. Ein stor del av bøndene på 1600-talet var leiglendingar på garden dei budde, og dette førte med seg sterke restriksjonar på kor mykje ein kunne utnytte skogressursen som hørde til garden. Med dette i bakhovudet tek eg fyrst for meg lovverket som er knytt opp mot leiglendingar sin rett til skogen.

3.1.1 Lovverk om utnytting av skogen

Viss ein ser på lovverket opp gjennom mellomalderen og fram til slutten av 1600-talet, kan ein sjå at det har vore ganske kraftige endringar i lovene som regulerer skogen og bruken av denne ressursen. Eg skal her sjå på tre hovudverk når det gjeld lovgjevning i Noreg: Magnus Lagabøter si landslov, Kristian 4. si norske lov og Kristian 5. si landslov. Det eg skal fokusere på og som vert gjennomgangstone i arbeidet med desse lovene, er leiglendingen sin rett til å bruke skogen på garden. Grunnen til dette er å sjå om det her finst grunnlag for påstanden om at skogen vart overutnytta av bøndene.

⁹⁰ Jørgensen:55

⁹¹ Fladby et al:347

3.1.1.1 Magnus Lagabøter si landslov

I Magnus Lagabøter si landslov frå 1274 står det skrivne i kapittel 52, andre del i landleigebolken (del VII): *”Skog skal leilending bruke til at bygge sig et skip til sit eget bruk, men dog ikke større end tolværing i løpet av ett leiemaal. Men bygger han mer, da bygger han for den, som jorden eier og bøte landnam atpaa. Næver skal ingen løpe til salg, med mindre han trenger at kjøpe matsalt til sit bu. Salt skal han ikke syde mer end han trenger til sit bu, med mindre han trenger at kjøpe taknæver over sig, mens han bor der. Tjære skal han ikke brænde mer end han trenger til at bræ sine skib med.”*⁹²

For å få klarheit i ordlyden i lovteksten, er det enkelte ord me må sjå nærare på. Det står klart at viss leiglendingen anten bygger eit større skip eller fleire skip enn han har rett til, vert dette jordeigaren sitt, og han må i tillegg bøte landnam. Dette var ei bot som skulle betalast av ein som vart saksøkt og domfelt for urettmessig bruk, eller utilbørleg behandling av fast eigedom eller tilhøyrande gjenstandar.⁹³ Ein kan samanlikne denne med bøtelegging i dagens rettsystem, då denne bota tilfall til kongen. I tillegg til landnam måtte ein betale erstatning for brotsverket til eigaren, og storleiken på landnamet varierte ut frå kven det var som var råka av brotsverket.⁹⁴

Ein tolværing er det same som ein sekskeiping/seksroring, altså ein båt med seks årepar. Dette er ein ganske stor båt, då det i eldre tid var vanleg at åttringen med fire årepar kunne ta 10-12 tønner last. Vanlegvis rekna ein 12 tønner på ei lest. Me skal sjå seinare at storleiken på skipet ein kunne bygge, vert skjerpa. Når det gjeld eit leigemål, var det etter Landslova ikkje lov for ombodsmenn å leige bort jord for meir enn tre år av gongen.⁹⁵ Dette vart utnytta av jorddrotten, som utover 1500-talet utnytta leiglendingane med denne lova i ryggen. Viss leiglendingen ikkje kunne betale tredjearsbygsele, kunne han miste garden. Dette var noko kongemakta ville forhindre, som eit ledd i å halde skatteevna til bøndene oppe.⁹⁶ Likevel vart dette ikkje nedfelt i lovene før Kristian 4. si norske lov av 1604, men denne byggjer på recessar frå 1500-talet.⁹⁷ Når me då ser at leigemålet i prinsippet er på livstid, vart det vanskeleg for leiglendingane å utnytte lova og bygge store mengder skip.

⁹² MLL 7-52-2

⁹³ Fladby et al:192

⁹⁴ MLL 7-20-1

⁹⁵ MLL 7-1-2

⁹⁶ Myking:58

⁹⁷ Myking:61

Allereie i høgmedalderen ser me at leiglendingar har klare grenser for kor mykje ein kunne utnytte skogressursen. Varer som never, salt og tjøre var nødvendige og kunne seljast for å kjøpe det ein mangla, noko som var heilt nødvendig for dei gardane som anten mangla skog eller strandsone. Produksjonen av alle desse tre varene førde til press på skogen, anten ved at tre vart avflekke, brunnen opp for å koke (syde) salt, eller at gamle røter og bartre vart brende for å få ut tjøre. I lovteksten ser me òg kor viktig båten var i middelalderen, og ein kunne bygge seg ein båt i løpet av eit leigemål.

Sjølv om leiglendingane ikkje hadde rett til å ta ut meir enn nødvendig av skogen, så var det ofte fritt fram for å hogge brenneved, blant anna når skogen var uskifta. Ved nødstilfelle kunne ferdafolk fritt hugge skog til utbetring av skip og slede, samt brenneved.⁹⁸ Eit unntak når det gjeld utnytting av skogen og eigedomsrettar, finn me:

*Men en mand kan sakløst hugge sig [trævirke] til plog og ard i hver mands skog, om han vil, selv om han ikke ber om lov dertil.*⁹⁹

Kvifor kunne ein ta trevirke til plog og ard i annan manns skog? Dette står det ikkje noko meir om, men ut frå det eg har forstått, er dette ein ”spesialisert” type treverk. Plog og ard var heilt naudsynt for å kunne drive gardane på ein effektiv måte. Både kongen og andre landeigarar drog nytte av at leiglendingane kunne gjennomføre gardsdrifta utan større vanskar, slik at dei kunne betale landskulda si. Noko denne lovteksten viser, er at ikkje alle har tilgang på eigen skog som eigna til plog og ard. Dette var trevirke som skulle tåle mykje og ha ein spesiell fasong, då hovuddelen av plogen var i eitt stykke.

Konklusjon når det gjeld Magnus Lagabøter si lovregulering av skogen, meiner eg er følgjande: Leiglendingar kunne ta av skogen til eige bruk, inkludert brenneved, men ikkje hogge til sal. Dette, i lag med storleiken på skipet ein kunne bygge, kan indikere at det ikkje var noko særleg skogmangel på Magnus Lagabøter si tid, men at lova primært skulle verne landeigarane mot rovhogst.

Som eit lite apropos kan nemnast at i 1490 kom riksrådet med pålegg om at kvar bonde skulle leggje ut eit mål med rugbråte kvart år, og på denne måten auke drivverdig jordbruksareal i

⁹⁸ MLL 7-22-1

⁹⁹ MLL 7-17-3

Noreg. Som ein kan sjå, er dette stikk motsatt næringspolitikk enn tida etter 1600, då riksrådet ville sikre seg at skogane ikkje vart uthogde.¹⁰⁰

3.1.1.2 Kristian IV si norske lov

Kristian IV fekk i 1604 Magnus Lagabøter si landslov oversett til dansk, innførde nokre endringar og gav den ut som Kristian IV si norske lov. Som den driftige kongen han var, gav han seg ikkje der, men gav seinare ut ein ny norsk kyrkjeordinans, fekk i gang bygginga av byane Kristiania og Kristiansand, samt sette i gang gruvedrift fleire stader i landet, bl.a. på Kongsberg og Røros.¹⁰¹

3-1 Kristian IV si norske lov

Huis brug leilending maa nyde paa leje jord,

cap. L.³

Leilending maa icke giffue nogen forloff at sette skib op paa sin 50 grund lenger end fem netter i vanderfør veer.

Skow maa leilending nyde at bygge sig en baad [paa en lest gods,³ til sit egit behoff, saa lenge hand nyder sit lejemaal. Bygger hand større: da hører det jordrotten til, oc landnam til met.

⁴Huer jord egen odelsmand, maa hugge paa sit egit, saa megit hans anpart oc laad kand taale: dog at hand icke hugger skowen til skade. Men leilending maa icke hugge mere end som før er sagt.

Neffuer skal leilending icke afflaa at selge, vden hand behøffuer at kiøbe nødterfftig salt til sit hus.

¹) Kilden M. L. VII. 52, jfr. Chr. V. N. L. 3—14—38.

²) Kilden M. L. VII. 52; jfr. Chr. V. N. L. 3—14—34 til 36.

³) [M. L. har: „ikke større end 12æring.“

⁴) Dette Passus er taget af Reces 1568, stadf. 28 Maj 1584 Art. 18, jfr. Reces 7 Oktbr. 1578 Art. 30. — Bjelke anmærker: „Denne Restrict eller Limitation er Adelen fri for i Norge, om det end er i fælles Skov med kongl. Majt. selv, da de jo maa hugge saa meget som deres Lod kan taale uforment.“ Se Priv. 21 Juli 1591 Art. 11, jfr. Reces 1578 Art. 14; se oyf. Kap. 20.

Kva er endra frå Magnus Lagabøter si landslov?

¹⁰⁰ Skogbruksboka bind 3:21

¹⁰¹ I Balansepunktet 1994: 201

¹⁰² Landleiebolken frå Chr. IV , <http://www.hf.uio.no/PNH/chr4web/chr-IV-148.html>

Storleiken på skipet er endra frå "tolværing" til "en lest gods". Dette vil i følge norsk historisk leksikon vere ei skjerping av lova, då ein båt som kan ta ei lest med gods, vil vere på storleik med ein åttring, kontra ein tolværing frå Lagabøtes si landslov.

Kristian 4. si norske lov av 1604 vidarefører i stor grad leiglendingar sine rettar, men med enkelte skjerpingar: *"Huer jord egen odelsmand, maa hugge paa sit egit, saa megit hans anpart oc laad kand taale: dog at hand icke hugger skowen til skade. Men leilending maa icke hugge mere end som før er sagt."*¹⁰³

Denne skjerpinga viser til at skogen ikkje må hoggast heilt ut, noko som kan tyde på at dette allereie har blitt eit problem enkelte stader. Her ser ein heilt klart ei lovavgrensing mot odelseigar når det gjeld uttak av skog. Staten tek faktisk "miljøomsyn", eller vil nok for sin eigen del at landet ikkje skal verte tømnd for trevirke!

Vidare i lovtteksten finn me uttrykk som "Bryde hassel" og å hente ut "Olden". Det å "bryde hassel" er her å ta tynne greiner, særleg brukt som vidjeband og som tønneband, noko som kunne vere ei viktig binæring for enkelte gardar. Olden er ei fellesnemning for eike- og bøkeneter, noko som er veldig godt dyrefôr, særleg til gris. Dette er tydelegvis ein ressurs som tilhøyrrer den som har garden. Her kan ein trekke parallellar til spanske grisar som vert fora med eikeneter for å få rette smaken på kjøtet, jamfør Serranoskinke.

3.1.1.3 Kristian V si landslov

Først i Kristian 5. si landslov av 1687 får ein større endringar i lovtteksten når det gjeld leiglendingar sin bruk av skogen. Når det gjeld dei mindre endringane, er framleis never/salt-byte med, men viss ein har god tilgang på brennevirke, kan ein brenne meir salt.¹⁰⁴ Dei same endringane finn ein når det gjeld tjørebrenning; der det er mykje stubbar og røter, kan ein brenne det ein klarer.

*"Tiære maa en Lejlænding ikke mere brænde, end hand behøver at brade sin Baad med, hvor Skoven kand derved beskadigis, Men hvor det findis Stubber og Rødder, maa hand brænde saa meget deraf bekommis kand."*¹⁰⁵

¹⁰³ Christian IV norske lov IV-50

¹⁰⁴ Christian V norske lov 3-14-35

¹⁰⁵ Christian V norske lov 3-14-36

Dette er ein indikasjon på at det fleire stader var område med mykje stubbar og røter, der det før var skog. Ein kan òg finne gamle røter i myrområde, men desse var ein god del verre å få tak i. Leiglendingen kan utan løyve frå jordeigar gje andre lov til å hogge tre lass med brenneved og to lass med skav (bork av lauvtre som vart brukt som fôr til fe) frå skogen som ligg til garden.¹⁰⁶

Den største endringa som kom med Kristian 5. si landslov, er at leiglendingar har lov til å hogge tømmer og foredle trelast til halve verdien av landskulda. Lova gjenspeglar praksis/problem i den mellomliggjande perioden 1604-1687.

”Skov maa Lejlendingen nyde til fornøden Brændeved, Bygnings Tømmer og Gaards Brug, og derforuden saa meget Tømmer, eller Trælast, som hans halve Landskuld beløber, ”

For å vise eit eksempel på kor mykje tømmer eller trelast ein leiglending kunne tilvirke, tek eg med to eksempel frå Sunnmøre: På garden Glomset i Valle skipreide betalte Størcher Honningedal 2 våger og 1 pund fisk i landskuld i 1626. Denne garden er ganske liten i sunnmørsk målestokk, med lite dyrka mark men mykje skog. Lenger inne ved Storfjorden finn me storgarden Oksvik i Dale skipreide. Her betalte lensmann Oluff Øxwig tilsvarande 6 våger og 2 pund fisk (26 mællag, 9 mark). Med dette utgangspunktet kan me sjå nærare på verdiane av denne landskulda, og kor mykje trelast ein kunne tilvirke. I 1687 er det sjølvsagt ikkje mykje skog att, men ifølgje Hans Strøm var det både fureskog og sag på begge desse gardane i 1760.¹⁰⁷ Derfor tek eg desse to gardane med som eksempel:

Tabell 2 Trelast til sal etter Kristian V. si landslov

	Glomset	Oksvik			
Landskuld	1 våg,	26 mællag,			
Landskuld	2 pund	9 mark	1 våg fisk	= 18	kg
(våger fisk)	1,67	6,66	1 pund = 1/3 våg	= 6	kg
Pengeverdi av					
landskuld (riksdalar)	1,43	5,73	1 mællag = 1/4 våg	= 4,5	kg
Riksdalar	1	5	1 mark korn	= 320	g
Mark	2	3	Pris på 1 våg fisk	= 0,86	rdl
Halvparten av					
landskulda i trelast			1 riksdalar	= 4	mark
(tylfter)	1,5	5,75	Pris på 1 tylft sagbord	= 2	mark

Kjelder: Jordeboka 1626, Nedkvitne, 1988, Norsk Historisk Leksikon

¹⁰⁶ Christian V landslov 3-14-37

¹⁰⁷ Strøm 2:104, 142

Som me kan sjå ut frå denne tabellen kunne Glomset tilverke 1,5 tylft sagbord medan Oksvik kunne tilverke 5,75 tylfter. Jordeigaren hadde førsteretten på å kjøpe dette, men viss han ikkje kjøpte det, kunne ein selje det vidare.

”hvilket Jorddrotten er nærmest til at kjøbe frem for en anden, om hand det begærer for det, som en anden vil give i Billighed.”

Viss leiglendingen hogde meir enn dette, måtte han betale landnåm og erstatning til skogeigaren, med mindre uthogginga var så grov at det svekka garden, då kunne han verte frådømd bruksretten. Som me ser er det ikkje store mengder ein kunne sage til sal.

”Hugger Lejlændingen mere, da have det i Minde og Samtykke, eller og give derfor Landnam til Jorddrotten, og forbryde til hannem hvis hugget er. Giør hand det saa groft, at Dommeren og uvillige Lavrettismænd kunde kiende, at Gaarden deraf merkelig svækkis, da miste hand derfor sin Gaard.”

Ulovleg hogst er særst risikabelt, fordi ein risikerer garden. Sidan ulovleg hogst ikkje er lett å skjule, ville dermed inntekter ved sal av ulovleg hogst neppe svare seg for leiglendingar på 1600-talet. Men noko som er verdt å merke seg her, er at ulovleg hogst ikkje vart oppseiingsgrunn før 1687

I 1687 er trelasttida på Sunnmøre for lengst over, sidan det siste skipet ein har kjelder på, siglde frå Sunnmøre med trelast i 1647. Likevel er denne lova relevant, for ho byggjer på problem frå rettspraksis i tidlegare tider. I tillegg gjenspeglar ho kongen sine ønske med tanke på ressurskontroll, at ikkje skogane vart uthogne samt det å kunne straffe dei som ikkje følgjer lova.

3.1.1.4 Vart lova brukt?

Ein ting er å ha eit lovverk, noko anna er om dette faktisk vart brukt. På Sunnmøre vart trelast og tømmer ettertrakta varer, og for å vise at ulovleg hogst vart straffa, tek eg med eit par eksempel:

Eksempel 1: Volda skipreide, sakefall 1606/1607

”Jonh Nørkaluatenn for Wlouglic schoffhug i sin
grannde Mickell ibid Hanns Skouff saa well som och
Steffnefald, gaff
Pendinge ---- v dr”

Jon Nørkaluatenn måtte bøte fem daler for ulovleg hogst. Nørkaluatenn er garden Nøre-Kalvatn som ligg på austsida av Kalvatn, øvst i Austefjorden i Volda skipreide. Garden hadde både skog og elv, og ifølgje lensrekneskapet 1618/19 betalar Mikkel skatt for ei flaumsag på Kalvatn.¹⁰⁸ Jon er mest sannsynleg leiglending. I pengeskatten 1603 finn ein faktisk to stk Jon under namnet Nørekaluatenn, både Andersen og Olsen. Mikkel står under Michell Kallewatn, men begge kjem frå same garden. Ingen av dei betalar skatt for eigedom i 1603, men betalar derimot kvar sin dalar i personskatt.¹⁰⁹ Mikkel kunne ha vore jordeigar, men ikkje hatt leigeinntekter over 1 riksdalar, for då vart han skattlagt som leiglending. Nøre-Kalvatn er delt i fleire bruk; Jon kom frå Danielgarden og Mikkel frå Sjurgarden.¹¹⁰ Det er tydeleg at ikkje alt var fryd og gaman ved Kalvatn. Mikkel vart utkommandert i 1611 og i 1613 sjølv dømd for å ha selt eit gaupeskin, utan fyrst å ha bode til kongen sin kjøpmann. Eldstedottera Ingeborg vart dømd i 1616 for ”horej og forargerlige leffnet”, men benåda og forvist frå Sunnmøre. (Det skal seiast at det ikkje er mange hundre meter over til Nordfjord). Sonen Ole vart i 1625 dømd for å ha slege grannen Jon med ein øksehammar.¹¹¹ Om dette er den same Jon som vart dømd i 1606 er noko uklart, men han var framleis i live. Det var òg ein Jon på Nilsgarden, som då var det tredje bruket på garden.¹¹²

Dette var ei av 11 saker i året 1606/07 i Volda skipreide. Blant dei andre dømde var fire saker knytta til vald, to til ulovleg sex, og ei sak kvar med ærekrenking, svik, ulovleg kjøpmannskap og ulydigheit!¹¹³ Når ein finn slikt i sakefallet, er dette ein indikasjon på at ulovleg hogst vert straffa og at det var vanskeleg å skjule sjølve brotsverket og bevisa.

Ærekrenkingar der naboar skuldar kvarandre for tjuveri, kan ha sin bakgrunn i ulovleg hogst, sidan dette vert oppfatta som tjuveri etter lova. Kva folk skuldar kvarandre for å ha stole, vart sjeldan skrive opp i sakefallet.

Eksempel 2: Valle skipreide, sakefall 1616/1617

I sakefallet frå lensrekneskapet i 1616/17 finn me to eksempel frå Valle skipreide. Grensa mellom Dale og Valle var litt uklar fyrst på 1600-talet, men Vaksvik-dalføret ser ut til å liggje under Valle i 1617 og Dale frå 1626 og utover.

¹⁰⁸ LR-24-5-105

¹⁰⁹ Pengeskatten 1603, <http://folk.ntnu.no/ivarse/avskr/skatt1603.htm>

¹¹⁰ Kjelland et al:413 og 416

¹¹¹ Kjelland et al:416

¹¹² Kjelland et al:409

¹¹³ Ertesvåg, Lensrekneskapet 1606/07, sakefall.

”Oppebarriett wdaff Olluff Waxwig, och hanns med-eiiggenre, foer noeggenn wloglig sagougschade, wdi kong: maj: fellags schougge, tiell Waxwiig, och denn nederste Waxwiigs Saugs. fenn tyltt Saugtøemmer goed foer, Pendinge – j ltte.

Oppeboarriett wdaff Olluff Waxwiigs och hanns med-eiger foer nogenn dierrins wloglige schouggschade, tiell den øffuerste Waxwiigs saug, udi Kong: May: och kroenens fellags schougge, tiell samme saug, gaff enn tyltt saugtøemmer, goed foer, penndinge – j ltte.”¹¹⁴

I 1626 er det to brukarar på garden Vaksvik, Ole Jacobsen og Arne Hansen. Ole er nok Olluff Waxwiig som er nemnd i sakefallet, og det er ikkje utenkjeleg at Arne er son til Hanns Waxwiig. Garden er stor, 14 mellag, og er krungods, kyrkjegods og bondegods. Som me skal sjå seinare var det fleire sager i Vaksvikdalføret, men her hadde Olluff og co. hogge ulovleg i både i kongen og kyrkja sine skogar, som låg til kvar si sag i Vaksvikelva. Bota på ein riksdalar per brotsverk er på ingen måte eit stor bot, men det kan godt hende at dette vart gjort for å gjere det klart at tjuvhogst vart straffa. Samtidige bøter frå same skipreide viser at utanomekteskapleg sex kosta fire dalar, neveslag ein dalar, desertering frå hæren fire-sju dalar, og ulovleg sex for andre gong kosta ni dalar.¹¹⁵

3.1.1.5 Utviklinga og gjennomføring av lovene

Om me ser på utviklinga av lovene frå Magnus Lagabøter til Kristian 5., finn me enkelte skjerpingar når det gjeld leiglendingane sin rett til å bruke skogen. Lovene har slik eg ser det, hatt to hovudmål: For det fyrste å verne jorddrotten mot skogøyding, for det andre at kongen sine undersåttar skulle ha tilgang til det dei trong og på grunnlag av dette halde oppe skattebetalingsevna deira. Det fyrste punktet vert regulert ved at ein må betale landnåm for ulovleg hogst, seinare kunne ein miste garden for dette. Når det gjeld det andre punktet er ikkje dette like klårt, men enkelte indikatorar finn me. For eksempel hadde leiglendingane tilgang til å skaffe seg det dei treng av never, salt og tjøre, i tillegg kunne dei bygge seg ein båt, ta ut det dei trengde av ved, hente spesialvirke i annan manns skog, samt hente ei viss mengde vinterfôr til dyra same stad.

Eksempla som tek for seg bruken av lova, viser tydeleg at tjuvhogst vart straffa, om enn ikkje særst strengt. At tjuvhogst vart straffa like strengt som eit neveslag i eksempel to, seier kanskje at det ikkje var mykje ulovleg hogging. I det første eksempelet måtte Jon bøte med fem

¹¹⁴ LR-23-2015

¹¹⁵ Tandstad:193-194 ”Frillelefnit” er her utanomekteskapleg sex utan plan om giftarmål.

dalarar, truleg var det her gjort større skade på skogen. Det viktigaste er at sakefalla viser at lova vart brukt, og den preventive verknaden var her særskild viktig då som no.

3.1.2 Skogen, tilvekst og overutnytting

Svartedauden ramma Europa hardt på midten av 1300-talet. Her i Noreg reknar ein med at folketalet nærast vart halvert under denne pesten, og påfølgjande pestbølger i tiåra etter, førte til ei demografisk krise i landet. Tidlegare norske utrekningar har kome fram til at folketalet i Noreg 1349 var kring 500 000, medan det i 1520 var kring 200 000.¹¹⁶ Kåre Lunden er den siste som har gått gjennom folketalet før og etter pestbølgjene, og har samanlikna åra rundt 1340 med åra rundt 1520 for å finne kor stor nedgang det var. Han har teke for seg kor mange gardar som vart lagde øyde etter pesten, og brukar desse tala saman med kor mange som i snitt budde på garden, til å setje opp ei utrekning. Basert på at talet på menneske per gardsbruk er den same som i 1660, viser han til at folketalet i landet ca. 1340 var 511 799 og 180 388 i ca. 1520, ein nedgang på ca. 65%. Vidare tek han atterhald viss medeltalet på menneske per gardsbruk gjekk ned i seinmellomalderen, er nedgangen større.¹¹⁷ Ei så stor omvelting som denne pesten var, måtte ha vore ei særskild sterk påkjenning. Ikkje minst for dei som overlevde, men òg for landet både samfunnsmessig, økonomisk og ressursmessig. Mindre folk kravde mindre mat og med det færre gardar. Dei gardane som var mest tungdrivne, låg dårleg til eller hadde karrig jord vart ofte fråflytta, og talet på øydegardar etter Svartedauden er eit sikkert prov på dette. Ein naturleg konsekvens av dette vart attgroing av store delar av landet som før hadde vore rydda, sidan ein ikkje lenger hadde nok dyr til å halde attgroinga av skogen i sjakk.

I ein artikkel frå 1910, tok botanikaren Jens Holmboe eit oppgjær med kvifor kysten har vorte avskoga gjennom tidene. Han hevda at skogen hadde vorte øydelagd i tusenvis av år, av ansvarsause menneske med kun øyeblikkeleg vinning for auget. Dei ulike midla frå bråtebrenning til tømmerhogging har, i tillegg til uforsiktig beiting, forhindra skogen i å gro opp att. Vidare peikar han på at brannar, som i dei fleste tilfelle har vore påsett, òg har gjort sitt til skogøydinga. Når alle desse faktorane har gjort sitt, kjem vinterstormane og fullfører øydelegginga, og han avslutter ganske krasst: ”*Saadan foregaar afskogningen den dag idag*”

¹¹⁶ Ersland og Sandvik:46

¹¹⁷ Lunden: 28-29

for vore øine, og saadan har den foregaaet med endnu større brutalitet i ældre tider, da befolkningen havde endnu mindre forstaaelse af skogens værdi end nu.”¹¹⁸

Holmboe peiker her, frå botanikaren sin ståstad, på grunnane til skogøydinga på Vestlandet. Når først skogane var nedhogde på midten av 1600-talet, førte beiting med husdyr til at det først i nyare tid har kome skog att på store delar av Sunnmøre. Den vesle istida på som nådde botnpunkt rundt 1660 og 1770 hjalp heller ikkje skogen noko nemneverdig. Når skogen først var nedhogd, ville dette ha ført til at vinden ikkje vart dempa og dei fleste stadar vart meir vèrutsette.

Olav Riste skreiv i 1959 ein artikkel for Sunnmøre historielag, der han tok for seg skogøydinga på Sunnmøre. Han dreg fram segn dei gamle på Vigra fortalde om at folket brente ned skogane for å få røvarane bort. Meir sannsynleg er det nok at skogen vart svidd av for å få jord til beite og åker. Grunnen til at slike segn har oppstått, meiner han er ulike teikn i tilknytning til røtene ein har funne i myrane på ulike delar av Sunnmøre. Sjølv meiner han at dette berre er tull når dei same folka, slik som andre eldre på Sunnmøre, fortel om at dei har høyrte snakk om at hollendarane kom og kjøpte opp trelast i gamle tider.¹¹⁹ Vigra, som ligg heilt ute i havet, var skogkledd ein gong i tida, men etter at skogen vart hoggen ut førte sandfokk til at store jordvidder vart øydelagde. Skogen hadde fungert som vinddempar, og utan denne barrieren mot vêr og vind, fekk dette store konsekvensar for bøndene på øya. I dag er det planta ut ei stor mengd bartre på øya som fungerer som vinddemparar, men temperaturane sommarstid er oftast atskillig lågare enn for eksempel Ålesund som ligg rett innanfor.

3.1.3 Eigedomstilhøva og utvikling av desse i perioden 1600-1651

3.1.3.1 Kven var jordeigarar i 1626?

Framstillinga av eigedomstilhøva på Sunnmøre utover 1600-talet har vore diskutert i nyare tid, særleg av Bjørn Jonson Dale i artikkelen ”Jordeigedomstilhøva på Sunnmøre på 1600-talet” frå 2001. Bakgrunnen for dette, skriv Dale, er boka ”Kven åtte jorda i den gamle leiglendingstida – Fordelinga av jordeigedomen i Noreg 1661” av Andreas Holmsen og Halvard Bjørkevik som vart utgitt i 1972. Boka tok for seg kven det var som eigde jorda i 1661 og brukte dette som grunnlag for tiåra før. Bjørn Jonson Dale meiner det slår feil ut for

¹¹⁸ Kaland:45

¹¹⁹ Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 1959:56

Sunnmøre sin del, sidan mesteparten av krongodset her vert seld allereie før 1650.¹²⁰ Vidare kritiserer han Rolf Fladby og Steinar Imsen, som i 1975 gav ut fylkesbandet for Møre og Romsdal i serien ”Skattematrikkelen 1647”. Dale meiner desse òg gjorde ein feil med å bruke eit ufullstendig manntal frå 1651 som utgangspunkt.¹²¹ I verket ”I Balansepunktet – Sunnmøres eldste historie ca 800-1660” frå 1994 skreiv historikaren Sigrun Kvamme kapitlet ”Eigedomstilhøva på Sunnmøre – Giskegods og anna gods”. Her prøver ho å ta for seg jordfordelinga i 1648 ved å ”gjere om” alle jordtransaksjonane frå 1649-1651, og dermed lage ei oversikt over tilhøva i 1648. Dale peiker på at dette ikkje kan gjerast, utan å ha innsyn i alt som er av kjelder.¹²²

Tabell 3 Eigdomsfordeling på Sunnmøre på 1600-talet

	Kvamme 1648				Holmsen	Dale	
	Søre	Nordre	Indre	Samla	1661	1626	
Adelsgods	9,9	41,8	11,1	18,5	27,4	27,1	
Geistleg gods	29,3	20,3	22,9	25,5	28,8	29,0	
Borgar-/embetsmannsg	24,9	12,2	38,3	24,5			3,1
Odelgods	28,9	9,1	24,1	22,7	42,3	22,8	19,7
Krungods	7,0	16,6	3,6	8,7	1,5	21,2	
	100,0	100,0	100,0	99,9	100,0	100,1	

I eit forsøk på å rette opp alle ”feila frå i går,” har Dale gått til verks med ein gong for alle å klargjere eigedomstilhøve på Sunnmøre i 1626. Den følgjande tabellen viser fordelinga av eigargrupper i landskuld og prosentdel av totalen på Sunnmøre i 1626:

¹²⁰ Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2001:71

¹²¹ Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2001:72

¹²² Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2001:73


Tabell 4 Jordeige fordelt på eigarslag

Eigarslag	Jordeige	
	(vågar-pund-mark)	
Odelsgods	636-2-07	22.8%
Bønder	550-1-13	
Borgarar	44-2-10	
Embetsmenn	41-1-08	
Adelsgods	756-0-22	27.1%
Giske	425-1-10	
Rosenkrantz	293-1-23	
Strøgods	37-0-13	
Krungods	592-0-00	21.2%
Opphavleg krungods		
Erkebispergods		
Klostergods		
Nyare krungods		
Geistleg gods	810-1-00	29.0%
Presteborda	372-0-11	
Kyrkjene	301-0-17	
Margrete Prebende	81-1-00	
Hospitalet	43-0-20	
Apostelgodset	12-1-00	
SUM	2795-1-03	100 %

Kjelde: Dale, 2001

Det som gjer dette viktig for oppgåva, er rett og slett å få kontroll på korleis jordfordelinga var på Sunnmøre i trelasttida. Utifrå tala kan eg so jobbe vidare, og finne ut kva enkeltpersonar og grupper som var viktige når det gjaldt eigedomstilhøve. Som ein kan sjå utifrå diagrammet var fordelinga mellom dei fire jordeigargruppene ganske jamnt, med dei geistlege som den største enkeltgruppane. Me skal seinare sjå på at denne tabellen er noko misvisande, blant anna var det menn som hadde fingrane sine på fleire fat samstundes.

3-2 Fordeling av jordegods på Sunnmøre 1626



3.1.3.2 Eit len i lenet, Giskegodset

Giskegodset på Sunnmøre var i seinmellomalderen det største adelsgodset i Noreg, kanskje òg i heile Skandinavia. På denne stordomstida utgjorde det fjerdeparten av landskulda på Sunnmøre og i Romsdal, i tillegg til det gamle Bjarkøygodsset og andre gardar. Bjarkøyætta var ei hovdingslekt som sat på Bjarkøy i Troms og gifte seg inn i Giskeætta på andre halvdel av 1200-talet. No vart desse godsane slått saman, samstundes som dei eigde bygardar i Bergen.¹²³ Frå midten av 1300-talet døydde Bjarkøyslekta ut på mannsida, og andre ætter gifte seg inn og fekk godset. Fram til byrjinga av 1500-talet avløyste ulike eigarar kvarandre, blant desse var det òg utlendingar. Etter ein periode der Vincent Lunge og svigermora fru Inger av Austrått brukte Giskegodset, fekk den rettmessige ervingen Gyrvhild Fadersdotter Sparre hand om godset i 1536. Saman med dei to siste ektemennene sine kom det nye gardar under Giske, i eit forsøk på å gjere drifta meir lønsam, men sjølv var truleg Gyrvhild aldri nokon gong på Giske. I 1582 overdrog ho heile Giskegodset til kongen, Fredrik II, og vart verande i krona si eige fram til krongodssalet i 1657, bortsett frå åra 1648-1651. Då var godset på Hannibal Sehested, verson til Christian IV, sine hender. Han fekk kjøpe det av svigerfaren, men måtte avstå alle sine eigedomar i Noreg 1651 til den nye kongen Fredrik III. Sehested var høvedsmann på Akershus og statthaldar i Noreg 1642-1651. Då han måtte avstå

¹²³ I Balansepunktet 1994:193

dei norske eigedomane sine, hadde han ei privatformue utrekna til 226 000 riksdalar.¹²⁴ Til samanlikning vart det betalt 338 riksdalar i sagskatt på Sunnmøre i eit av toppåra, 1613/14.¹²⁵

Sjølv om Giskegodset no var krongods, vart ikkje det slått saman med resten av det kongen eigde. Derimot vart det no brukt som eit godslen som kongane gav ut til private adelsmenn, som løn for tenester eller andre ytingar. Som ein del andre len i denne perioden, var vilkåra for forleninga varierende. Den første lensherren, Hans Lindenow, måtte betale ei fast årleg avgift til kongen, medan dei andre fekk lenet "kvitt og fritt". Uansett fekk personen som forpakta lenet alle inntekter frå landskuld, bygsel og andre inntektskjelder.¹²⁶ Giskegodset hadde òg eigedom andre stadar enn Sunnmøre. Senja, Hardanger, Voss og Ryfylke var alle område der Giske anten eigde gardar eller gardpartar, men den største delen utanom Sunnmøre finn me i Romsdal. Her var landskulda i 1626 på vel 176 våger fisk, knapt 45 % av landskulda frå Sunnmøre.¹²⁷

Tabell 5 Lensherrar over Giskegodset

Lensherre	År	Andre opplysingar
Hans Lindenow	1583-1586	Var òg lensherre i Bergenhus (1578-86)
Johan Svave	1586-1594	
Frederik Rosenkrantz	1595-1599	
Sivert Beck	1599-1623	Rentemeister i København
Axel Arenfeldt	1623-1643	Rentemeister i København
Knud Ulfeldt	1643-1646	
Hannibal Sehested	1648-1651	

Kjelde: I Balansepunktet: s.409

Ei litt spesiell sak er Johan Svave som forpakta vekk godset til borgarmeister Søren Andersen i Bergen for 5 år. Denne avtalen vart oppheva i 1594 av kongen, ettersom lensherrane sjølve eller tenarane deira skulle forvalte lena, og ikkje "fremmede", dvs. uadelege.¹²⁸ Alle desse lensherrane tilhørde adelen, men drifta vart sett bort til ombodsmenn; i Giske sitt tilfelle vart dei òg kalla giskefutar. Hovudoppgåva deira var å få inn inntektene til godset til rett tid og at desse vart størst moglege.

¹²⁴ I Balansepunktet 1994: 199-201

¹²⁵ I Balansepunktet 1994: 297

¹²⁶ I Balansepunktet 1994: 201

¹²⁷ Fauske, 2004:86

¹²⁸ I Balansepunktet 1994: 409

Tabell 6 Giskefutar

Giskefut	År	Andre opplysingar
Strange Jørgensen	1587-1595	Rådmann i Bergen frå 1602
Jacob Pedersen	1595-1608	Fut på Sunnmøre 1598-1601, og i Romsdal (1586-95, 1602-09). Døydde 97 år gamal i 1633.
Anders Iversen	1608-1623	Vèrson til Jacob Pedersen, avsett pga reknskapsrot.
Rasmus Lauritsen Stud	1623-1643	Slektning av Strange Jørgensen.
Hans Anderssen	1643-1648?	Av Heibergætta frå Sogn, budde på Giskegard.
Henning Hansen Smit	1649?-1651	Forpaktar frå 1651, medeigar frå 1660.

Kjelde: I Balansepunktet:410-411

Blant desse, er det to som er sentrale i trelasttida på Sunnmøre: Anders Iversen og Rasmus Lauritsen Stud. Iversen var svigerson til Jacob Pedersen og mest sannsynleg norsk. Han vart avsett på grunn av rekneskapsrot, i tillegg klaga bøndene på at han tok inn for høg sagleige.¹²⁹

3.1.3.3 Rosenkrantzgodset

Når no Giskegodset har kome i fokus, må òg Rosenkrantzgodset nemnast. Dette var den andre store godssamlinga på Sunnmøre tidleg på 1600-talet. Det utgjorde om lag 2/3 av storleiken på Giskegodset, med 293 våger fisk, over 10% av all landskuld på Sunnmøre, i 1626. I likheit med Giskegodset, hadde Rosenkrantzgodset òg eigedomar i Romsdal. I 1624 gav desse 78 våger fisk i landskuld. I følgje Dale har godset vore på om lag 1/3 av Giskegodset allereie i seinmellomalderen, då det var på Losneætta sine hender. Seinare kom Rosenkrantzætta inn som eigarar, men korleis godset vart styrt på byrjinga av trelasttida (slutten av 1500-talet), er framleis uvisst. I 1591 var det arvingane etter Erik Rosenkrantz som eigde godset: Enka Fru Helvig Hardenberg, sonen Jacob Rosenkrantz, samt svigersønene Breide Rantzau til Rantzauholm og Frantz Rantzau til Redingsdorp.¹³⁰ I 1616 hadde det vore problem med den avsette futen, Henrik Høyer.¹³¹ Breide og Jakob klaga han inn for lagmannen i Bergen, og kongen sendte ut eit brev som ber lagmannen rette seg etter det Breide Rantzau tek opp. Me ser her at dei driv eit aktivt eigarskap av godssamlinga, og avsette ombodsmannen når han ikkje gjorde det han skulle. Desse to Rantzau-brødrene var mektige figurar i det dansk-norske riket både politisk og økonomisk. Breide Rantzau var blant anna statthaldar i Købehavn frå 1601 og riksrådsmedlem.¹³² Rosenkrantzgodset fekk i likheit med Giskegodset mykje landskuld Romsdal. I 1624 var lanskulda herfrå 78 våger fisk, rundt ein fjerdedel av lanskulda frå Sunnmøre.

¹²⁹ I Balansepunktet 1994:410

¹³⁰ N.R.R. III:225

¹³¹ N.R.R. IV:581

¹³² Dansk biografisk leksikon: <http://runeberg.org/dbl/13/0404.html>

Rasmus Lauritsen var forpaktar eller medeigar seinast 1616. I 1630 er han nemnd som fullmektig i høve til eit eigedomskifte med Rosenkrantzgods.¹³³ I 1630 var Tage Thott Ottesen til Eriksholm, Borchard Rud, Otte Brahe Pedersøn og Henrik Rantzau eigarar av Rosenkrantz-godset. Thage Tott Ottesen (1580-1658), var riksråd og svigerson av Breide Rantzau. Same året hadde Rasmus Lauritsen fått tak i ein stor del av Rosenkrantzgodset, anten som pant eller i eige.¹³⁴

3.1.3.4 Rasmus Lauritsen Stud – ein mektig mann

Rasmus Lauritsen Stud (1578-1650) var ein sær sentral person når det gjaldt makt og rikdom på Vestlandet første halvdel av 1600-talet. Han var av borgarslekt i Fåborg på Fyn og mest sannsynleg ein slektning av giskefuten Strange Jørgensen. Karrieren han fekk var sær omfattande; fut i Stavanger frå 1607-10, byfut i Bergen 1612-16, rådmann i Bergen 1613-42, tollforpaktar og tollmeister i Bergen 1621-35, borgarmeister i Bergen 1642-1650, ombodsmann for Giskegodset 1623-43, ombodsmann for Rosenkrantzgodset nordafjells seinast frå 1616 og forpaktar for Gallegodset på Vestlandet frå 1633.¹³⁵ Han var svigerson av Søfren Søfrensen, som var byfut i Bergen og tollar frå 1604 til han døyde i 1621. Søfrensen var òg rådmann og borgarmeister, og var ein av dei fremste forretningsmenn i Bergen, med vinkjellar, handel på Færøyane, kvalfangst, reperbane og møllebruk.¹³⁶ Det sunnmørske hovudsetet hans låg på Hankeneset, på det som no er øya Tørla i Borgundfjorden. Herfrå skal me sjå at han hadde kontroll over store delar av eigedomane på Sunnmøre, og var sentralt plassert med tanke på utanlandske skip og avstand til dei ulike lasteplassane. Rett innanfor låg ei av giskesagene, Mauseidvåg. Han tok ikkje borgarskap i Bergen før i 1618 eller 1619, men han dreiv nok kjøpmannskap før dette.¹³⁷

Rasmus Lauritsen tok ikkje over som ombodsmann for Giskegodset før i 1623, men alt tyder på at han var involvert i delar av godsdrifta allereie i 1616. I dette året tok giskegodset inn 273 ½ riksdalar i avgifter på sagine, i tillegg er det nemnt ei innbetaling frå Lauritsen på 290 dalar: *"Beløffer thj som Rasmus Lauritsen haffuer giffuett Affgift Aff – ij x lxxx Rdr."*¹³⁸ Stein Arne Fauske argumenterer med at dette kan vere avgift for sagleige, men det samsvarar dårleg med storleiken på sagavgifta seinare år. I 1622 var inntektene framleis 273 ½ dalar,

¹³³ N.R.R. VI:238

¹³⁴ I Balansepunktet 1994: 411

¹³⁵ I Balansepunktet 1994:411

¹³⁶ Jørgensen:65

¹³⁷ Borgerskap i Bergen 1600-1751, Digitalarkivet: "Rasmus Laur*"


¹³⁸ Fauske: 111

utan at Lauritsen er nemnd.¹³⁹ Det eg trur er at denne summen, på ein eller annan måte, har gjeve Rasmus retten til å kjøpe all trelast som vart skore på giskesager for ein viss tidsperiode. Dette stemmer godt overens med at han seinast i 1616 òg tek over som ombodsmann for Rosenkrantzgodset nordafjells. Når han so tek over som giskefut i 1623, fekk han meir kontroll over giskesagene sjølv, og slapp å betale noko ekstra for å få tilgang til dei.

I jordaboka til Giskegodset i 1626 skriv Rasmus Lauritsen at bøndene klagar over at skogane no er uthogde. Vidare kjem det fram at mange av bøndene ikkje tar seg råd til å drive sagene, slik at dei vert lagt øde.¹⁴⁰ På denne måten miste Giskegodset 12 riksdalar per sag som vart lagt ned, og det var nok grunnen til at desse opplysningane kom med i jordeboka.

Med utgangspunkt i Rasmus Lauritsen, kan me nok ein gong sjå på korleis fordelinga av jordegods var på Sunnmøre. Rasmus hadde òg nokre våger fisk odelsgods som han hadde kjøpt før 1626, som kjem i tillegg til giske- og Rosenkrantzgodset. Med dette ser me at han kontrollerte om lag 26 % av jorda på Sunnmøre i 1626:

3-3 Fordeling av jordegods på Sunnmøre 1626



Lauritsen var ein sær s mektig mann i si tid, og han sette spor etter seg. Dottera, Margrete i Hanken, gifte seg med Henning Hansen Smit, ein sær ambisiøs herremann. Brørne hans, Peder og Henning, var respektive lagmann i Bergen frå 1652 og slottskrivar på Bergenhus i

¹³⁹ Fauske: 111

¹⁴⁰ SHA-DIX5-12-017

1648.¹⁴¹ Henning var ombodsmann for Giskegodset, fyrst under Hannibal Sehested 1649-51, og frå 1651-57 under kongen. Som ombodsmann òg for Rosenkrantzgodset, kjøpte han opp mykje eigedom, og i midten av 1650-åra kontrollerte var han jorddrott for meir enn ein tredjedel av sunnmørsbøndene (om lag 1000).¹⁴² Det kan virke som om han hadde tenkt å ta over alt Giske- og Rosenkrantzgods på Sunnmøre, og lage eit eige herresete. Kring 1660 kjøpte han og brørne Giskegodset for 17.650 dalarar, men han døydde berre eit par år seinare. Kanskje var det like greit for sunnmøringane at han ikkje fekk fullføre planane sine, Henning Hansen Smit tynte leiglendingane sine grundig. Sunnmøre har aldri vore nærare ope opprør som då, men Sunnmøre har heller aldri hatt ein so rik mann. Formua hans vart estimert til 33 000 dalarar ved skiftet i 1664.¹⁴³

3.1.3.5 Fordeling av odelsgods

Noko av det mest interessante Dale kjem med er fordelinga av odelsgods som han tek nærare for seg i neste tabell:

Tabell 7 Fordeling av odelsgods på Sunnmøre 1626

Bønder	550-1-13	19,7 %
Borgarar	44-2-10	1,6 %
Embetsmenn	41-1-08	1,5 %
	Av totalen	22,8 %

Her kan me ifølgje Dale sjå at nærare ein femtedel (19,7%) av jorda i 1626 var eigd av bønder, og at berre vel 3 % av all jord var på borgar- eller embetsmannshender. Sjølv om bøndene eigde mykje jord, var ikkje nødvendigvis ein jordeigande bonde busett på garden han eigde. Ein finn tilfelle av at bønder var leiglendingar på gardar med betre jord, eller betre plassering enn odelsgarden. Så lenge ein kunne tene på det, var det ikkje noko problem å leige vekk heimgarden. Dale nemner òg dei største jordeigarane av bøndene i 1626, og viser til at den største jordeigaren blant desse, var Størker Tennfjord i Gryta skipreide som eigde 54,5 mellag, over 13 våger fisk i landskuld.¹⁴⁴ Det viser seg at blant desse jordeigarane, var eller vart mange av dei seinare lensmenn, som det var ein av i kvar skipreide. I tabellen som følgjer, får me ei oversikt over kvar dei største jordeigarane heldt til og kor mykje landskuld dei eigde; dette gjeld dei som eigde meir ein 2 våger fisk (8 mellag).

¹⁴¹ I Balansepunktet 1994: 412

¹⁴² I Balansepunktet 1994: 412

¹⁴³ I Balansepunktet 1994:414

¹⁴⁴ Dale, Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2001:84

Tabell 8 Heimstad til dei store bondejardeigarane på Sunnmøre 1626

	Ytre	Indre	Totalt
Jordeigarar	18	8	26
Landskuld (mellag)	320	103	422

Ytre vil her seie dei skipreida som låg nærast kysten, der det ikkje har vore so mykje trelast, med nokre unntak. Frå nord til sør finn me desse: Gryta, Vatne, Borgund, Ulstein, Nærøy, Rovde og Vanylven. Indre vil seie dei skipreida som låg i fjordstrøka innanfor øyene og kystskipreida: Valle, Dale, Hjørundfjord, Ørsta og Volda. Dei største samlingane med bondegods finn me i ytre strøk, på øyene og fastland nær sjøen. Frå nord til sør finn me Tennfjord og Eidsvik som no ligg i Haram kommune, Eiksund samt Indre og Ytre Dimna i noverande Ulstein kommune, Leikong i Herøy kommune samt gardane Strand og Myklebust i Vanylven kommune. Alle desse har vore store jardegods på 1500-talet og truleg lenge før.¹⁴⁵ Viss ein reknar om mellaga desse bøndene eigde til våger fisk, ver det om lag 105 våger, med andre ord opp mot 20% av det totale odelsgodset. Det vil seie at dei som eigde mindre enn 2 våger fisk i landskuld, hadde kontroll over meir enn 80% av odelsjorda på Sunnmøre, det vil seie rundt 15% av all jorda.

Når det gjeld borgargodset og embetsmannsgodset, kan dei vel knapt kallast dette, skriv Dale. Han peiker på at mesteparten er gamal bonde- og litt adelsjord. Stort sett hadde det ved arv gått over til folk som anten var borgarar eller embetsmenn. Blant anna eigde Rasmus Lauritsen seks våger under Vatne skipreide, noko som mest truleg var reint kjøpegods. Viss ein ser på embetsmennene, eig presten i Ulstein, Herr Rasmus Povelsen Brandal meir enn 21 våger fisk, 87,5 mellag, det var truleg lågadeleg arvegods av det sokalla Synnesgodset.¹⁴⁶ Sjølv om borgarar og embetsmenn soleis ikkje eigde mykje jord i 1626, har dei likevel kontroll over enkelte sager. Rasmus Lauritsen er i ei særstilling, men prestane Herr Claus i Borgund og Herr Ebbe Madsen i Ørskog svara skatt av sag i 1603, og i 1626 eigde Herr Wichtmand Paasche ei sag.

3.2 Sagene

I mellomalderen i Noreg var saging av bord ei tung oppgåve. Sagbenken var den mest effektive måte å sage på, og oppa den la ein stokkane. Ein mann sto over stokken og ein under, og saman saga dei bord. Dette var både tid- og ressurskrevjande, og stort sett vart trelast hoggen på denne tida. Hus vart lafta med stokkar, og bjelkar og ”huggenbord” laga av

¹⁴⁵ Dale, Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2001:86

¹⁴⁶ Dale, Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2001:86-87

ein kløyvd tømmerstokk, var dei vanlegaste bygningsmateriala. Vassaga kom til Noreg på 1520-talet og revolusjonerte trelastnæringa, på den måten at det no vart mogleg å produsere mykje trelast på relativt kort tid (for dei som hadde råd til sag). Vassmylner hadde ein hatt i Noreg sidan seinast år 1200, og med den nye teknologien vart vasskrafta endå meir verdfull.¹⁴⁷

3.2.1 Oppgangssaga og sagbruka

I ei slik oppgåve er det nyttig å sjå for seg kva det er ein drøftar, og her tykkjer eg det er på sin plass å forklare korleis ei oppgangssag og heile sagbruket fungerte.

For å kunne ha ei sag måtte ein ha nok vasskraft til å drive vasshjulet delar av året. Alle sagene på Sunnmøre skatta som flomsager, det vil seie at dei primært var i bruk i periodar med stor vassføring og då særleg om våren under snøsmeltinga. Sjølv om denne perioden på våren i utgangspunktet var viktig, er fleire av elvene på Sunnmøre såpass store at det nok har vore saga i store delar av året på enkelte sager. Haustflom er heller ikkje eit ukjent fenomen på Sunnmøre. For å få nok kraft må ein, i tillegg til tilstrekkelege mengder vatn, ha eit visst fall på vatnet, for å utnytte energien vatnet får ved høgdeforskjell mellom dam og sag (jamfør eit vasskraftverk). Dette førde til at sagene oftast vart plasserte i tilknytning til ein foss eller eit stryk. Når det gjeld plasseringa av saga, måtte ho stå såpass langt frå elva at ho ikkje kunne bli tatt av flom, noko som førde til at ein måtte byggje vassrenner langs fossane til ein stad der saga kunne byggjast. Det siste punktet som går på plasseringa av ei sag, var moglegheitene til å få vatnet over i renna. Elvene følgjer sitt eige løp og renn minste motstands veg nedover. For å få vatnet inn i sagrenna måtte ein omdirigere vatnet, og dette vart oftast gjort med bruk av ein damstokk (flomstokk). Dette var ein tømmerstokk som ein la på tvers over stryket ved sida av der renna gjekk. Denne stokken vart lagt slik at han låg fast mellom strategisk plasserte steinar. Han heva då vassstanden i dammen/kulpen slik at nok vatn rann inn i renna og ned på vasshjulet i staden for nedover stryket. Det var ikkje sjølvsagt at eigaren av saga òg hadde rettane til vatnet, for på garden Oksvik i Dale skipreide vart dette skrive om eigedomstilhøva knytt til saga i 1623: ”.., (saga) stander paa Bondegrundt, och dammestocken Paa Kong. Maistxs: grundt,”¹⁴⁸ Eg skal seinare i kapitlet gå inn på eigedomstilhøva knytta til sagene, men her får me eit lite frampeik om at det kunne vere ulike eigarar på saga og sjølve vassressursen.

¹⁴⁷ Bugge 1:345

¹⁴⁸ LR035-5050

For å vise eit slikt damanlegg i praksis skal eg ta for meg eksempelet Glomset i Valle skipreide (no Skodje kommune), for her kjem tuftene til saga til syne, og ein damstokk/flomstokk ligg der framleis.

3-4 Sagtuftene på Glomset



På biletet ser me gamlesaga i midten, lengst til venstre ser me tuftane av ei nyare sag. I elva ser me kulpen eit stykke lenger oppe. Sjølv om ein ikkje ser dette så godt på biletet, er det om lag 10 meter høgdeskilnad på kulpen og saga. Ho ligg heilt nede ved sjøen i ei godt skjerma vik, Honningdalsvika, så det var nok særst lett å få frakta ut trelasten herfrå. Avstanden herfrå til Langskipsøya er berre nokre få kilometer.

3-5 Dammen på Glomset




Når ein ser på biletet frå dammen, ser me betre korleis dette med å avleie vatnet fungerte. Her ligg det framleis ein flomstokk attmed dammen, og denne vart lagt tvers over i nedkant når saga skulle brukast. Vatnet stig og tek lettaste veg nedover, i dette tilfellet ut i ei renne som det er pil på, ned i eit søkk i terrenget og vidare på ei renne ned på vasshjulet på saga. Korleis stokken vart lagt, ser me betre på eit anna bilete, frå garden Solnør i same skipreide, litt lenger inn i Storfjorden. Her vart stokken lagt mellom steinane på kvar side av elva, så vasstanden steig nok til at vatnet rann over i renna.

3-6 Dammen på Solnør



3-7 Oppgangssaga si virkemåte



149

Med utgangspunkt i teikninga over ser ein prinsippa for ei oppgangssag. Dei ulike delane kunne variere noko, men grunnprinsippet er fast: Vatnet kjem ned i ei renne og treff vasshjulet i nedkant. Her ser me at dette ikkje er noko stort og smalt mylnehjul, men eit breitt hjul med relativt liten diameter. Midt gjennom vasshjulet går det ein fastmontert hjulaksel, som følgjer rotasjonen i hjulet og overfører energien til ein krumtapp/veivaksel som går i ei sirkelrørsle. Til denne veivakselen er eine enden av krumstanga festa, og er i andre enden festa til sagramma. Gjennom krumstanga vert rørsleenergien omgjort frå å gå i sirkel til å virke vertikalt, og dette er det som gjer at saga gjer det ho skal, nemleg å sage tømmerstokkar. Sagbladet var stilt litt på skrå for at ho sagde berre på nedgåande rørsle. På dei første sagene var det ikkje så mykje tekniske innretningar, då måtte tømmerstokken førast inn manuelt.

¹⁴⁹ http://www.ringeriksporten.com/Magasinet/Oppgangssaga/oppgangssaga_1.html

3.2.2 Utviklinga av sagene på Sunnmøre

Kva tid oppgangsaga kom til Sunnmøre veit me ikkje. Diverre er ikkje dei kjeldene eg har sett som gjeld Sunnmøre på 1500-talet, mykje til hjelp med tanke på trelastproduksjon og eksport. Likevel dukkar det opp nokre glimt no og då. Allereie i 1563 var det sag på Solnør, for då er det tre skipparar som tek inn 121 tylfter sagbord.¹⁵⁰ Blant desse finn me Henrik Povelsen ”y Trunhiem” som kjøper 100 tylfter, Anders Torsteinsen kjøper 16 tylfter, og ein utlending, skipper Lauritz frå København kjøper 5 tylfter.¹⁵¹

I 1575 reiste Henrik Knutson Sæbø frå heimgarden på Sæbø i Hjørundfjorden med nokre karar over til Langeland i Sunnlyven, sørvest for Hellesylt. Her slo dei sund ei ”sagequern”, som han meinte sto på sin eigen grunn, og stal med seg sagbladet attende til Sæbø. Saga sto på odelsgrunnen til Ingeborg Nilsdatter Rygg i Nordfjord, og saka kom for lagtinget i Bergen. Henrik unnlet å møte to gongar, men den tredje gongen han vart innkalla, i 1581, møtte han. Han vart dømd til å betale 10 mark sylv i bot for brotsverket, og eit mark til Ingeborg. I tillegg måtte han få sett opp att saga og betale kost og losji for dei gongane Ingeborg hadde møtt i retten utan at han sjølv kom. Medløparane hans måtte betale eit mark kvar i bot. Det vart òg utnemnd nokre menn som skulle sjå at Henrik gjorde opp for seg i løpet av ein månad.¹⁵²

Viss me går nord att til Solnør, er det i 1582 nemnd ein sagmeister på garden når Gyrvild Gyldensparre selde Giskegodset til kong Fredrik II.¹⁵³ Hans Strøm skriv om dette salet og opplyser at ”Solnør er frie med fire Pund Fisk for hand er Sougmester” i skøytebrevet.¹⁵⁴ Kva dette skal bety er eg ikkje sikker på, men ei tolking kan vere at sagmeisteren slepp å betale landskuld for garden som ein del av løna si. I 1589 dukkar to nederlandske skipparar opp i ei rettsak i Harlem og blir krevd pengar for ei reise til ”Noorwegen jn Roemsdall benoorden Bergen”. Det er lite sannsynleg at dei kjende til Romsdal og ikkje Sunnmøre som ligg lenger sør. To år seinare fekk futane i Romsdal, på Sunnmøre og i Nordfjord korreks frå kongen sidan dei tillet framande skipparar å handle i desse lena. Vidare klaga sunnmørsbøndene til kongen i 1596, fordi dei lokale borgarane hindra dei å handle med framande kjøpmenn som av og til kom til området.¹⁵⁵

¹⁵⁰ I Balansepunktet 1994:338

¹⁵¹ I Balansepunktet 1994: 379

¹⁵² Grøvik 1975: 176

¹⁵³ <http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesside&bokid=riksreg2&sideid=228&innhaldid=2&storleik>

¹⁵⁴ Strøm 2:115

¹⁵⁵ I Balansepunktet 1994:338

Det første handfaste prov på ein utstrakt trelasthandel får me i 1598, for då fraktar borgar Johan Windelcken i Bergen eit Hamburg-eigd skip på 80 lester til Sunnmøre for å hente delar der til Dieppe i Frankrike.¹⁵⁶ (80 lester er nesten dobbelt så stort som det største skipet (45 lester) som lastar trelast i skatteåret 1606-07.) Dette er den fyrste utskipinga det vart kravd utførsletoll for ifølgje Bjørn Jonson Dale. Tollen på 8 våger malt (144 kg) vart betalt i Bergen.¹⁵⁷

Den første lista med sager har me frå lensrekneskapen 1603, då det var 38 registrerte sager på Sunnmøre. Før dette har eg korkje funne tal på sager eller lensrekneskap, men alt tilsei at nokre av desse sagene har vore der ei stund, for alle desse sagene kom ikkje opp i ei handvending. I tillegg til desse kjem det enkelte sager som anten ligg under Giskegodset eller som er Rosenkrantz-gods og som ikkje er oppførde i andre kjelder. Desse finst det eigne jordebøker for, men sjølv om det ikkje er snakk om mange ekstra sager, er nokre av dei sær viktige, blant anna saga på Solnør.

Tabell 9 Oversikt over sager i 1617

Futedøme	Årgangsager	Flomsager	Tylfter bord	Tylfter per sag
Sunnfjord	2	2	240	60
Nordfjord		17	244	14
Sunnmøre		57,5	1626	28
Romsdal		66	3090	47

Kjelder: Lensrekneskapen i 1617 RA, Bergenhus len, Lensrekneskapar, pakke 24.5, Grüner 1972

Her ser ein tydeleg kor langt framme Sunnmøre var reint kvantitativt i trelastforedling tidleg på 1600-talet, jamført nabofutedøma i sør. Sunnfjord hadde berre fire sager, men to av dei var årgangsager med ein langt større kapasitet enn flaumsagene, noko ein heilt tydeleg ser i talet på tylfter per sag. Det kan sjå ut til at Nordfjord mest sagde bord til eige bruk sidan gjennomsnittet per sag berre var nede i 14 tylfter (*12=168 bord). I Nordfjord var 46 % av jorda odelsgoods, og berre 2 % tilhørde adelen.¹⁵⁸ Det er tydeleg at i område med ein sterk bondestand var skurden per sag lågare enn andre område. På andre sida vart det ikkje drive noko særleg eksport direkte frå Nordfjord i denne perioden. Romsdalen var i særklasse den største trelastregionen på lista med ein produksjon på nær det doble av Sunnmøre. No skal eg sjølv sagt ikkje seie noko for sikkert ut frå desse tala, men eg har vanskar for å tru at sunnmøringane laug mindre enn fjordingane og romsdølane med tanke på skurden. Som eit

¹⁵⁶ Bugge 2, 1925:188

¹⁵⁷ I Balansepunktet 1994: 380


¹⁵⁸ Bjørkvik og Holmsen 1972:30

apropos kan eg nemne at den halve saga er ei sag i Ørskogelva som Peder Lande på garden Nedre Lande deler saman med presten. Det ser utifrå lensrekneskapen av presten ikkje betalte skatt for sin halvpart av saga, derfor slapp Peder unna med berre halvparten.

I 1616 kom følgjande forordning: ”og Bønderne, som ellers meest burde at nære sig paa slig ulovlig Sagbrug og derudover forsømme deres Ager og Avl, Riget udi Længden til mærkelig stor Skade og Afbræk; (...) ingen, det være seg hva som helst det er eller være skal, må heretter have eller bruke noen sager, med mindre de har odelsgrund og rettighet at sette damstokke på og selv har egne skoger, av hvilke de kunne bekomme hvis sagtømmer, som på fornevnte deres sager kunne skjæres..”¹⁵⁹ Her vart det klart at for å kunne drive sag, måtte ein ha odelsgrunn med skog, òg i tillegg ha retten til elva/grova saga sto ved.

Denne forordninga er nok ein av to hovudgrunnar til at så mange sager forsvann mellom 1614 og 1618, ei halvering frå 71 til 35. Når nedgongen var så stor, er det ein klar indikasjon på at mange av dei som eigde sager før 1616 anten mangla odelsgrunn, vassrettar eller egne skogar. I tillegg hadde mykje av skogen vorte uthoggen allereie.

3-8 Talet på sager på Sunnmøre 1602-1640



Kjelde: Jarle Sulebust, I Balansepunktet s.297

¹⁵⁹ N.R.R. IV: 602-604

I 1618 vart derimot påbodet om eigen skog, grunn og vassrettar oppheva, men kvar sag måtte no betale ei avgift på 20, 15 eller 10 riksdalar, og dette kan òg vere ein grunn til at talet på sager på Sunnmøre er nede på 35 i 1618.¹⁶⁰ Det var tydeleg at avgiftene var altfor høge, for året etter vart sagskatten sett ned til 4, 3 og 2 riksdalar, noko som fekk fleire av sunnmøringane til å setje i stand sagene sine. Ei sak som viser at 1616-forordninga vart følgd finn me i sakefallet frå 1619 i Valle skipreide: *”Olluff Jørgensen Hundewiig med een Part hans Consorter leverede 16 thylter sambfengs Bord, onde och gode, thil Udførelse och Indtekt at thierris Saug igjen kunde beuilges for aarlig Affgift, som een Thiid langh efter Kongl. Mayst. alfforlige Beffalingh haffuer været udi Forbud. Aff samme Bord befandtis foruden Wragh och Udschott 1 ½ Tylther gode Bord ½ Rdl. Bod 5 ½ Dlr. 1 Ort.”*¹⁶¹ Her ser me at saga i Hundeidvika ved utløpet av Hjørundfjorden ikkje har vore i bruk på lang tid, noko som er eit relativt omgrep. Denne saga, som låg på Rosenkrantz si jord, var i bruk seinast i 1612, og mest sannsynleg fram til forbodet i 1616. I 1618 vart det ikkje skore noko på saga.¹⁶² Her ser me at Oluf og co. ville ta ho i bruk att, og leverte då 16 tylfter samfengsdelar, det vil seie bord som er usorterte, og kunne innehalde både vrakbord (dårlege bord) og undermålsbord. Ved å selge dette ville dei kanskje få nok pengar til å betale sagskatten. Av 16 tylftar var 1 ½ gode bord, resten var ”onde” bord, kvifor leverte dei frå seg eit so dårleg produkt? Ut i frå det eg har lest om emnet, er det truleg at desse borda var skorne av tømmer som vart hogge før forbodet kom i 1616, men som dei ikkje hadde fått saga opp før i 1619. Tømmer som ligg ute i fleire år på Sunnmøre vert ikkje betre med tida.

Auken frå 1618 til 1623 er 19 sager, ein auke på over 50 %. Likevel kjem aldri Sunnmøre opp på same talet sager som før forordningane, og grunnen til det må rett og slett vere at skogen har vorte mest uthoggen på store delar av dei tidlegare skogkleddede områda og at det ikkje var nok tilgjengeleg tømmer til at det lønte seg å betale sagskatt.

Frå midten av 1620-talet ser me at talet på sager gradvis minkar, og 15 år seinare er det berre 10 sager att på Sunnmøre. I Rosenkrantz jordbok frå 1626 står det om gardane på nordsida av Storfjorden frå Emblem til Honningdal, ei strekning på rundt 10 km der det hadde vore godt med skog: *”...Till disse nest? forn: - 8 gorder, haffuer i Gammell Tiid Weritt Nogen schouff, er for mange aar mest Udhugenn, och huad Nu igjen ehr, Findis nogett langtt udi fieldins saa dett iche aff mig Kand Taxeris dennd till nogenn Hielp som paa jorderne boer, Thi de ehre*

¹⁶⁰ N.R.R. IV: 694

¹⁶¹ Tandstad:194

¹⁶² Tandstad:188

meget strengelig forbødet, nogett derudi att bruge, Till med saa er same Bønder, som boer paa jordene, meget fattige. Ti jorder udi siig Sielffv ere Ringe och disse gaarde dyre aaringe, thuinge dennom och meget.”¹⁶³ Eg ser på dette som ein indikasjon på at gardane har høg taksering/landskuld, men ikkje har noko særleg å betale med sidan skogen er uthoggen.

For å trekke ein parallell til Romsdalen, var der som nemnd 66 sager med ein oppgitt produksjon på 3090 tylfter bord i 1617. Her hadde òg talet på sager gått ned etter forordningane, men på langt nær so kraftig som på Sunnmøre. I 1610 hadde trelastproduksjonen teke av der i futedømet, og det var 86 sager som skar 6067 tylfter det året. Frå 66 sager i 1617 hadde talet auka til 110 i 1620 med ein produksjon på 5100 tylfter, og produksjonen var på sitt høgste i 1625 med 117 sager og 5942 tylfter.¹⁶⁴ Men skurdta er ikkje til å stole på, ikkje ein gong som samanlikning frå tiår til tiår. Eg vil tru produsentane av trelast (med futen si velsigning?) etter kvart såg at det var enkelt å oppgje langt lågare skurd enn det som var tilfelle. (Meir om dette s.86)

Tabellen på side 63 viser i alle høve hovudutviklinga av trelastnæringa på Sunnmøre. Ut frå desse tala kan ein sjå at stordomstida for trelast på Sunnmøre for lengst var over i 1640. 1647 ser ut til å ha vore det siste året med registrert utskipping på hollandske skip. Den siste utskippinga vart då mest sannsynleg utført på skipet ”Mercurius” som tilhørde Staets Ostenrick som heldt til i Bergen. Skipper var Svend Rasmussen frå København, og skipet var ifølgje befraktingskontrakta drektig på 100 lestar skipet vart leigd 20.april. Trelasta om bord skulle til Portugal, før ”Mercurius” seglde til San Lucar eller Cadiz og for opp att til Bergen.¹⁶⁵ Etter dette har me ikkje registrerte utføringar av trelast frå Sunnmøre, men det er ikkje utenkjeleg at eit og anna skip kom innom og lasta trelast, anten på veg til eller frå Romsdalen, eller som tilleggslast for tjøre. I 1663 kom det ei nederlandsk trelastskute til Vatnefjorden og kjøpte tjøre etter å ha teke inn trelast. Her hadde Giske ei sag som låg øyde i 1642, mest truleg kom lasta frå Romsdalen.¹⁶⁶

¹⁶³ SHA-DIX5-12-026

¹⁶⁴ Grüner: 92

¹⁶⁵ Schreiner 1933:156-157

¹⁶⁶ I Balansepunktet 1994:384

Når det gjeld dei fire sagene som er nemnde i Landkommisjonen 1661, sagde dei berre trelast til eige bruk, ikkje til vidaresal. Lae, Honningdal, Solnør og Tennfjord var dei einaste sagene nemnde, sjølv om enkelte andre gardar òg hadde noko furuskog att.¹⁶⁷

Stort sett dei same opplysningane får me òg frå Landkommisjonen 1661, Bergenhus len: ”Forteignelse paa alle sauger, som findis udi Bergenhuslehn, oppaa huormange bor, paa er huer aarlig wngefehrlig skiris,”¹⁶⁸ ”Paa Sunnmøre findis ocksaa 2 eller 3 becke sauguer, huorpaa intet skieries till nogen affhendelse, men allene till, bøndernis egen husis reparation.” 12.juli 1661¹⁶⁹

3.2.3 Sager og sageigarar

Eit viktig spørsmål er kven det var som eigde sagene. Lensrekneskapet fortel berre kven det er som skatta av sagene, ikkje nødvendigvis kven som eigde dei.

Sidan det ikkje er sikkert at det er personen som betalar skatt for saga som eigde henne, må eg finne ut korleis eigdomsrettane på desse gardane var. På Sunnmøre var det ikkje så veldig mange gardar som var odelsgardar, både Giskegodset og Rosenkrantzgodset eigde mykje eigedom, og sjølv sagt var kyrkje og kongen inne i biletet – ofte var gardane delte opp. For å finne ut kven det var som hadde retten til skogressursen, må me sjå på kven som hadde bygselen på garden. Det var denne eigaren som hadde retten til skogen, dei andre kunne berre ta skog til husbruk (ved, never til tak, osv.). Som før nemnd var òg retten til vassressursen ein viktig faktor. Alle desse faktorane skal eg sjå nærare på seinare.

På nokre av sagene etter 1603, vert det til dømes opplyst at sagskatten er betalt av: ”*Olluff Andersen Oxsaug og hans CONSORTER*”.¹⁷⁰

Ifølgje Norsk Historisk Leksikon er eit konsorter i denne samanhengen ei gruppe med felles interesser.¹⁷¹ Dette kan tyde på at fleire bønder var gått saman om drifta av ei sag. Grunnane til dette kan vere fleire, fordi denne saga låg best til med tanke på skogressursen, utskipingshamn, fall i elva, vatnføring m.m. Slike konsorter finn me ikkje i 1603, men dukkar opp etterkvart som skogen tynnast ut.

¹⁶⁷ Fauske, Landkommisjonen 1661, Sunnmøre fogderi

¹⁶⁸ LK1661-26-045

¹⁶⁹ LK1661-26-050

¹⁷⁰ Skatteboka over nordlotten av Sunnmøre 1636/37, LR075

¹⁷¹ Fladby: 166

3.2.3.1 Solnør – ei sær sentral sag på fleire måtar

For å kome med eit eksempel på korleis utviklinga kunne ha vore, vil eg vise historia til ei av dei viktigaste sogene på Sunnmøre på 1500- og 1600-talet, saga på Solnør. Denne er nemnd allereie i 1563, då tre skipparar med Henrik Povelsen ”y Trunheim” i spissen tok inn 121 tylfter sagbord.¹⁷² I 1582 vart som kjend Giskegodset overført til kongen, og i den samanhengen får me vite at på Solnør er det ein sagmeister på garden.¹⁷³ ”Solnør er frie med fire Pund Fisk for hand er Sougmester” står det skrive om landskulda i skøytebrevet frå Gyrvild Gyldensparre til kong Fredrik II.¹⁷⁴ Dette kan vise til at sidan sagmeisteren gjer ein så viktig jobb for Giskegodset, får han mesteparten av inntektene frå garden som løn. Med sine gode furuskogar og nærleiken til Langskipøya, vart Solnør sær sentral i trelastnæringa på Sunnmøre.

I 1642 vert det betalt to riksdalar for sagleige, det same beløpet finn me i 1651. I følgje Landkommisjonen i 1661 får me vite at: ”En liden bechesaug till, schieres ey derpaa, End till gaardens fornødenhed och Reparation behøffuis.”¹⁷⁵

I 1626 får me vite det følgjande om garden: ”Her under findis ett saugh, som altiid under hoffuetgaarden Giedsche haffuer weritt brugt Gaarden med adt opholder, mend nu giffir Ombudtsmanden deraff aarligh ghenatt Pengh--- xi Rixdaller.”¹⁷⁶ Me ser at hovudgarden Giske alltid har brukt garden, men frå no betalte ombudsmannen 10 dalarar i årleg leige. Ombodsmannen for Giskegodset i 1626 er ingen ringare enn Rasmus Lauritsen Stud. Ved å betale ein liten sum, for Rasmus L. vel og merke, fekk han truleg Solnør til fri disposisjon. Her får me nok eit eksempel på korleis han innordna seg, og fekk kontroll over saggardar gjennom si rolle som giskefut.

Vidare får me vite at: ”foruden findis op udi marken, ett andet saugh, som odelsbønder bruger giffuer deraff aarligen-----xii daler. Mend nu haffuer di opsagtt saugett Tii lenger kand formaar di penge adt wdgiffue.” Under Solnør, som alltid har vore under hovudgarden Giske, ligg ei anna sag som odelsbøndene lenger oppe i dalen brukar. Men i 1626 har dei sagt opp bruken av denne saga sidan dei ikkje lenger har råd til å bruke den. 12 riksdalar i året var ein

¹⁷² I Balansepunktet 1994:379

¹⁷³ <http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesside&bokid=riksreg2&sideid=228&innhaldid=2&storleik>

¹⁷⁴ Strøm 2:115

¹⁷⁵ Fauske:105

¹⁷⁶ SHA-DIX5-12-006

særs stor sum for den jamne leiglending på den tida, men grunnen til at dei har sagt frå seg bruken kan vere at dei ikkje har meir skog på sine egne eigedomar.

Solnørvassdraget var delt mellom Giske og Rosenkrantz på 1600-talet. Om Axelluold står det i Rosenkrantz si jordebok frå 1626: *”Till disse 3 jorder (Øvre Solnøre, Barlindbrekke og Akselvoll) ehr Nogen Rinngge schouff megett høigt till fields, saa dend koster meere att Wdfaar till søchend, endsom Tømmerett gielder ved Søhen, Till med saa er forbøden schouffuer, Ingen att bruge saa bønderne neppeliig kand formaar, denis Rettighed, Aarligen att Wdgiffe”*¹⁷⁷ Dette er eit teikn på å spare skogen sidan det ikkje løner seg å ta han ut. Einaste skogen på Sunnmøre som ikkje vart nedhogd var den som var so utilgjengeleg at det ikkje lønte seg økonomisk.

Viss me går utanfor perioden denne oppgåva tek for seg, fekk liglendingane på i 1686 Solnør åtte dagar på seg til å rive saga på garden, då ho var til ”stor ruin og fordervelse”. Grunnen til dette var at statthaldaren i 1683 fekk ordre om å kontrollere tømmer- og trelasthandelen i Noreg. Den oppnemnde kommisjonen kom til Sunnmøre i 1686 og fann ut at det ikkje var tenleg sagtømmer i skogane på Solnør, men med tid kunne skogen vekse til.¹⁷⁸ Nokre få år seinare, i 1691, kjøpte lensmann Ole Lauritsen Abelset Solnør av amtmann Jonas Lillienkiold. Som lensmann hadde han ein del han skulle sagt, så den nye saga kom opp allereie i 1721, bygd av sonen Paul Olsen Abelset. Den som hadde forpakta garden før Ole Abelset kjøpte han, var onkelen Ole og sonen hans som òg heitte Ole. Som nemnd skriv Hans Strøm om Solnørdalen *”som for nærværende Tid eier noget nær den beste Fyrre-Skov paa heele Søndmør.”* Men det Strøm skriv vidare kan nok ikkje stemme heilt: *”Fyrre-Skoven ligger mestendeel til Gaarden Solnør, hvis Eiere og Beboere bestandig have sparet den og holdt den i god Hævd.”*¹⁷⁹ Viss eigarane alltid hadde spara skogen og heldt den i god hevd, hadde det nok ikkje vore nødvendig å rive saga i 1686. Likevel kan det godt vere at Solnør har vore blant dei gardane som best har teke vare på skogen og derfor kan starte opp att med sag i 1721, berre 70 år etter at trelasteksporten frå Sunnmøre var avslutta.

Når det gjeld Ole Lauritsen Abelset, kan det nemnast at faren, Laurits Olsen Abelset, gifte seg med Margrete Laugesdatter Gamst. Ho var dotter av dansken Lauge Gamst; han var ein av dei som slo seg opp på trelasthandel i byrjinga av 1600-talet og heldt til i Sykkylven. Han budde

¹⁷⁷ RJB 1626, SHA-DIX5

¹⁷⁸ Fylling: 6,8

¹⁷⁹ Strøm 2:99-100

på garden Riksheim frå 1624-1633, men svara skatt for ei sag på Jarnes i 1618, sjølv om han ikkje budde på garden.¹⁸⁰ Dette året vart det ikkje skore noko på saga på grunn av forordninga 1616 som me kjem attende til. Lauge Gamst var tidlegare handelsforvaltar for Rasmus Lauritsen Stud.

3.2.3.2 Andre særeigne eigarkonstellasjonar

På garden Giskemo i Valle, som naturleg nok låg under Giskegodset, får me vite at dei årlege 12 riksdalarane i sagleige gjekk direkte til Axell Arnfeld, som var lensherre for Giske.¹⁸¹ Dei andre saggardane i jordeboka for Giske 1626, er det berre oppført at dei betalar "*Aarligens Penghe*". Kvifor Arenfeldt sitt namn skulle vere nemnt i ein slik samanheng virkar noko uklart, sidan han som lensherre skulle hatt pengane uansett. Ein ting er iallfall sikkert; Rasmus Lauritsen hadde noko med det å gjere.

Frå JB1626 får me vite om garden Klokk i Ramstaddalen i Valle skipreide: "er en saug till som er affgiffit till giedsche och sgatter Aarlig till Kong Mayz naar schatten Wdgaar.." ¹⁸² Garden hadde eigedomsmessig ikkje noko med Giske å gjere, men var kron- kyrkje- preste- og bondegods i 1626. Korkje Klokk eller nabogarden Ramstad betalar noko i grunnleige eller fosseleige, berre den vanlege sagskatten. Ut i frå desse opplysningane vil eg drage slutninga at denne saga har Giske kjøpt. Ifølgje Landkommisjonen 1661 bygslar bøndene garden og eig 11/16 mellag i garden, dei resterande eigarane er Giske og Ørskogpresten med 2 mellag kvar, og faktisk Hareidskyrkja med 1 mellag.¹⁸³

Ei interessant sak finn me i 1686. Sjølv om dette er etter perioden eg tek for meg, er denne saka særst sentral. Dette året oppdaga ein kongeleg kommisjon ei sag på garden Sorte i Valle skipreide. Ho hadde vore der i minst 40 år, utan at den hadde vorte registrert eller fått offisielt løyve på nokon anna måte. Både ved saga og ved sjøen fann dei skore tømmer, og ved saga låg små tre frå ungskog, noko som både var skadeleg for skogen og ulovleg.¹⁸⁴ Utifrå utsegna frå kommisjonen var denne saga i drift seinast frå 1646, og truleg har ho vore driva endå lenger. Eigar var Prost Hiermann i Borgund, men dei som brukte saga var leiglendingar. Tømmeret var hugge i "*Proprietærs, Kirkens og Prestebolets Jordegods Skove*", og denne

¹⁸⁰ Tandstad:230

¹⁸¹ SHA-DIX5-12-007

¹⁸² SHA-DIX5-11-022

¹⁸³ Fauske LK1661:93

¹⁸⁴ Giske: 797-8

”meget ulovlige Skovhugst” vart straffa med at saga måtte øydeleggast innan 14 dagar.¹⁸⁵ Korleis ho kunne ha vore skjult for myndigheitene, er noko uvisst, men det er nok ikkje utenkjeleg at det har vore korrupsjon av ein eller annan form. Det som i alle fall er klart er at viss ei sag i eit so sentralt område kunne ha stått ”uoppdaga” i over 40 år, kan det ha vore fleire andre sager på Sunnmøre som heller ikkje har vore registrerte. Dermed kan det vere vanskeleg å lage ei fullstendig oversikt over alle sagine på Sunnmøre.

Om garden Oksvik, skriv Strøm at der framleis er sag og ”*skiøn fyrre-skov*”.¹⁸⁶ Dette er eit teikn på at ikkje all fureskog vart uthoggen, men dei dimensjonane og kvantumet nederlendarane ville ha, var ikkje å få tak i på Sunnmøre etterkvart.

Eit siste apropos finn me i Strøm sine ord ”*Endnu findes vel i visse Bygdelave saa meget deraf, som kan tiene til Beboernes og de nærmeste Naboers Fornødenhed; men det meste Fyrre-Tømmer maa dog hentes fra Naboe-Fogderiet Romsdalen.*”¹⁸⁷ Det at sunnmøringane reiser til Romsdalen for å kjøpe tømmer, er eit sikkert teikn på at det er knapt med skog att i heimtraktene.

3.3 Flomstokk og fallrettar

I ulike jordebøker kan ein blant anna finne opplysningar om kven som budde der, kven som eig garden, kor mange tønner korn dei sår, om dei har sag og om dei betalar leige for vatnet som driv saga og/eller grunnen ho stend på. Vassressursen har vist seg å vere ein verdfull ressurs, og den som eigde vatnet fekk leige av den som dreiv saga. Det er fleire måtar dette opptrer i jordebøkene. Kven tok leige for damstokken? Leige for damstokk er ein indikasjon på fallrettar. Måten dette vert framstilt på, er at sageigaren betalar konkret for sjølve damstokken.

I Rosenkrantz jordebok frå 1626 finn me følgjande: ”*Di 3. gorder, Wiige, Lille, och Stoere Glumset, haffuer ett ringe saugh. Och giffuer udi Grundeleige 2 ltr bord, Wed Honningdal Nedergaar En Elf som Odels bønder bruge ett saug udi, deraff giffuer di aarligen for Wandett, Bord --- iij. Ltr.*”¹⁸⁸ Her betaler bøndene to tylfter bord i grunnleige og fire tylvter i vassleige, med andre ord so eigde Rosenkrantz både elv og grunn til denne saga.

¹⁸⁵ Fylling: 6-7

¹⁸⁶ Strøm 2 s.142

¹⁸⁷ Strøm 1:79

¹⁸⁸ RJB1626, SHA-DIX5

På Skodje er det Giske som styrar:”.. *er tve sauger, giffuer foese leige til giedsche – xii Rdr, siden den seduanlig skatt epter Kong Maytz Breff Aarlig naar schatten Wdgaar..*”

Me ser her at i 1626 var det to sager på garden, og dei betalte 12 riksdalar i fosseleige til Giske. Garden var bondegods, og elva det er snakk om er knapt meir enn ei sikle. Grunnen til at Giske får fosseleige må vere at den øvste garden på Skodje, der elva renn frå, tilhørde Giske, og på den måten kunne dei hevde retten til vatnet.

4 Produkta - bord, bjelkar, ved og tønneband

Frå det sønnafjelske Noreg vart det eksportert mykje rundlast og hoggenlast på 1600-talet. På Sunnmøre derimot, kan ein ut frå tollistene sjå at det i all hovudsak vart eksportert sagbord og andre foredla produkt. Ein av grunnane til dette er at transporten frå Sunnmøre vart dyrare for utlendingane enn til Austlandet og Agder. Nordmennene tente meir på å foredle produkta innanlands, enn å eksportere råvarer.¹⁸⁹ Eit anna aspekt kan vere at Sunnmøre ikkje kunne konkurrere med Austlandet på trelast før vassaga kom. Det hadde ført til at det ikkje var tradisjon for noko særleg utanlandshandel i futedømet. I område utan fastlagde normer og tradisjon for å skape store verdiar for vanlege folk, kan dette ha vore ein av grunnane til skogøydinga som fann stad utover 1600-talet. Sørvestlandet hadde på si side, på grunn av nærleiken til Skottland og vesterhavsøyene, hatt handelssamkvem med utlandet i større grad enn Sunnmøre.

4.1 Ulik bruk for trelast – Nederland og Skottland

Nederlendarane trengde trelast særskilt mange ulike formål. Blant anna til husbygging og fundamentering, Amsterdam var reist på torv som låg oppå leire, og ein trong pålar som gjekk gjennom desse laga. Konstruksjon og vedlikehald av dike, stavar og bandstakar til tønner og ulike typar bord og spesialdelar til skipsbygging var òg viktige bruksområde for trelast.¹⁹⁰ I tillegg var det ein jamn etterspurnad etter brenneved til matlaging og varme i alle hus. Det viktigaste treslaget for nederlendarane var eik, både til skipsbygging og husbruk. Fura var òg viktigd. Dei kjøpte mykje sagbord av fure som dei brukte til dekksp plank på skipa sine, samt bjelkar til å forsterke dika. Noreg var imidlertid ikkje einaste marknaden nederlendarane fekk trelast og tømmer frå: det vestlege noverande Tyskland, området ved den øvre delen av

¹⁸⁹ Skogbruksboka bind 3:24

¹⁹⁰ Kontaken mellom Agder og Holland på 1600- og 1700-tallet:8

Rhinen og Baltikum var òg eksportmarknadar for nederlendarane. Dei tyske områda var i stor grad herja etter 30-årskrigen, og for å få inntekter vart store eikeskogar uthogde etter ordre frå fyrstane. Nederland hadde på slutten av 1500-talet utvikla ei oppgangssag drive av vindkraft, og importerte derfor store mengder rundtømmer. Til trass for eit stort innanlands behov, skal me sjå at mesteparten av trelasten som vart eksportert frå nordvestlandet i perioden 1625-50, vart sendt til Frankrike, og berre ein liten del gjekk til nederlendarane sjølve.¹⁹¹ Grunnen til dette var nok at dei tente meir på å frakte trelasta til Frankrike og selgje den der. Nederlendarana hadde på denne tida verdas største handelsflåte, mellom 4500 og 4800 små og større skip.¹⁹²

Skottland har sannsynlegvis fått trelast frå Noreg sidan 1300-talet. Men det var særleg frå midten av 1400-talet denne handelen skaut fart, noko skotske tollister tydeleg viser.¹⁹³ Om lag 200 år seinare var landet prega av ei sterk urbanisering og trong utanlandsk trelast til husbygging (både større prosjekt som kyrkjer og slott samt hus), skipsbygging og til industribruk. Dei som dreiv kolgruvene trong tømmer til å stive opp gruvegangane, sidan teknologiske nyvinningar hadde gjort det mogleg å gå djupare inn i fjellet.¹⁹⁴ Sjølv om Skottland var eit lite land med få innbyggjarar i høve til England og Nederland, var behovet for trelast likevel så stort at dei fekk ein viktig posisjon i Noreg. Landet hadde noko skog til eige bruk, men mesteparten var i kongeleg eige. I tillegg var det mindre lønsamt å frakte tømmer over land til byane enn å importere frå Noreg.¹⁹⁵ Det austlege Skottland låg berre to døgnns segling i godt vør frå den sørlege vestlandskysten, so Noreg var ein naturleg marknad for trelast. Blant anna finn me at skottane kom med 54 av 78 skip som lasta trelast i Sundhordland i 1566/67.¹⁹⁶ I motsetnad til nederlendarane brukte skottane hovudsakleg trelasta frå Noreg til eige bruk. Dei var ikkje kremmarar på same måten som nederlendarane. Skottane etterspurde òg til dels andre varer enn nederlendarane. Særleg gjaldt dette korte bjelkar og tønneband. Dei tok heller ikkje med seg noko særleg ved då dei var sjølvforsynte med køl og torv til oppvarming. Som me skal sjå, so er skottane i ein sær underordna posisjon på Sunnmøre i høve til nederlendarane på 1600-talet.

¹⁹¹ Sjå s.80

¹⁹² Schreiner, 1933:12

¹⁹³ Bugge 2:229-230

¹⁹⁴ Smout 1999:41

¹⁹⁵ Bugge 2:230

¹⁹⁶ Bugge 2:183

4.1.1 Trelast frå Sunnmøre

I lensrekneskapa finn ein altso skipstollen, der det er mykje detaljert informasjon om dei som kom og utførde trelast. Kva type trelast vart utført, og kvar kom dei som kjøpte trelasta i frå? Eg har her i tabellform sett opp utskipingshamner, last og oppkjøparar på Sunnmøre i tre utvalde år på byrjinga av 1600-talet. Dette for å vise kor mykje informasjon ein kan trekkje ut frå denne delen av lensrekneskapa. Åra eg har plukka ut er 1606, 1618 og 1627. Grunnen til at eg har valt desse tre åra, er at då får me dekkja oppgangstida, eit av toppåra og nedgangstida for trelasteksporten på Sunnmøre. På første halvdel av 1600-talet er ein klår samanheng mellom talet på sager og eksport av trelast, so både figur 3-2 og tabell 0-1 viser denne utviklinga. Det er klart at ein ikkje får ei fullstendig oversikt med berre tre år, men tabellen kan forhåpentlegvis vise ulike tendensar i utviklinga.

Tabell 10 Skip som eksporterte trelast i 1606/07, 1618/19 og 1627/28

	1606-07			1 lest= 2 tonn	
Nr.	Skippar	Skip	Utskipingshamn	Lester	Last
1	Jann Jannsen Veinn	Den huide fos	Ørskog	40	150 tylfter sagdelar, 11 famner brennved, 500 bandstakar
2	Diderick Pels	Oranisbom	Sykkylven	40	165 tylfter sagdelar, 8 famner brennved
3	Diderick Arisen	Røde Løffue	Sykkylven	45	200 tylfter sagbord
4	Petter Giertzenn	Fløgendis hiort	Ørskog	40	160 tylfter sagbord, 8 famner brennved
5	Thamis Therpienn	Den Suarte Hane	Langskipsøya	15	10 tylfter sagbord, 5 famner brennved, 2000 bandstakar
6	Jonn Birk	Gabriell	Vågnes	20	70 tylfter sagbord
	1618-19				
Nr.	Skippar	Skip	Anløpsstad	Lester	Last
1	Christoffer Arddis	Laxenn	Langskipsøya	80	420 tylfter sagbord, 8 Tylfter furebjelkar 12 alen lange
2	Williamb Wulffuertz	Blinde Pirthun?	Sykkylven	20	150 tylfter sagbord
3	Jasper Petersønn	Enhornen	Volda	60	213 tylfter
4	Rubbert Alyhoo?	Amate	Oksvik	60	50 tylftar sagbord, 15 tylfter furebjelkar 12 alen lange
5	Simonn Cornillissønn	Einhornen	Tennfjord	150	800 tylfter sagbord, 6 tylfter furebjelkar 12 alen lange
6	Reiger Clanssønn	Beidhy Kiercke?	Sykkylven	60	300 tylfter sagbord
7	Peder Dircksønn	Appelbhoem	Langskipsøya	80	250 tylfter sagbord
8	Cornillis Hanssønn	Siøhæstenn	Ørskogvika	30	200 tylfter sagbord
9	Johan Cornillessen	Denn Lillie	Volda	80	300 tylfter sagbord
10	Jann Garbrandsønn	Søriæffeland?	Spjelkavik	18	150 tylfter sagbord
11	Martten Hannssøn	Heffnen	Volda	60	400 tylfter sagbord
12	Peder Arianssønn	Haffmanden	Oksvik	80	500 tylfter sagbord, 10 tylfter furebjelkar 12 alen lange
13	Cristoffer Arddis?	Laxenn	Langskipsøya	80	500 tylfter sagbord
14	Peder Dircksønn	Appelbhoem	Langskipsøya	80	150 tylfter sagbord
15	Albregt Dircksønn	Hafffruenn	Sykkylven	80	400 tylfter sagbord, 18 tylfter furebjelkar 12 alen lange
16	Peder Joeptssønn?	Suarte Ratten	Volda	65	300 tylfter sagbord
	1627-28				
Nr.	Skippar	Skip	Anløpsstad	Lester	Last
1	Peder Karnelesen	Den Morians	Langskipsøya	50	300 tylfter bord
2	Jann Jacobsen	Kiersehusk	Sykkylven	80	400 tylfter bord
3	Johann Sobraer	Santa Peder	Langskipsøya	100	430 tylfter bord
4	Adrian Jansen	Regenbuen	Sykkylven	35	210 tylfter bord
5	Henrig Hebmand	Haabet	Langskipsøya	80	400 tylfter bord
6	Jacob Johansen	Flouen de Ertte	Langskipsøya	60	300 tylfter bord
7	Karnelles Diderigsen	Mariand	Langskipsøya	50	250 tylfter bord

Kjelde: Lensrekneskap Bergenhus, Sunnmøre fogderi, 1606/07, 1618/19, 1627/28

Ut frå tabellen ser ein blant anna at skipstorleiken og mengda trelast ser ut til å auke kraftig på dei 12 åra mellom 1606 og 1618, samtidig som Langskipøya etter kvart ser ut til å få ei hovudrolle som utskipingshamn. I 1606 er varer som bandstakar og brenneved nemnd, men ikkje i dei to siste toll-listene. Dei mindre verdfulle varene vart etterkvart førde inn i ei anna bok, nemleg småskatten. Det var berre dei viktigaste varene som bord og bjelkar som skulle førast i skipstollen.

Noko som ikkje kjem fram heilt klart i denne tabellen, er ulik etterspurnad etter varer. Me ser likevel at det eine skotske skipet som er nemnd, berre lasta 10 tylfter bord, men tok med seg 2000 bandstakar. Blant dei andre skipa det året var det berre eitt av dei som òg hadde med bandstakar (tønneband), og tal frå andre delar av kysten viser at skottane var særst interesserte i denne vara. Dermed var etterspurnaden av sunnmørske varer stort sett sagbord.

Storleiken på skipa aukar som sagt frå 1606 til 1618, men ikkje frå 1618 til 1627. Dette kan vere eit teikn på at det ikkje var nødvendig med større skip på Sunnmøre, sidan handelen hadde stagnert. Snittstorleiken for alle skipa er ei drektigheit på 60 lester, men tek me bort tala frå 1606, er dette talet på 67 lester; dei aller fleste skipa dei to siste åra hadde ei drektigheit mellom 50 og 80 lester. Eit unntak er det klart største skipet, "Einhornen". Skipet kom inn til Tennfjord i 1618 og var drektig på 150 lester, og lasta 800 tylfter sagbord i tillegg til bjelkar. Sjølv om tala på skorne bord frå lensrekneskapet ikkje på langt nær er korrekte, var skurden på Sunnmøre i 1617 oppgitt til å vere på 1626 tylfter; med andre ord det dobbelte av kva "Einhornen" tok med seg. 800 tylftar er då 9600 sagbord. Til samanlikning, var det i Sundhordland i rekneskapsåret 1597/98 80 utanlandske skip som fortolla trelast. Blant desse er det 72 oppførde med drektigheit, og snittet var på 36 lester. Viss me derimot ser på skilnaden på nederlendarar og skottar, vert tala meir interessante. Dei 34 skotske skipa som er oppførde med drektigheit, har eit snitt på 14 lester. Når det gjeld nederlendarane, er tilsvarande tal 20 skip med eit snitt på 33 lester, noko som ikkje er so langt ifrå tala me finn for Sunnmøre i 1606/07.¹⁹⁷

Sagbord var utan tvil den viktigaste vara som vart eksportert, men òg bjelkar på 12 alen (7,59 meter) var ettertrakta. I 1618 ser me at 5 av 16 skip har bjelkar i lasta, medan ingen har det i 1627. Om dette er eit teikn på om skogen har vorte so uthoggen at det var uråd å produsere so

¹⁹⁷ Bugge 2, 1925:191-199

store dimensjonar, eller om det var meir lønsamt å sage alt om til bord, er uklart. Ei forklaring kan vere at bjelker ikkje var etterspurde av skipparane som kom til Sunnmøre. For å kunne oppretthalde konkurranseevna i høve til andre område, måtte sunnmøringane konsentrere seg om å produsere sagbord.

Korkje i litteraturen eller i kjeldene vert det nemnt noko om korleis trelasten kom seg til utskipingshamnene, men den ideelle plasseringa av ei sag ser ut til å vere ved sjøen og med god tilgong på skog. På Sunnmøre var dei fleste sagene i ein slik posisjon, eksempel som kan trekkjast fram er Solnør, Honningdal og Fyrde.

Når me no har fått klarheit i kva varer det var som vart eksportert frå Sunnmøre, vil det vere naturleg å sjå på kvar sjølve omsetninga av trelastnæringa var lokalisert.

4.2 Omsetnad i trelasthandelen – kven og kvar?

Ved å fortsette innleiingssitatet frå Hans Strøm:

*”; men nu derimod er intet District her Nordenfields (Findmarken undtagen) derpaa saa fattig og udtømmet som Søndmør; hvilket man i sær tilskriver den stærke Træ-handel med **Skotterne**, som her skal have havt sin Fart, mere end paa noget andet Stæd, i Anledning af det korte og rene Indløb igiennem **Breesund**, som er Søefarende saa vel bekiendt.”*¹⁹⁸

Hans Strøm skreiv i 1762 at årsaken til uthogginga av skogen var handelen med skottane. På Sunnmøre finn ein òg stadnamn som har med skottane å gjere, for eksempel Skotteberget og Skotteskjeret ved Langskipøya. Dette er rett nok ikkje eit skjer, men eit nes som ligg på det nordaustre hjørnet av øya der det er djupt utføre. Etter det som er sagt og skrive, la dei skipa som lasta trelast, seg til her.¹⁹⁹ Eit anna eksempel finn me i på garden Hustad på Sæbø i Hjørundfjorden, der det er ein bakke nede med stranda som heiter Skutebakken. Strøm skriv at den heiter det fordi skottane låg med sine små skip og skuter der og tok inn trelast.²⁰⁰ Om dette var skottar eller nederlendarar kan nok diskuteras. Uansett er det ikkje noko stadnamn som direkte omhandlar handelen med nederlendarar, noko som kan tyde på at skottana var her fyrst. I folkeminne er det ”skottetida” det vart snakka om når det gjaldt trelast, peikar Strøm

¹⁹⁸ Strøm 1: 79

¹⁹⁹ Årskrift Ørskog Historielag 1987:11

²⁰⁰ Strøm 2:204

øg på.²⁰¹ Sjølv om nederlendarane utan tvil utførde det aller meste av trelast på 1600-talet, er det skottane som lever i minnet, til og med berre 100 år etter trelasteksporten er over, og dei får "skulda" for at det er snautt på store delar av Sunnmøre. Blant dei 29 skipsanløpa eg har sett nærare på, er det faktisk berre eitt frå Skottland, like mange som frå England, Tyskland, Frankrike og Noreg, 24 var nederlandske. Tendensen her er klar, nederlendarane var i klart fleirtal, andre tal frå perioden 1603-23 viser at talet på skotske skip var om lag ein tiandedel av talet på nederlandske.²⁰²


Eit anna poeng kan vere at skottane dreiv enn litt annleis handel enn nederlendarane. Tal frå Ryfylke 1602-06 viser at skottane i langt mindre grad enn nederlendarane betalte trelasta med pengar. Kring 25 % av dei skotske oppkjøpa vart delvis betalt med pengar, medan det i dei fleste nederlandske oppkjøpa var pengar inne i biletet.²⁰³ Eg trur ikkje at situasjonen på Sunnmøre skilde seg klart frå Ryfylke. Begge stadane var prega av mange små sager, og forbodet mot å ta betaling i anna enn pengar vart tydelegvis ikkje fylgt. Det vart kanskje i endå mindre grad fylgt på Sunnmøre grunna avstanden til næraste by. Når me i tillegg veit at skottane kom med mykje mindre skip enn nederlendarane, kan det godt vere at dei òg handla annleis. Skottar er ikkje kjende for å strø om seg med pengar, so dei var nok interesserte i å få trelasta billegast mogleg. Det kan godt vere at dei i større grad enn nederlendarane gjekk direkte på bøndene og handla for ikkje å gå gjennom eit ekstra, og fordyrande, ledd. På denne måten hadde dei òg mykje kontakt med bøndene, ikkje berre kjøpmannen. Dette kan vere ei forklaring på kvifor det var skottane som levde i minnet til folket på 1700-talet, utan at eg har funne konkrete kjelder på dette.

²⁰¹ I Balansepunktet 1994: 338

²⁰² I Balansepunktet 1994: 297

²⁰³ Langhelle 1999:28

4-1 Nasjonalitet på skip som kom til Sunnmøre 1606, 1618, 1627



Kjelder: LR1606/07

Det er ikkje alltid råd å finne ut nøyaktig kvar skipa henta trelast, men mest truleg var det folk i dei ulike bygdene som visste å vise veg for dei utanlandske skipparane. Mange hamner er nemnde i toll-listene. Truleg reiste fleira av skipa reiste rundt til fleire sager og tok inn trelast. Likevel er det enkelte plassar som er viktigare enn andre: I ei særstilling finn me Langskipsøya (B på kartet s.79) i Ørskog. Denne øya er lita, men hadde ein sær god lasteplass for skip, i tillegg var øya eit borgarsete. Hans Lauritsen hadde frå 1614 leigd seg ein grunn på øya, og det er venteleg at han kontrollerte salet av trelast derfrå. I ein radius av 10 kilometer finn me dei aller fleste sagine på nordre Sunnmøre, og den strategiske plasseringa er upåklageleg. Hans Strøm har òg skrive om øya: ”Langskibs-Øe er en liden men meget smuk og behagelig Øe, (...) og har uden Tvivl faaet sit Navn af de i Norden forðum brugelige Lang-Skibe, hvilke med saa meget større Rimelighed kan formodes at have været bygte her, som Øen baade selv eier Fyrre-Skov, og ligger desuden i Nærværelsen af de Skovriigeste og med Bygge-Tømmer best forsynte Egne. Man vil og forsikke, at denne Øe i forrige har været et Oplags-Sted, eller en Ladde-Plads, hvor de Skotske Skibe have ligget og indtaget Træe-Last; hvorom det ved Øen beliggende Skiær, som endnu kaldes Skotte-Skiærret, skal bære Vitne.”

²⁰⁴ Denne tolkinag av namnet er stemmer godt overeins med den som O. Rygh kjem med i Norske Gaardnavne: ”Aflangskip n., Langskib. Jfr. Langskibneset i Skjørn.” ²⁰⁵


²⁰⁴ Strøm 2:122

²⁰⁵

http://www.dokpro.uio.no/perl/navnegransking/rygh_ng/rygh_visetekst.prl?s=n&Vise=Vise&KRYSS207325@46149=on

Dei andre hamnene som er nemnde desse åra, og i andre kjelder, er Ørskoghamna (C) som ligg rett innanfor Langskipsøya, Sykkylvshamna (F), Honningdalshamna (E), Oksvika (D), Tennfjord (A), Våagnes (H), Spjelkavik (G) og Volda (I).


4-2 Utskipingshamner for trelast på Sunnmøre



Desse ni forskjellige hamnene er ulike, og dei kan delast inn i to ulike kategoriar: **Den fyrste** kategorien inneheld hamner med mange sager i nærområdet: Langskipsøya, Sykkylven og Volda. Langskipsøya er den viktigaste når det gjaldt trelasthandelen, med rundt 1/3 av anløpa i dei tre åra eg har sett nærare på. Det er ikkje sikkert at alle skip som kom dit, lasta alt dei skulle der, men det kan tenkjast at skipa vart sendt vidare med ein kjentmann om bord til dei andre stadane i nærleiken som hadde sag. På denne måten hadde ein sluppe unna ekstraarbeidet med å transportere trelasta frå sagene til Langskipsøya sjøvegen. I Sykkylven og Volda var sær mange sager samla i og rundt Sykkylvsfjorden og Voldsfjorden/Austefjorden. Her vart mest sannsynleg skipa sende rundt til dei ulike lasteplassane og borda anten lasta direkte inn på skipet, eller med bruk av mindre båtar. Tala frå dei tre åra viser at Sykkylven ikkje var langt bak Langskipsøya i anløp, men perioden sett under eitt var øya den viktigaste hamna. **Den andre** kategorien er hamner med primært ei

sagelv, der skipa kom inn og kjøpte det dei trong av trelast. Blant desse finn me Tennfjorden, som eg finn nemnd berre ein gong, Ørskogvika, Oksvika, Honningdalshamna og Spjelkavik.

4-3 Utskipingshamner for trelast på Sunnmøre, fordeling av skip




Kjelder: LR1606/07, LR1618/19, LR1627/28

Tendensen frå åra 1606, 1618 og 1627 er her klår, for 84 % av anløpa i dei tre åra gjekk til halvparten av hamnene: Langskipøya (35 %), Sykkylven (25 %), Volda (14 %) og Ørskog (10 %). Det var mykje jobb med å få frakta trelast over land, so det gjaldt å få saga so nær sjøen som råd. Likevel er det mange sager som ligg eit godt stykke frå sjøen. Trelasta herfrå vart mest sannsynleg frakta med slede vinterstid til dei ulike utskipingshamnene.

Vågnes er den einaste eg ikkje vel å plassere i ein av dei overnemnte hovudkategoriane. Denne er atypisk sidan den berre er nemnd i 1606/07, og det var ein skipper frå Bergen som tok inn trelast her. Mest sannsynleg var dette i samarbeid med borgaren som sat her og hadde fått tak i dei 70 tylftane som vart sendt med skipet.

Viss ein ser nærare på kvar skipparane og skipa kom frå, viser det seg at 38 % (11 av 29) av dei kom frå byen Hoorn i Noord-Holland på vestsida av Ijsselmeer, 3 mil nord for Amsterdam og halvannan mil vest for Enkhuizen. Til saman hadde denne regionen 15 av 29 anløp, 10 meir enn den nest viktigaste regionen, Zeeland, som hadde 5 anløp frå byane Middelburg og Vlissingen.

4-4 Kvar kom skipa som henta trelast på Sunnmøre frå?



Kjelder: LR1606/07, LR1618/19, LR1627/28

På grunnlag av kjeldene mine, kan eg ikkje seie noko sikkert om kvar dei skulle med trelasta. Men nederlendarane var på denne tida den leiande sjømakta i Nord-Europa og dreiv utstrekkt handel over store delar av verda. Johan Schreiner har teke for seg befraktningskontraktar slutta i Amsterdam, og enkelte frå Edam, Enkhuizen, Horn, Medemblik og Monnikendam i perioden 1625-50. Og ved å sjå på desse kan eg få ein peikepinn på kvar trelast frå nordvestlandet skulle; i tabellane er det særst få skip som reiser til Sunnmøre, men mange som skal til Nordmøre eller Romsdal. Eg ser på dette som eit teikn på at Sunnmøre no hadde dårlegare vilkår for storskala trelastproduksjon. Skogane var i ferd med å verte uthogne, og det var ikkje lenger like attraktivt å handle i distriktet for nederlendarane. I 1627/28 var trelasteksporten frå Sunnmøre nede i 2290 tylfter sagbord medan utførselen frå Romsdal var på 14338 tylfter. Det beste for ein skipper var å få fylt opp skipet kjappast mogleg. Med fleire hamner med liten produksjon slik som på Sunnmøre, ville dette ta lenger tid, derfor lønte det seg å segle ein dag til og kome til Romsdalen. Sidan desse områda ligg so nært kvarandre, er det truleg at det ofte var same skipparane som handla på heile regionen.

Med utgangspunkt i dette, har eg sett på kvar trelasta vart frakta. Eg har teke utgangspunkt i Johan Schreiner sine tabellar, som tek for seg kvar dei nederlandske trelastskipa skulle levere lasta si i perioden 1625-50.²⁰⁶ Det var få skip som skulle i til Sunnmøre utfrå desse tabellane,

²⁰⁶ Schreiner:112-167

men mange skip skulle til Romsdal og Nordmøre. Nederlendarane hadde i denne perioden to kjerneområde for trelast i Noreg, nord om Stad og aust for Lindesnes, og lite trelasthandel i området mellom (bortsett frå litt i Bergen). På grunnlag av dette har eg gått gjennom tabellane og plukka ut dei skipa som anten skulle til Sunnmøre, Romsdal eller Nordmøre og sett på kvar dei skulle med lasta. Mange skip er førde inn om lag på denne måten:

”Reise: Nedl.--Nordmøre, Romsdal ell. Trondheim--Bordeaux ell. La Rochelle etc.--Nedl”²⁰⁷

Dei rutene som er førde slik, tolkar eg som om at dei ikkje har **ei** bestemt hamn dei skal hente trelast eller selje lasta i, men dei veit kvar dei får tak i trelast og kvar dei fann kjøparar til varene sine. Andre kontrakter er mykje klårare med berre tre hamner, f.eks. Nedl.-Romsdal-Hoorn.²⁰⁸ Som eit ledd i å få luka ut dei skipa som kanskje ikkje skulle til Nordvestlandet, har eg ikkje teke med dei kontraktene der Trondheim er nemnde, slik som eksempelet ovanfor. Ved å innføre dette kriteriet, kutta eg tala på skip der anten Sunnmøre, Romsdal eller Nordmøre var nemnde, ned frå 312 til 196.


Noko ein kan slå fast utfrå tala eg har funne, er at berre ein liten del av skipa skulle til Nederland etter å ha vore i Noreg, 13 %. Frankrike var det viktigaste målet for skipa, med 67 % av alle skipa, heile 64 % skulle til byar langs kysten mellom St.Malo i Nord-Bretagne til Bordeaux. Dette området var òg sentralt for nederlendarane sin trelasteksport frå Austersjøområdet.²⁰⁹

²⁰⁷ Schreiner:167

²⁰⁸ Schreiner:165

²⁰⁹ Schreiner:22

4-5 Kvar vart trelasten frå Nordvestlandet i perioden 1625-50 eksportert?



Kjelder: LR1606/07, LR1618/19, LR1627/28

Utifrå diagrammet ser me kvar trelastskipa som hadde vore på nordvestlandet skulle med lasta. Frankrike hadde to tredjedel av avsetnaden, og dette var det nederlendarane som frakta. Dei andre mottakarane kan ein dele i fire kategoriar: Nederland, dei britiske øyene, Sør-Europa og til slutt Tyskland med ein ørliten del. Med andre ord kan me slå fast at trelasta som vart eksportert frå nordvestlandet i perioden 1625-50, ikkje hovudsakleg vart importert til Nederland, men vart frakta til Frankrike. Eg meiner at grunnen til dette er at det var meir økonomisk å frakte desse foredla varene til Frankrike, for at sagbord av fure gav større forteneste her enn i Nederlanda. Sjølv om Schreiner sine tal langt frå er komplette, får me eit godt bilete av trelastfrakta. Her kjem mønsteret om at Frankrike var det viktigaste mottakarland for nordvestlandsk trelast klårt fram, i større grad enn trelast frå resten av landet. Frå nordvestlandet var det 67 % av skipa som skulle til Frankrike, landet sett under eitt var det 47 % av skipa.²¹⁰

4.2.1 Tollsvik og andre svik – underrapportering av skipstorleik, last og skurd?

Som historikar må ein vere kritisk til det ein får presentert gjennom ulike kjelder og litteratur. Ein kan til dømes ikkje stole blindt på talmateriale ein finn i kjeldene; ein må prøve å finne ut om dei stemmer. Til no har eg presentert ulike tal frå kjeldene mine, utan å sjå på dei med eit

²¹⁰ Schreiner, 1933:22

veldig kritisk blikk. Dette skal eg ta eit oppgjer med her. Enkelte parameter skal i utgangspunktet vere vanskeleg å manipulere med, for eksempel talet på sager; ei oppgangssag i eit bygdelag let seg vanskeleg gøyme bort. Verre blir det derimot når for eksempel skurden skal skattleggast med tiandebord, og når tollaren (futen) skal måle storleiken på skipa som kjøper opp trelast. Desse tala er enklare å manipulere.

Ved å setje opp ein tabell som viser samsvaret mellom den årlege skurden og kor mykje trelast som vart utført, får me dette:

Tabell 11 Sager, skurd og utførde sagbord på Sunnmøre og i Romsdal enkelte år på tidleg 1600-tal

Sunnmøre				Romsdal		
År	Sager	Skurd	Utførte sagbord	Sager	Skurd	Utførte sagbord
1610-11	49	2210	3435	86	6067	6436
1612-13	64	2335	4015			7862
1613-14	71	2590	6515			10398
1617-18	58			66	3090	
1618-19	35	973	5090			
1620-21				110	5100	10792
1621-22	49	1500	2643	116		12491
1623-24	54	1735	3470	115	4270	
1626-27	41	1385	2912	116	4045	14338
1627-28	40	410	2290	109	3837	13620
1628-29				95	4586	9484
1629-30				91	5180	13985
1630-31				95	5430	13200
1640	11	5		78	1695	

Kjelder: I Balansepunktet s.297-8, Grüner s.92-96, LR1618/19

Tendensen i tabellen er klar. Det vart utført jamt over ca. dobbelt så mange sagbord som det vart oppført som skore årleg på Sunnmøre på tidleg 1600-tal. Allereie her kan ein sjå at sageigarane svara skatt (tiandebord) for mindre enn halvparten av skurden. Otto R. Grüner har liknande tal for Romsdal i same perioden.²¹¹ Grüner viser til at eksporten av sagbord frå Romsdal var minst det dobbelte av skurden i lenet. Vidare var den 3 1/2-dobla i 1627 og 1628, med andre ord jamnt over noko høgare differanse enn på Sunnmøre (sett bort frå 1618 og 1627). Skurdta må vere totalt misvisande, særleg når me ser på at det òg i høgste grad vart triksa når det gjaldt skipstorleik og oppgitt last. Tabellen er noko mangelfull då det manglar det eine eller begge tala for dei åra som ikkje er teke med her, men likevel får me eit godt bilete av situasjonen.

²¹¹ Grüner:10

Når det gjeld storleiken på båtane nederlendarane kom med, er det klart at dei rekna annleis enn dei norske tollarane når det gjaldt storleiken på ei lest. Med den nye tollrullen i 1632 vart det ein ny måte å måle storleiken på skipa, og tollen vart no knytt meir direkte til drektigheita til skipa. Ei trelastlest vart no definert som ei ruglest, 22 eller 24 tønner, medan dei framande hadde operert med at ei lest var 48 tønner.²¹² Med desse nye måle metodane skulle ein tru at storleiken til skipa vart dobla, men tal frå tollister viser at desse i staden vart tre- og firedobla! Snittstorleiken til skip som lasta i Nedenes og Mandal var i 1627-28 17 og 19 lester, i 1633-34 var den kome opp i 74 og 69 lester.²¹³ Det viser seg at desse nye satsane ikkje gjaldt nordafjells, der snittet i Ryfylke gjekk frå 13 til 18 lester og i Romsdal frå 41 til 49 lester. Jørgensen meiner at dette skyldast at dei nye tollsatsane ikkje avløyste dei gamle, men kom i tillegg til dei. Uansett er dette eit teikn på at dei utanlandske skipparane hadde sloppe sær billeg unna i tida før 1632.

Johan Schreiner si bok tek som nemnd for seg handelen nederlendarane dreiv på Noreg, basert på fraktkontraktar frå offentlege notarar. Han viser i boka til materialet viser at dei norske tolloppgåvene er fullstendig misvisande når det gjeld eksporten sitt omfang og utvikling.²¹⁴ Otto Grüner har teke utgangspunkt i Schreiner sine tabellar, dei same eg har sett på, og samanlikna dei med skipa han fann i tollrekneskapa for Romsdal mellom 1626 og 1637.²¹⁵ Til saman var det 35 skip som hadde ein snittstorleik på 60 lester i følgje tollrekneskapet og 112 lester i følgje fraktkontrakten frå Nederland. Viss ein ser på tala frå før 1632, vert det noko større sprik mellom dei to verdiane, nemleg 52 og 106 lester. Det ser ut til at den nye tollrullen vart teken i bruk ganske kjapt, for frå 1632 og utover til 1637 var snittstorleiken 85 og 117 lester, eit markant mindre sprik mellom dei to kjeldene.

Eg skulle gjerne kome med ei liknande samanlikning for Sunnmøre, men eit noko tynt kjeldegrunnlag gjer at eg ikkje har sett i gang eit slikt arbeid. For det første er Schreiner sine tabellar langt frå komplette, blant anna manglar det mange kontraktar frå Horn, som var viktigaste heimbyen til skipa som kom til Sunnmøre. For det andre manglar det òg fleire lensrekneskap og tollister frå Sunnmøre i denne perioden.

Korleis kunne nederlendarane på denne måten før 1632 berre svare skatt for ein tredjedel av det dei lasta? Det er ikkje tvil om at dette var allment (god?)kjent av myndighetene som

²¹² Schreiner, 1933:61, jamfør NHL:210

²¹³ Jørgensen:47

²¹⁴ Schreiner – Nederland og Norge:9

²¹⁵ Grüner:11-12

skikk og bruk, førestillinga om kva som var passande toll for ei skute av ein viss storleik var viktigare enn kva lova sa.²¹⁶

Verdien av å bruke tal til samanlikning i historisk forskning, kan vere noko varierende. I eit arbeid som dette, er det vanskeleg å vise eit heilt bilete av situasjonen. Likevel har tala stor verdi, særleg når det gjeld samanliknbare tal. Til dømes skulle ein tru at skurdta og tollistene frå eit og same år kunne nyttast som samanlikning. Det er mange faktorar som spelar inn: kontroll av sager og skurd, futen si grådighet, korrupsjon, skattesvik o.s.b. Blant anna er det uråd å slå fast om det vart utført trelast som det aldri vart betalt toll på. Fjordane på Sunnmøre er mange, men futen og lensmennene hans hadde nok god oversikt. Futen på Sunnmøre sat i Borgund, og hadde kontroll over Breisundet, den viktigaste innseglinga til Sunnmøre. Som me har sett, vart det utført mykje trelast frå Volda, og derfrå er det ein lang omveg å segle ut Breisundet. Då vil var Rovdefjorden eit meir naturleg val, og viss dei vart kjente med den leia, kom dei nok attende same vegen seinare.

4.2.2 Kven selde trelast?

Bøndene sin rett til å selje trelast til utanlandske oppkjøparar var som kjent til forarging for borgarane som ville ha kontroll over handelen både i byane og i distrikta. Kontroll over trelasthandelen var særst viktig for å ha kontroll på resten av handelen, sidan dette var den viktigaste eksportvara frå landet. Sidan kongen ikkje ville ramme denne særst viktige eksportnæringa, vert det i eit brev til lensherren i Bergenhus i 1607 stadfesta at sjølv om prestar, futar og bønder ikkje skal ha lov til å drive handel, har bøndene framleis lov til å selje trelast.²¹⁷ Byborgarane sine rettar fekk seg eit kraftig skot for baugen gjennom eit kongebrev som kom i 1625: *"at på alle havner uti vårt rike Norge hvor ingen kjøpsteder er funderet eller henlagt, må heretter fri og ubehindret innføres, opplegges, falholdes og forhandles til bønder og andre - - - alle slags korn til sed og annen nødtørft, malt, mel, erter, gryn, fisk og all annen fetalie og ædelsesvare, som fra andre steder uti våre riker Danmark, Norge eller underliggende land blir ditført"*²¹⁸

Bøndene sine rettar som frie trelastseljarar, vart plutselig innskrenka i 1640. Då kom det eit ope kongebrev om at adel og borgarar må gje nøyaktige oppgaver over kva slags trelast dei sel og til kven. Vidare står det i brevet: *"Belangende ufrie folks trelast på landet, da skal*

²¹⁶ Jørgensen:71

²¹⁷ Grüner:16 (N.R.R.IV s.191)

²¹⁸ Grüner:17 /N.R.R.V s.467)

noen dyktige og vederheftige menn ved hvert tolleri av almuen selv tilbetroes, som all deres trelast på deres vegne kan avhende;" ²¹⁹ Med dette brevet skulle det verte bråstopp for den frie handelen mellom bonde og skipper her i landet. For Sunnmøre sin del vart ikkje dette forbodet like dramatisk som andre stadar. Her var ikkje mange bønder att som selde trelast direkte til utlendingane. Borgarane hadde teke styringa på trelasthandelen fleire tiår før, og på 1620-talet selde bøndene mindre enn 10% av det som vart svara toll for.²²⁰

²¹⁹ N.R.R. VII:757-758

²²⁰ I Balansepunktet 1994: 305

5 Aktørane – bønder, futar, borgararar og embetsborgarar

For å få oversikta over kven det var som var involverte i trelasthandelen, er det best å sjå på kva samfunnsgruppe dei tilhørde. I dette kapitlet tek eg for meg mange enkeltpersonar som var sentrale i trelasthandelen. Som overskrifta viser til, har eg delt desse opp i fire kategoriar, og ved å gjere dette, vil eg sjå på deira rolle i trelastnæringa på Sunnmøre på 1600-talet.

5.1.1 Futane – som bukken og havresekken?

Tabell 12 Futar på Sunnmøre 1592-1661

Fut	År	
Peder Hanssen	1592-97	Budde i Spjelkavik, seinare kjøpmann, dreiv sag i 1603
Mads Pedersen	1597-98	
Jacob Pedersen	1598-1600/01	Øg giskefut, tidlegare fut i Romsdal, seinare fut der att og lagmann i Trondheim
Jacob Thuesen	1601-06	Tidlegare fut i Finnmark, budde på Molvær etter 1604
Hans Simonsen	1606-16	Budde først på Molvær, seinare i Spjelkavik, tollar på Sunnmøre 1616-18, borgar av Bergen frå 1617 og rådmann frå 1618
Lauritz Christensen	1616-19	Vart avsett, budde truleg på Molvær, seinare kjøpmann på Sunnmøre og endte opp som borgar av Oslo
Knud Jønsen	1619-28	Budde truleg på Molvær, tidlegare (avsett) fut i Romsdal, seinare kjøpmann på Gåsholmen i Borgund
Jens Davidsen	1628-30	Avsett, budde truleg på Molvær, seinare busett i Djuvik, Borgund, kanskje som kjøpmann
Hans Grimmsen	1630-33	Avsett, budde truleg på Molvær, tidlegare skrivar på Trondheimsgard, seinare borgar av Bergen og kjøpmann i Ålesund
Mathis Hanssen	1633-35	Tidlegare kjøpsvein på Hankeneset (hjá Rasmus Lauritsen), budde i Spjelkavik (verson til Hans Simonsen), seinare kjøpmann blant anna i Spjelkavik
Gudmand Eriksen	1635-36	Døydde i embetet, tidlegare fut i Nordhordland; enka gift med Niels Harboe
Niels Pedersen Harboe	1636-38/39	Fut over sørluten av Sunnmøre, tidlegare fut over Nonneseter og sekretær for Jens Bjelke, seinare fut i Nord- og Sunnfjord og rådmann i Bergen
Niels Jacobsen Knag	1636-38/39-(61)	Fut over nordluten av Sunnmøre, seinare fut over heile Sunnmøre til 1661, då han døydde i embetet, tidlegare tollar på Sunnmøre 1632-36.

Kjelde: I Balansepunktet:254

Ein av dei viktigaste personane på Sunnmøre i trelastperioden var futen. Han var lensherren sin ombodsmann for området og den øvste myndigheitspersonen i distriktet, lensherren sjølv sat anten i Bergen eller so langt vekk som Danmark. Som ombodsmann skulle han krevje inn leigeavgifter frå leiglendingane, leidangen, pengeskatt, vere øvste militære leiar i futedømet samt halde ting og vere påtalemakt i straffesaker der kongen hadde retten til bøteinntektene. Under seg hadde futen hadde hovmenn som var rekne- og leseføre menn som hjalp til med administreringa av lenet, både rettsleg, administrativt og økonomisk. I tillegg hadde futen lensmennene i kvar skipreide under seg som si forlenga arm i distrikta. Futen si løn kom frå lensherren, men var truleg ikkje so veldig høg. I tillegg til løna fekk futen velje fritt ein gard

av krongodset han kunne bu på og skattefritt få inntektene frå.²²¹ Likevel skal me sjå at futane fekk brorparten av inntektene sine på andre måtar.

So tidleg som 1591 fekk futane i Romsdal, på Sunnmøre og i Nordfjord ei irettesetjing av kongen for at dei tillot framande skipparar å handle i desse lena. Dette gjekk imot byprivilegia som sa at utlendingane berre kunne kjøpe trelast mot reine pengar utom byane. Mest sannsynleg har futane sjølve hatt fordelar av denne handelen, sjølv om borgarane på si side gjorde det dei kunne for å kontrollere handelen.

Hans Simonsen frå Haderslev i Sør-Jylland, var fut på Sunnmøre frå 1606 til 1616. Dette året gjekk han av, og vart tollar på Sunnmøre fram til han døydde i 1618. I tillegg vart han borgar av Bergen i 1617 og rådmann året etter. Han var den einaste av futane på Sunnmøre som gjekk av eigen vilje, og samstundes den einaste som gjekk over i eit nytt embete. Kvifor han gjorde dette er ikkje sikkert, men eg trur nok at han såg at det var større moglegheiter for inntekter frå handel om han slapp å vere fut i tillegg. At han dreiv med trelasthandel er veldig truleg sidan han flytta frå det vanlege futesetet Molvær til saggarden Spjelkavik medan han var fut. Denne garden fekk han løyve til å halde i si eiga og hustrua si levetid.²²² I 1618 fekk han lov frå kongen til å framleis drive saga i Spjelkavika, mot å betale 10 riksdalar i leige, samt kvart tiande bord.²²³ Simonsen prøvde å hindre borgarane i å vere på Sunnmøre utanom dei lovlege tidene og i 1607 bøtela han 28 borgarar som ”i forbødenn tider” hadde ”hafft sinn borgerlig nering och brug” i lenet. Desse fekk 4 riksdalar kvar i bot.²²⁴

Futen som tok over var Lauritz Christensen, og han var særskildt aktiv når det gjaldt handel og i forsøka på å hindre borgarane i sin handel. Allereie i 1616 vart han åtvåra mot dette av borgaren Hans Lauritsen, men utan han brydde seg vidare om det. Sjå òg seinare om feida med Hans Lauritsen side 97. Kort sagt her vart han avsett på grunn av ulovleg kjøpmannskap. Etter dette tok han borgarskap i Bergen og heldt fram med kjøpmannskapet sitt på Sunnmøre.²²⁵

²²¹ I Balansepunktet 1994:252-253

²²² N.R.R. IV:319

²²³ N.R.R. IV:686

²²⁴ I Balansepunktet 1994:342

²²⁵ I Balansepunktet 1994: 343

Den neste futen, Knut Jensen, var òg ein røvar. Han hadde vorte avsett som fut i Romsdal allereie i 1614 på grunn av ulovleg handel og uriktig tollsetel. Han hadde fortolla eit skip frå London, "Nathan" i 1612 etter ei drektigheit på 40 lestar. Skipet vart tilfeldigvis undersøkt av eit dansk-norsk orlogsskip i Nordsjøen, og vart der anslått til å vere minst dobbelt so stort. I tillegg hadde han året etter drive ulovleg handel med ein skipper frå Amsterdam, Hendrich Hendrichssøn. Han vart avsett som fut, bøtelagt 8 ørtug, 13 mark sølv (ca. 3,1 kg) for den ulovlege handelen og dømd i kongen si "nåde og unåde" for tollsetelen. Seinare vart han benåda ved å betale 1000 dalar til saman for begge brotsverka.²²⁶ I si gjerning på Sunnmøre frå 1619 er det korkje nemnt konflikhtar med borgarar, bønder eller kongen, noko som tyder på at han ikkje gjekk utover sitt embete eller var urimeleg. Anten var han ein angrande syndar eller so var han blitt meir slu på sine eldre år, på 1620-talet sto han for rundt 2,5 % av trelasteksporten. Jensen vart avsett i 1628 i samband med skifte av lensherre i Bergenhus og haldt fram som kjøpmann. Nestemann var Jens Davidsen som var fut i to år før han vart avsett på grunn av at han kravde for høg landskuld av krongodset.

Med lensherreskiftet i 1629 då Jens Pedersen Juel tok over Bergenhus len, vart det mindre harmoniske tilstandar på Sunnmøre. Hans Grimmersen vart i 1630 tilsett som fut, og meir om han finn me på s.98. Mathis Hansen vart fut etter Grimmersen, og hadde jobben i to år. Han var tidlegare kjøpsvein på Hankeneset, Rasmus Lauritsen sin handelsstad, og budde i Spjelkavik. Etter han gjekk av dreiv han kjøpmannskap i lang tid. Den siste som er verdt å nemne her, er Niels Jacobsen Knag. Han var tidlegare tollar på Sunnmøre frå 1632-36, og vart etter det fut over nordluten av Sunnmøre. Då Sunnmøre i 1638/39 vart eit samla futedøme att, vart han verande i stillinga som fut over heile Sunnmøre, heilt til han døydde i 1661.²²⁷

Som me har sett, var futane på Sunnmøre stort sett ikkje lenge i stillinga. Nokre gjekk av frivillig, medan andre vart avsette, hovudsakleg på grunn av økonomisk utnytting av stillinga. For dei som var futar i perioden 1601-36, var stillinga stort sett eit springbrett for komande kjøpmenn, skriv Bjørn Dale.²²⁸ Han ser på futestillinga som ein måte å skaffe seg startkapital på ein rask og effektiv måte, og at det å vere fut berre var ein kort fase i ei yrkeskarriere med andre mål.

²²⁶ Grüner: 50-51

²²⁷ I Balansepunktet 1994, 1994:254

²²⁸ I Balansepunktet 1994, 1994:258

5.1.2 Borgarane – Kven var dei?

På 1500-talet kom borgarane inn som ei viktigare gruppe i norsk samfunnsliv. I kjølvatnet av at hanseatane miste privilegia sine i Noreg på midten av 1500-talet vart det lettare for andre å få borgarskap i byane. For å verte borgar måtte ein godkjennast av myndigheitene i byen, og dei som fekk borgarskap, vart viktige personar innan handverk og handel i byane og på landet. Om lag halvparten av innbyggjarane i byane på slutten av 1500-talet var borgarfamiliar, rundt 10 000 menneske.²²⁹ Til Bergen kom det no tyskararar, nederlendarar, skottar og sjølvsgt danskar som tok borgarskap av ulike grunnar. Når det gjaldt nederlendarane og skottane, er det ikkje utenkjeleg at mange av dei hadde trelasthandel i bakhovudet når dei vart borgarar i den største og viktigaste byen i Noreg.

Ein reknar med at dei første borgarane som heldt til på Sunnmøre kom dit rundt 1570, sjølv om utfarborgarar er nemnde i 1530-åra. Som kjent klaga bøndene på borgarane i 1596, men allereie i 1578 klaga dei inn borgarane for herredagen. Grunnlaget for klagen var blant anna at borgarane blanda seg inn i indre varebyttet på Sunnmøre og kravde dobbel pris for varene, særleg utpå våren når det røynde mest på for folket. Bøndene fekk medhald i klagen og futen tok arrest i varelagra til borgarane, sjølv om dette seinare vart kjent ulovleg.²³⁰ Bakgrunnen for dette var at utliggarborgararane frå Bergen ikkje reiste attende til Bergen når dei skulle. Desse utliggarborgarane som haldt til og handla ute i distrikta kunne berre vere der frå jul til fastelaven (byrjinga av mars), og frå Vår Frues dag (midten av juli) til Mortensmesse (11.november).²³¹ Me skal sjå at til trass for dette heldt borgarane seg ofte på Sunnmøre gjennom heile året.

Bøndene klaga òg over at borgarane kom til Romsdalsmarknaden på Veblungnes og kjøpte opp varer der som dei selde dyrt til sunnmørsbøndene. Dette fall bøndene tungt for brystet då dei meinte at dei sjølv burde få handle med bøndene frå Romsdalen og Oppland for å skaffe seg det dei trong. Sameleis nekta borgarane frå Trondheim sunnmøringane og kjøpe korn frå trønderske bønder, det ville dei gjere sjølv slik dei sjølve kunne tene pengar på det. På alle desse tre punkta fekk bøndene medhald, men borgarane var komne for å bli.²³²

²²⁹ Rian: 120

²³⁰ I Balansepunktet 1994:341

²³¹ I Balansepunktet 1994:322

²³² I Balansepunktet 1994:323

På Sunnmøre auka talet på borgarar på byrjinga av 1600-talet, og grunnane til dette er knytte til trelastnæringa. Ein del av borgarane dreiv med sal av trelast til utlendingane (om lag 20%), men størstparten haldt seg til fisk og kremmarverksemd med bøndene som kundar. Når eg hevdar at borgartalet på Sunnmøre auka på grunn av trelasthandelen, er det for at dei utanlandske skipparane som kom for å kjøpe trelast i alle fall i byrjinga betalte trelasta med alle slags varer. På denne måten fekk borgarane ei ny næring dei kunne tene pengar på, i tillegg til fiskeri. Byrådet i Bergen opplyste i 1607 om at: *"Tidske, hollandske oc engelske skibe løber norden for Bergen til Nummedal (Namdalen), Nordmør, Romsdal oc Sundmør under det skin attj ville købe deler, men saa opkiøber de thierte, buckschind, oxer oc kuhuder, tallig, tran, fisch och huad for vare der kand falde. Oc fører ind egen klæde, lerrett, brendeuin, lerpotter, frandzuin, peberkager, og nogle faa penge. Oc det emod Bergen byes priuilegier."*²³³ For å redde sitt eige næringsgrunnlag vart utliggarborgarane nødt til å halde seg ute i distrikta mesteparten av året slik at dei heldt utlendingane under oppsyn og hindra dei i å betale trelast med noko anna enn pengar. I tillegg var det ikkje til ulempe for handelen deira at dei fekk handle i større delar av året. I 1620-åra var prosentdelen av borgarar som var involverte i trelasthandelen kome opp på 40 %, og dei fleste av dei finn me i den følgjande tabellen:

²³³ I Balansepunktet 1994:340

Tabell 13 Folk som selde trelast til eksport på Sunnmøre 1620-24 og 1626-30

Tala er tylfter med bord						
Gruppe og namn						
Lokale borgarar		1620-24		1626-30	Begge periodane	
Peder Pedersen i Vegsund (enka frå 1629)		2414		542		
Hans Lauritsen (Haderselv) i Steinvåg		1967		4094		
Karen Michelsdatter i Spjelkavik		1287				
Mathis Hanssen i Spjelkavik				1040		
Lauritz Christensen (tidlegare fut)		1165				
Lauge Jenssen (Gamst) på Riksheim		737				
Christopher Anderssen på Rotset		475				
Jens Jull i Tranvåg		426				
Lauritz Nielssen på Larsnes		420		200		
Jens Hanssen i Ålesund		275				
Gunder Torbjørnsen i Hallehamn (enka frå 1626)		250		200		
Mogens Antonisen		200				
Wibrant Lytkes i Ålesund		100				
Lauritz Sørensen i Ålesund		75				
Lauge Jespersen på Langskipøy		72				
Didrik Grot i Dragesund		70				
Sverke Hansen i Dragesund		70				
Niels Pedersen i Nørvasund				14		
Sum lokale borgarar:		10003		6090		16093
Borgarar i Bergen						
Rasmus Lauritsen (Stud)		2980		2145		
Johan Bryssel		750				
Sum borgarar:	76,9 %	13733	78,2 %	8235	77,4 %	21968
Embeds- og ombodsmenn:						
Giskefuten		475		341		
Futen (Knud Jenssen)		258		405		
Hr. Peder Rasmussen i Volda		435				
Hr. Claus Corneliussen i Borgund		58				
Hr. Ebbe Madsen i Ørskog		40		31		
Hr. Wichmand Paaske				10		
Sum embeds- og ombodsmenn	7,1 %	1266	7,5 %	787	7,2 %	2053
Bønder:	7,8 %	1385	8,5 %	900	8,0 %	2285
Kongen:	3,8 %	670	1,0 %	110	2,7 %	780
Ukjente:	4,5 %	800	4,75 %	500	4,6 %	1300
Totalsum:	100,0 %	17854	100,0 %	10532	100,0 %	28386


Kjelde: I Balansepunktet, 1994: 340

Denne tabellen har eg kopiert frå Bjørn Dale, og viser kven som selde trelast til eksport i to periodar på 1620-talet.²³⁴ Bortsett frå 1624-25 og 1625-26 er alle åra frå tiåret med, so denne tabellen viser uansett ganske godt korleis trelastsalet på 1620-talet var delt opp. 1950 tylfter som vart registrert eksporterte i rekneskapsåret 1619-20, vart faktisk ikkje vart eksporterte før i 1620, og er tekne med her. Tala på kor mykje kvar enkelt har eksportert, er nok ikkje heilt

²³⁴ I Balansepunktet 1994:340

rette, då ein stor del av tala, særleg i første perioden, er funne ved å dele eksportkvantumet for enkelte skip på seljarane, sidan bordtala for kvar enkelt ikkje alltid er oppgjeve.²³⁵ Soleis er dette nokså unøyaktige tal når det gjeld dei enkelte personane, men som gruppe blir likevel tala nøyaktige nok for å vise kven som var dei viktigaste trelastseljarane, og korleis fordelinga var med tanke på kva grupper som sto bak handelen.

5-1 Sal av trelast til eksport fordelt på samfunnsgrupper



Kjelde: I Balansepunktet, 1994:340


Som ein kan sjå frå tabellen, er det borgarane som dominerer trelasthandelen på Sunnmøre når ein ser på 1620-talet. Med utgangspunkt i utrekninga hadde dei godt over $\frac{3}{4}$ av handelen, og sjølv om utrekninga ikkje nødvendigvis er rett, så ser ein i alle fall tendensen i kven det var som var mest aktive innanfor dette feltet. Noko anna som er verd å merke seg er kor mange personar som er involverte i handelen og talet på eksporterte tylfter. Frå 1620-24 var det 23 namngjevne personar som selde trelast, men på slutten av tiåret er der 11 seljarar. Samstundes gjekk eksporten ned frå 17 854 til 10 532 tylfter i dei to delane av 1620-talet. Ut frå dette kan det tenkast at samstundes som tilgangen til trelast minka, vart den samla på færre hender, og dei som då hadde det beste kontaktnettet og/eller mest makt, tok over handelen. I perioden 1626-30 sto Rasmus Lauritsen og Hans Lauritsen for over 60% av eksporten.

Vidare kan ein sjå på fordelinga med omsyn til dei viktigaste enkeltpersonane på heile 1620-talet. Her ser ein at tre borgarar, Hans Lauritsen, Rasmus Lauritsen og Peder Pedersen sto for

²³⁵ I Balansepunktet 1994: 305

om lag 50% av eksportsalet, og dette talet kan faktisk vere langt høgare med tanke på korleis utrekningane er gjorde!

5-2 Sal av trelast til eksport fordelt på dei viktigaste enkeltpersonar og andre grupperingar



Kjelde: I Balansepunktet, 1994:340

I Romsdal finn ein eit liknande system frå 1611-1614, der borgarane sto for rundt $\frac{3}{4}$ av trelasteksporten, sjølv om dei berre hadde $\frac{1}{4}$ av totalskurden på sine egne sager.²³⁶ Dette viser at dei tidleg tok kommandoen over trelasteksporten i Romsdal. I 1640 var all trelasthandel i Romsdal samla hjå eit par Trondheimsborgarar.²³⁷ Eit godt poeng Grüner kjem med, er at både bøndene og embetsmenn hadde andre ting å konsentrere seg om enn å selje trelast. Bøndene hadde gardsdrift og eventuelt fiske å ta seg av, medan futar og prestar òg hadde sine oppgåver dei skulle skjøtte. Soleis kunne ikkje desse gruppene konsentrere seg primært om trelasthandelen, i motsetnad til borgarane. Så snart borgarane såg her var gode pengar å tene, gjorde dei alt dei kunne for å ta del i leiken, og tok snart over brorparten av sjølve eksporten.

²³⁶ Grüner: 41

²³⁷ Grüner: 17-18

Peder Pedersen er òg sentral i dette biletet. Han var den tredje største trelastseljaren på 1620-talet, og han tok borgarskap i Bergen 1611, handelstaden hans var i Vegsundet. I likheit med Hans Lauritsen kom han òg frå Haderslev i Sør-Jylland, men allereie i 1606/07 er han nemnd i kjeldene. Dette året var han ein av dei 28 borgarane som fekk fire dalarar kvar i bot for å ha vore på Sunnmøre ”i forbødenn tider”.²³⁸ Han dreiv òg jektefart, og var i 1636/37 ein av dei to største fraktarane av fisk frå Sunnmøre.²³⁹

5.1.3 Hans Lauritsen og maktkampen mellom borgarar og embetsmenn

Hans Lauritsen er ved sida av Rasmus Lauritsen den viktigaste enkeltpersonen i sjølve trelasthandelen på Sunnmøre, og den fremste av borgarane; Dale kallar han *”Hovdingen mellom borgarane på Sunnmøre.”*²⁴⁰ Han kom frå Haderslev i Sønderjylland og tok borgarskap i Bergen som skipper i 1602. Ti år seinare heldt han til i Steinvågen på Aspøya i Borgund, og eksporterte det året ei last fisk på sin eigen kreierte, eit tremastra skip. Det var ikkje mange andre borgarar på Sunnmøre, om nokon, som eigde kreierte og dreiv direktehandel med utlandet. For dei fleste gjekk det i jektefart på Bergen og passivhandel med utlendingane som måtte kome til lenet.²⁴¹ Futen på Sunnmøre frå 1606, Hans Simonsen, kom òg frå Haderslev og det er ikkje utenkjeleg at desse to var kjenningar. Frå 1614 av leigde Lauritsen ein grunn på Langskipøya og var med det midt i smørauget for trelasthandel i den nordre delen av lenet; kremmarsetet i Steinvågen var særst sentral om vinteren når fisket fann stad. På slutten av 1620-talet ser me at han var den som selde klart mest, med rundt 40% av all trelast som vart eksportert dei åra.

Futen som tok over embetet etter Simonsen, Lauritz Christensen, vart tilsett i 1616 og kom tidleg i klammeri med Hans Lauritsen. Sistnemnde sende ei tidleg åtvaring i form av eit ope brev til futen mot å drive ”vloglige kjøeb”, m.a.o. privat kjøpmannskap. Noko som kunne vore i frykt for Christensen sine ambisjonar. Denne frykta var velgrunna. I tillegg til å drive utstrakt innanlands og utanlands handel, gjorde futen det han kunne for å hindre borgarane i å drive handel. Christensen forbaud bøndene å skjere tømmer for borgarane, framande skippararar å handle med dei og bøndene på øyane fekk forbod mot å huse borgarar og sveinane deira. Ikkje lenger etter tilsetjinga av Christensen, i 1617 eller 1618, søkte borgarane

²³⁸ I Balansepunktet 1994:342

²³⁹ I Balansepunktet 1994:310

²⁴⁰ I Balansepunktet 1994: 369

²⁴¹ I Balansepunktet 1994: 369

på Sunnmøre om at tidene for kva tid dei kunne vere på måtte utvidast Sunnmøre. Borgarane hadde vore meir eller mindre fastbuande på Sunnmøre sidan 1570, noko Simonsen prøvde å rette på. Det at borgarane no ville få kongen til å utvida tida dei kunne vere på Sunnmøre er eit teikn på at Christensen nok prøvde å overhalde rettarbota frå 1580 om at utliggarborgarane ikkje fekk bu utanfor byen.²⁴² Det kom til rettsak i rådhusretten i Bergen, og med Hans Lauritsen i spissen fekk borgarane avsett Christensen for ulovleg kjøpmannskap. Det kom fram i rettssaka at han blant anna hadde drive storstilt trelasthandel, for eksempel var han særskild aktiv i 1618. Då selde han heile eller store delar av lasta til 5 av dei 16 skipa som kom det året, det ser ut til han var mest aktiv i Volda.²⁴³ Han heldt seg eit par år til på Sunnmøre etter avsetjinga, men flytte til Oslo i 1622 for å drive vidare med kjøpmannskap.

Med Lauritz Christensen ute av vegen som fut vart det ikkje noko store problem for borgarane på Sunnmøre før i 1630. Då hadde Jens Juel vorte lensherre for Bergenhus len eit par år før, og han hadde som mål at alle borgarane i lenet skulle halde seg i Bergen. Han skreiv til kongen om korleis borgarane for fram og tynte bøndene og gjorde slik at kongen fekk lågare inntekter. Han avslutta med å be om at utliggartidene vart innskjerpa, noko som ville vere til stor fordel for bøndene; *"thj dett kand verre det enne fougderj som vell enn halffhunderit och flerre, saa och dett enn prestegiæld som vell attenn eller nittenn kremmere aaritt i giennem med dierris kiøbmandschab er beliggendis."* Det sistnemnde her dreier seg om Borgund på Sunnmøre. Her tilsette han i 1630 Hans Grimmersen, sin tidlegare tenar, som fut. Grimmersen starta tidleg med både omfattande kjøpmannskap og å gjere livet vanskeleg for borgarane. Problema som hadde vore med Christensen var små i høve til konfliktane som kom med Hans Grimmersen. Vinteren 1630/31 og 1631/32 vart sunnmørsborgarane dømde for å vere ute av byen utanom dei lovlege tidene, og vinteren 1630/31 spikra futen att husa til borgarane for å hindre dei i å drive handel. På seinsomaren 1631 møtte Grimmersen Lauritsen og 6 andre sunnmørsborgarar for herredagen i Bergen. Her vart futen skulda for å drive kjøpmannskap både i lensherren og kongen sitt namn i tillegg til å hindre borgarane. Det vart bestemt at lensherren skulle sjå til at borgarane sine rettar ikkje vart hindra, men lensherren var sjølv ein av tre herremenn, og gjorde nok ikkje mykje for å rette seg etter dette.²⁴⁴

²⁴² I Balansepunktet 1994: 370

²⁴³ I Balansepunktet 1994: 259

²⁴⁴ I Balansepunktet 1994:370-371

Dråpen som fekk begeret til å flytte over for borgarane kom ved juletider 1631. Då slo Grimmersen til mot Hans Lauritsen medan han var bortreist, og forseгла (spikra att) husa han hadde nok ein gong. På grunn av dette vart mykje varer øydelagde, alt dette utan lov og dom. Berre eit par veker etter at han hadde fått synfart skadane 14.januar 1632, hadde Lauritsen kome seg til København. Etter nokre månadar her sendte kongen eit brev til Jens Juel om at han måtte halde bedre oppsyn med Grimmersen, med grunnlag i auka kjøpmannskap og saka frå herredagen året før. På somaren kom Bjelkekommissjonen til Sunnmøre og Bergenhus for å høyre på klagar frå bønder og borgarar. Her klaga både eit samla bergensborgarskap og sunnmørsborgarskap på Grimmersen, men desse klagane vart avviste av formelle grunnar. Lauritsen hadde før stemna futen for lagmannen i Bergen, men her hadde han vorte frifunnen, lagmannen var svogeren til Grimmersen, Peder Nielsen Hiermand.²⁴⁵ Borgarane hadde no ikkje mange moglegheiter att, men 19.mars 1633 søkte byrådet i Bergen om utvida handelstider for sunnmørsborgarane, og om audiens for utsendingen deira. Sjølv sagt var dette Hans Lauritsen, og han fekk no gjennomslag for saka si. Allereie 20.april vart det sendt ut ei kongebrev som gav sunnmørsborgarane rett til å bu og handle på Sunnmøre mest heile året.²⁴⁶ Same dag gjekk det ut eit krasst brev til Jens Juel der Grimmersen sitt slektskap til lagmannen, gjennomføringa av rettsaka og Juel si rolle opp i det heile vert refsa. Det virkar som om Juel har sendt lagmannen Nielsen til Sunnmøre for å forhøyre vitner: *”hvorføre du med forderligste skal forfare hans Erklæring herom og den med forderligste udi vort Kantselli indskikke.”*²⁴⁷ Det å sende svogeren til ein tiltalt for å ta inn forklaringar i eit futedøme langt vekke, var vel ikkje den forma for rettferdig rettsystem kongen ville ha. Grimmersen vart avsett som fut, men vart verande på Sunnmøre og drive kjøpmannskap. Først som nabo til Hans Lauritsen i Steinvågen, men han flytte snart til staden som framleis har namn etter mannen, Grimmergården, som no naturleg nok er eit kjøpesenter.

Ut frå alle konfliktene mellom futane og borgarane, kan det virke som om dei til ei viss grad heldt kvarandre i sjakk. Begge desse gruppene ville ha kontroll over handelen på Sunnmøre, og i denne maktkampen var det lovbrøt på begge sider. Som me har sett, virkar det som kongen var interessert i å få størst mogleg inntekter frå landet, og at han oftast tok borgarane sitt parti mot futane og lensherrane. Om dette var ein klår antimonopolistisk tankegong frå

²⁴⁵ I Balansepunktet 1994: 372

²⁴⁶ N.R.R.6:526

²⁴⁷ N.R.R.6:527

kongen og kanselliet skal vere usagt, men kongen var tent med at futane ikkje hadde einerett på handelen ute i distrikta.

5.1.4 Embetsborgarar og lågare embetsmenn

Giskefuten var utan tvil den viktigaste embetsmannen på Sunnmøre ved sida av futen. Blant dei andre embetsmennene som hadde noko å seie med tanke på trelast, finn me tollarane og prestane. Tollarane var i ein noko spesiell situasjon på Sunnmøre. Tollarembetet var i byrjinga av trelasttida knytt til futestillinga. Den første tollaren var Hans Simonsen, som tok over tollarembetet etter ti år i stillinga som fut. Han sat som tollar i to år, frå 1616-1618 og han døydde i stillinga. Grunnen til dette var nok å auke si eiga inntekt, for samtidig med å vere fut, kunne han drive lovleg kjøpmannskap. I 1617 tok han borgarskap i Bergen, og han vart òg rådmann året etter.²⁴⁸ Etter dette gjekk oppgåva attende til futen. Om dette er ein indikasjon på nedgong i trelasteksporten, eller berre ein retur til det gamle systemet, er uklart. Ei sannsynleg forklaring kan vere at Simonsen fekk dette embetet, som ei påskjøning for ”lang og tru teneste”. På tollarfronten skjer det ikkje noko nytt før i 1632. Då kom som kjent lova om at futar ikkje samstundes kunne vere tollarar. På Sunnmøre miste Hans Grimmsen tollansvaret, og Niels Jacobsen Knag tok over rolla som tollar. Han hadde vore tilsett hjå futen Lauritz Christensen (1616-19), og mest sannsynleg dei tre etterfylgjande futane.

I sitt fyrste år som tollar fjerna Knag restriksjonane på handelen, og i dette rekneskapsåret, 1633/34, var det ein rein frihandel på Sunnmøre. Utlendingar kunne selje varene sine til borgarane, og desse selde attende all slags varer, ikkje berre trelast slik dei skulle. Dette var både i tollaren og borgarane si interesse, og grunnlaget for ei slik oppheving av handelsrestriksjonane var nok Hans Lauritsen sin søknad til kongen i 1633.²⁴⁹ På denne tida var trelasten nedadgåande, og sidan borgarane på Sunnmøre stort sett baserte utanlandshandelen sin på passivhandel, måtte dei gjere noko. Det er ikkje utenkjeleg at Hans Lauritsen hadde ei sterk rolle i dette ”eksperimentet”, men som nemnt tidlegare i oppgåva, avslo kongen søknaden, mest truleg etter press frå borgarskapet i Bergen. Knag gjekk av som tollar, og fekk jobb som fut for den søndre delen av Sunnmøre i 1636, det var nok betre framtidsutsikter i den jobben. Den vidare lagnaden hans er nemnd tidlegare i kapitlet, men han tok over som fut over heile Sunnmøre nokre år seinare, og sat i jobben fram til sin død i 1661. Den siste kjende tollaren på Sunnmøre, var Jens Lauritsen. Han hadde jobben i 1645 og nokre år framover. No var tollinntektene frå Sunnmøre særskilt låge, i åra 1643-46 var stortollen

²⁴⁸ I Balansepunktet 1994:381

²⁴⁹ I Balansepunktet 1994:383

(bord og bjelkar) i snitt 72 dalar per år, i tillegg til dette kom småtollen. I åra 1648-51 er det Niels Knag som nok ein gong har ansvaret for tollene.²⁵⁰ Om dette er eit teikn på at tollaren no er overflødig, og at oppgåva nok ein gong har kom attende til futen, skal vere usagt.

Når det gjeld prestane, var det fleire av dei som var direkte involvert i trelasthandel og produksjon. Grunnen til dette var eigedomstilhøva, der prestane eigde både prestegarden, samt andre gardar og gardpartar andre stadar. Allereie i sagskatten frå 1603 er det fleire prestar nemnde: Både sokneprestane Claus Corneliussen i Borgund og Ebbe Madsen i Ørskog skatta av flaumsager dette året. I 1626 er òg personleg kappelan Wichmand Paasche i Ørskog oppført som eigar av ei sag, denne står på garden Fausa i Dale skipreide.²⁵¹ På 1620-talet er det ein prest som skil seg ut, og det er Peder Rasmussen i Volda. Som med ser frå tabellen, so selde han 435 tylfter trelast til eksport i åra 1620-24, nesten dobbelt so mykje som futen Knut Jensen. Prestane sto nok i ei særstilling i rolla som sageigarar og trelastseljarar. Dei var meir uavhengige på grunn av stillinga si, og på grunn av eigedomane og landskulda som fylgde med tilsetjinga. Presten var ein lokal maktperson, og kunne nok stort sett drive saga si og selje trelasta utan frykt for korkje fut, lensmann eller borgarar.

5.1.5 Bøndene

Bøndene på Sunnmøre i trelastperioden var ikkje ei homogen gruppe. Dei kan grovt sett delast i to: ålmugen og bondeoverklassa, der den sistnemnde var satt saman av jekteeigarar, lensmenn og jordegodseigarar. I byrjinga av perioden sto bøndene samla mot borgarane og deira valdsame framferd mot bøndene, og klaga til kongen. Borgarane tok sager i pant frå odelsbønder og prestar, fiska på bøndene sine grunnar, hindra øybuarane i å kjøpe slakt og smør samt freista å hindre bøndene å selje trelast direkte til utlendingane. Alt dette vart forbode, men mykje tyder på at enkelte borgarar likevel før hardt fram mot ålmugen med brutal gjeldsinnkreving og rein valdsferd. I 1607 måtte Hans Pape på Papenes i Herøy betale 76 riksdalar i bot for "hanns groffue forsielsse emodt Kon: Maytz schattebønder vdi Sundmørsleenn."²⁵² Storleiken på bota tilseier at Hans Pape må ha gjort grove overtramp m.t.p. rettane sine. Sjølv om borgarane òg var eit fordyrande mellomledd i trelasthandelen, vart gnisningane mellom bondestand og borgarstand mindre utover 1600-talet. Bjørn Jonson Dale skriv at fleire lensmannsøner tek seg borgarskap i Bergen og kjem attende til Sunnmøre som kremmarar, i tillegg vart ein del personar av borgarrett inngift i bondeoverklassa.

²⁵⁰ I Balansepunktet 1994:384

²⁵¹ LR 040-4012

²⁵² I Balansepunktet 1994:342

Samstundes med dette opphøyrer bøndene sin motstand mot fastbuande borgarar på Sunnmøre.²⁵³


Det ser ut som borgarane sto for det meste av tertiærdelen av trelastnæringa; sal og transport av ferdigvarer. Bøndene tok for seg primær- og sekundærnæringane; tømmerhogging, transport og sagdrift var hovudsakleg på bondehender, sjølv om dei ikkje nødvendigvis eigde ressursane sjølve. No har eg ikkje funne direkte prov på at bøndene som var leiglendingar på giske- og rosenkrantzgardar fyrst skulle selge til ombodsmannen. Likevel har eg vanskeleg for å tru at Rasmus Lauritsen Stud kunne ha vore ein so sentral person i trelasthandelen utan å ha fyrsteretten på trelast frå giskegodset.

²⁵³ I Balansepunktet 1994:342

6 Jamføring med resten av vestlandskysten

Til no har eg først og fremst sett på Sunnmøre og korleis stoda var der i løpet av dei tiåra trelasthandelen sto på. Det å eige eller på annan måte kontrollere jordegodset var nøkkelen til skogen og produksjonen av trelast. Dette ser me tydeleg på måten Rasmus Lauritsen vert ein særskild viktig aktør, på same måten prøvde og klarte enkelte av futane det same. For å finne ut om eigedomstilhøva har noko å seie for den raske uthogginga av skogane på Sunnmøre, har eg sett på tilsvarende tal for heile kysten frå Ryfylke til og med Nordmøre. På denne måten får me sett forskjellane på dei ulike futedøma når det gjaldt prosentvis fordeling på odels-, adels-, krun- og kyrkjegods. Tala for dei ulike futedøma er henta frå ”Kven åtte jorda i den gamle leiglendingstida”, med unntak av tala frå Sunnmøre, der Dale sine tal for 1626 er brukte. Grunnen for dette kan ein sjå nærare på i punkt 3.1.3.1.

Tabell 14 Fordeling av jordegods på midten av 1600-talet på strekninga Ryfylke-Nordmøre



Kjelder: Bjørkvik og Holmsen, 1972 og Dale, 2001:77


Som me ser er det store forskjellar på eigedomstilhøva. Kyrkjegodset er mest stabilt, med verdiar mellom 14-38% (Sunnhordland – Nordfjord). Krunegodset varierer noko meir, 14-55% (Nordfjord – Sunnfjord). Adelsgodset har dei største svingingane prosentmessig, 2-35% (Nordfjord – Romsdal), medan odelsgodset ligg mellom 15-49% (Sunnfjord – Hardanger). Sunnmøre er det futedømet der dei ulike godstypene er jamnast fordelt, med variasjonar i spekteret 21-29%. Sett saman med tabellen eg laga etter gjennomgang av ulik litteratur, kan me prøve å sjå nokre tendensar.

Om me jamfører figuren med tabellen på side 23, kan me sjå utviklinga av trelasthandelen opp mot eigarfordelinga av jordegodset i enkelte område. I Ryfylke starta trelastperioden før

1554 og var over rundt 1685. Her var det sær s mykje odelsgoods, med det var det òg i Hardanger, Indre Sogn og Nordfjord. Av desse fire regionane, er det berre Nordfjord som har knapt med drivverdig skog att i 1661, det tyder på at i område med mykje odelsgoods, gjekk det seinare med uthogginga. Ein av grunnane til dette er som me har sett før i oppgåva; at bondesagene var jamnt over mykje mindre enn borgar- og adelsagene. På den andre sida skil Sunnmøre og Romsdal seg ut når det gjeld adelsgoods. Giskegodset var i røynda ikkje eit adelsgoods, men vart til ei viss grad drive som eitt, men med ein sær aktiv giskefut i Rasmus Lauritsen. På Sunnmøre eigde Giskegodset rundt 15 % av jorda, men i Romsdalen var talet noko høgare, rundt 20 %. Dette i seg sjølv kan ikkje forklare kvifor Sunnmøre vart tømnd for drivverdig skog raskare enn Romsdal. På den andre sida var borgarane mykje meir aktive i Romsdalen når det gjaldt å få kontroll over sagene. Utover 1600-talet vart dei aller fleste samla på nokre få borgarhender.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert utfrå fordeling av jordegods, og når dei ulike distrikta dreiv eksport av trelast. I denne jamføringa er det noko som manglar: skogressursen. Eg har i arbeidet mitt korkje funne konkrete skildringar eller tal på kor mykje av Vestlandet som var dekt av produktiv skog. Truleg finnest det ikkje slike opplysingar. Det eg har funne er skildringar som Strøm og Friis har kome med, men "*schjøne Fyrreskove*" er diverre ikkje ei målbar utsegn.

6-1 Bordproduksjon og sager på Vestlandet 1661




Kjelder: Landkommisjonen 1661, Grüner 1972, I Balansepunktet 1994

Merknad: Sagtala frå Romsdal er frå 1661, men bordproduksjonen er basert på snittet av eksporten i 1670-åra. For Nordmøre er bordproduksjonen tal frå 1669.

Ut frå diagrammet og tabellen over kan me sjå kvar det framleis var skog att i 1661. I alle område i Bergenhus og i det som no er Møre og Romsdal, utanom Sunnmøre, var det produksjon av bord. Sjølv om både Nordfjord og Nordhordland hadde særst lite produksjon, var det framleis att nok skog til å drive nokre få sager. På den andre sida har me Sogn, Hardanger, Nordmøre og Romsdal som alle har ein stor produksjon av trelast midt på 1600-

talet. Her får me i alle fall vist at Sunnmøre var so avskoga at det ikkje vart skore trelast ein kunne skatte av i 1661, i motsetnad til alle dei andre områda.

6-2 Utviklinga av sager 1600-61 langs vestlandskysten



Kjelder: Landkommisjonen 1661 Bergenhus len, Bugge 1925, Grüner 1972, I Balansepunktet 1994

Når me ser på utviklinga av sager på Vestlandet, ser me at enkelte distrikt vart hardare ramma enn andre av skogøydinga. Nordfjord og Sunnmøre er i ei særstilling når det gjeld dramatisk nedgang, medan Sunnhordland og Sunnfjord òg reduserte sagtalet. Hardanger og Romsdal fekk ein liten auke med sager i perioden, medan Sogn nær tredobla sagtalet.

7 Samanfating og konklusjon

7.1 Samanfating

Kvifor vart skogen generelt uthoggen langs kysten? Øystein Rian har eit godt poeng i Aschehoug si Noregshistorie der han peikar på at sidan staten, embetsmennene, godseigarane, kjøpmennene og bøndene alle tente på næringa, var det ikkje noko vilje til å bremse på uthogginga av kystskogane.²⁵⁴ Det kan virke at so lenge det var nok skog andre stadar i landet, gjorde det ikkje noko at kystskogane på Vestlandet vart uthogne. Dei forboda som kom, gjekk først og fremst på utskiping av eiketømmer, som var det viktigaste til bygging av skip til den dansk-norske flåten. Det kan sjå ut til at området nordafjells ikkje var like viktig å skåne mot uthogging som Agder og Austlandet. Ein av grunnane kan vere at styresmaktene i København ikkje hadde oversikt over kor mykje skog som var i Noreg, og at dette kanskje var

²⁵⁴ Rian:94

ein nærast uendeleg ressurs. Likevel hadde dei nok i minne skogøydingane i Danmark og det nordvestlege Europa på tidleg 1500-tal.

7.1.1 Var bøndene ansvarlege for uthogginga av skogen på Sunnmøre?

Utifrå det eg har funne i oppgåva, ser det ikkje ut til at bøndene var ansvarlege for uthogginga av skogen på Sunnmøre. Sjølv om bøndene eigde og dreiv mesteparten av sagene, var mange av dei leiglendingar og dette gav gode inntekter til jordeigar i form av grunn- og fosseleige. I tillegg kom tiendebord og sagskatt til kongen. Sagene som tilhørde Rosenkrantz eller Giske sine gardar, ser ut til å måtte selge trelasta til ombodsmannen etterkvart, truleg til ein fast pris. Lova frå 1640 om at ein framståande mann skulle handle på vegne av bøndene fekk ikkje noko særleg verknad på Sunnmøre. Grunnen til dette er at dei få sagene som framleis var i drift, etter alt sannsyn selde trelasta til dei borgarane som var inne i trelasthandelen.

Eit anna prov på at bøndene ikkje kan klandrast for uthogginga, er at dei vart straffa for tjuvhogst. Sakefallet frå Sunnmøre viser fleire dømme der ulovleg hogst, både i krona, kyrkja og odelsbønder sine skogar vert straffa med bøter. Det å hogge tømmer og skjere trelast er ein omfattande produksjon som er vanskeleg å skjule for andre, både visuelt og lydmessig, i eit bygdelag. Bøndene dreiv som sagt mange sager, og var nok på same måte som borgarane interesserte i å tene mest mogleg, men hadde i tillegg ein gard å drive. Derfor kunne ikkje bøndene konsentrere seg fullt og heilt om trelasthandelen, slik som borgarane.

I alle fall frå 1620 var det borgarane som sto for mesteparten av trelastsalet. Bøndene sto for rundt 8% av salet i perioden 1620-24. Dette tyder på at borgarane hadde hatt kontrollen over vidaresal av trelast til utlendingane allereie fleire år i forvegen. Det kan godt hende at vendepunktet kom rundt 1614, då Hans Lauritsen leigde seg inn på Langskipøya. To år seinare ser det ut til at Rasmus Lauritsen kjøper retten til all trelast som vart skore på Giskegodset sine sager.

Desse to Lauritsane var begge to gigantar innanfor trelasthandelen på Sunnmøre. Likevel har me sett at dei hadde to vidt ulike utgangspunkt, og ikkje var dei i slekt. Rasmus var ombodsmann for Rosenkrantzgodset, hadde kontroll over trelasta frå Giskesagene og seinare Giskefut. Med andre ord vart han trelasthandlar i eigenskap av å vere ombodsmann for Rosenkrantzgodset, og ekspanderte derfrå. Han var ein kapitalsterk mann, med rike slektningar, og hadde ei særskild suksessrik karriere der han enda opp som borgarmeister i

Bergen. På Sunnmøre hadde han hovudetet sitt på Hankeneset i Borgundfjorden. Om Rasmus køyrde solo i kjøpmannskapet sitt og i trelasteksporten, eller om han var ein del av eit omfattande handelsnettverk med eigarane av Rosenkrantzgodset, har eg ikkje fått greie på. Eigarane av Rosenkrantzgodset, Thott og Rantzau var aktive eigarar, og må ha hatt ei viss formeining om kva som skjedde på Sunnmøre. Dette er noko som hadde vore interessant å jobbe vidare med. Svingersonen, Henning Hansen Smit, som arva mykje av pengane hans, var so rik at han holdt på å klare og kjøpe heile Giskegodset.

Hans var den driftige kjøpmannen som kjempa for rettane sine mot den eine futen etter den andre. Han reiste til og med til kongen for å få hevde rettane sine når futen nekta borgarane å handle på Sunnmøre, og dette enda med Sunnmørsløyvet i 1633. Med dette i bakhovudet kan me seie at Hans Lauritsen var den første driftige næringspolitikaren på Sunnmøre, men ikkje den siste. Som talsmann for sunnmørsborgarane var han ein leiande person, han dreiv òg eit omfattande kjøpmannskap med både fisk og trelast. Han vart ein rik mann, men han dreiv aldri oppkjøp av jordegods, so når nedgangstidene kom frå 1640 vart han kreditor for bønder og andre borgarar. Trelasttida var over, og han gjekk mest truleg på store økonomiske tap etterkvart. Slehta etter han vart òg borgarar, men stordomstida for handelsmenn på Sunnmøre var for lengst over.

7.1.2 Ressurstilganghypotesa

Eg har vanskeleg for å tru at skogressursen på Sunnmøre var noko særleg lettare tilgjengeleg enn andre stadar langs kysten. Sjølv om Strøm hevdar at Breisundet var velkjent blant sjøfararar og at Sunnmøre hadde gode hamner for utskipping av trelast, var ikkje dette noko som var spesielt langs kysten. For eksempel er Boknafjorden, inngangsporten til Ryfylke, og Bømlafjorden i Sunnhordland òg gode innseglingstadar. Og gode hamner er det langs heile kysten.

Noko som var spesielt for Sunnmøre var to særskilde element:

- Lang avstand til både Bergen og Trondheim
- Ein sær aktiv ombodsmann for Giske- og Rosenkrantzgodset og aktive borgarar

Når det gjeld den lange avstanden til Bergen, var det ikkje særleg lett å sjå til at lover og forskrifter vart fylgde. Sunnmøre låg i periferien til Bergen, og var heller ikkje innom interessesfæra til Trondheim. På grunn av dette var Sunnmøre i ei særstilling når det gjaldt

trelasthandelen på Noreg. Me har sett at både futar, borgarar og kongen gjorde det dei kunne for å få kontroll over inntektene frå trelasthandelen. Dette førte til delvis lovause tilstandar, dei mange konfliktane mellom borgarar og futar og klagar frå bøndene er eit prov på dette. Dei som var ansvarlege for lov og orden i lenet, futane, handla oftast i si eiga (og lensherren) si interesse, noko som oftast ikkje samsvara med andre sine interesser.

Ved overdraginga av Giskegodset til kongen i 1582, var det ikkje lenger eit adelsgods, og i 1586 vart det utnemnd ein ny lensherre. I staden for vart det krongods, som vart forlana til prominente danske adelsmenn som løn eller påskjøning. Sidan desse ikkje ”eigde” godssamlinga, sette dei ombodsmenn til å drive godset og for å skaffe seg inntekter utan for mykje arbeid. Desse giskefutane slo seg opp økonomisk på jobben, og i ei særklasse finn me Rasmus Lauritsen. Frå 1616 kontrollerte han Rosenkrantzgodset og skurden frå giskesagene. Med ei so stor forsyning av trelast, slo han seg opp som kjøpmann på Sunnmøre, og sto for ein sær stor andel av trelastalet til utlendingane. I tillegg kontrollerte han i 1626 26 % av jordegodset på Sunnmøre.

7.2 Konklusjon

På Sunnmøre var det to aktive futar, sidan ein hadde giskefuten i tillegg til den vanlege futen. Giskegodset var korkje adelsgods eller eit vanleg krongods, og dette var spesielt for Sunnmøre. Her hadde ein eit ”len i lenet”, som i lag med Rosenkrantzgodset sto for ein stor del av egedomen i lenet. Giskefuten var ein mann med mykje makt, og då særleg Rasmus Lauritsen. Sjølv om han ikkje vart giskefut før i 1623, virkar det som han hadde kontroll over giskesagene allereie frå 1616. Det ser ut til at Rasmus Lauritsen vart trelasthandlar i eigenskap av å vere ombodsmann for Rosenkrantzgodset og seinara som giskefut.

Det kan sjå ut som om enkelte mektige og sentrale personar på Sunnmøre framskunda uthogginga av skogane på Sunnmøre. I tabellen på side 96 ser me at i perioden 1626-30, sto Hans og Rasmus Lauritsen for om lag 60 % av all utskipa trelast. Med ein so sterk posisjon som desse to hadde, måtte dei hatt eit stort salgsapparat knytta til trelasten. Viss dei prisa varene for høgt, før truleg skipparane andre stader, men samstundes var dei kjøpmenn som skulle tene pengar. Presset på bøndene for å levere nok tømmer og trelast må ha auka utover i perioden, men til slutt må dei nok ha innsett at det ikkje var nok drivverdig skog att til at

utlendingane kom og handla. Rasmus hadde karriera si i Bergen, medan Hans gjekk attende til vanleg kjøpmannskap, fisk og utlån av pengar.

I kjølvatnet av trelasteksporten på byrjinga av 1600-talet, vaks det fram eit stort borgarskap på Sunnmøre. Grunnen til dette meiner eg er at med dette nye næringsgrunnlaget, fekk borgarane fleire bein å stå på. På Sunnmøre er det fisken som har vore den store næringa gjennom tidene, og 1600-talet var ikkje noko unntak. Det rike Borgundfjordfisket på seinvinteren lokka til seg folk frå nabodistrikta, og store mengder torsk vart fiska. Med trelasthandelen fekk borgarane ein god grunn til å vere på Sunnmøre heile året. Borgarskapet på Sunnmøre slo seg opp i trelasttida, men går ned att ei periode og kjem sterkt attende. Hadde Hans Lauritsen fått gjennom krava sine i 1633, ville nok Borgund fått bystatus, og utviklinga hadde nok vorte annleis. I staden gjekk trelasthandelen mot slutten, og Sunnmøringane hadde berre fisken att av dei lønsame eksportvarene. Sidan all fisk måtte selgjast til Bergen, kom det lite utlendigar og handla på Sunnmøre dei neste par hundre åra. Me må gå so langt fram som til 1830-åra før det vart fast handelsamband mellom Sunnmøre og utlandet att.²⁵⁵

²⁵⁵ I Balansepunktet 1994, 1994:345

Litteratur og kjelder

Utrykte kjelder

Borgarskapet sine krav til eineveldet, Meddelra1

Giskegods jordebok 1626, SHA-DIX5, 1642 og 1651, LRGL-1

Jordeboka for Sunnmøre 1626, SHA-DIX5

Landkommisjonen 1661 Bergenhus, LK1661

Lensrekneskap 1618/19, 1623/24, 1627/28,

Rosenkrantz jordebok 1626, SHA-DIX5

Skattebok 1636/37 over nordlotten av Sunnmøre, LR-074

Skattematrikkel 1647, LR-105

Trykte og digitale kjelder

Borgarbok for Sunnmøre 1570-1870

<http://www.soga.no/bjodale/borgarboka/borglist.htm>

Diplomatarium Norwegicum

http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html#Innstillinger

Lensrekneskapet for Sunnmøre 1606/07

<http://folk.ntnu.no/ivarse/avskr/lens1607.html>

Norske rigs-registrantar bind I-VI

<http://da2.uib.no/cgi-win/webbok.exe>

Thomlen, E.A. - Norske Herredags-Dombøger, Første rekke 1578-1585, 1597-1604,

Thronsen & Co.s Bogtrykkeri, Christiania 1893-1903

Skattemanntalet i lensrekneskapen 1603

<http://folk.ntnu.no/ivarse/avskr/skatt1603.htm>

UIB si diplomsamling

<http://gandalf.aksis.uib.no/cgi-bin/diplom/the CGI.py?action=start&coll=diplom>

Litteratur

- Bugge, Alexander: Den norske trøelasthandels historie 1-2, Fremskridts boktrykkeri, Skien 1925
- Daae, Ludvig: Nordmænds Udvandringer til Holland og England, Alb. Cammermeyer, Christiania 1880
- Dyrvik, Ståle: Norsk Historie 1625-1814, Det Norske Samlaget, Oslo 1999
- Ersland, Geir Atle; Sandvik, Hilde: Norsk Historie 1300-1625, Det Norske Samlaget, Oslo 1999
- Fladby, Rolf. Imsen, Steinar. Winge, Harald: Norsk Historisk Leksikon, Cappelen, Oslo 1996
- Fauske, Stein Arne: Giskegodset 1537-1648: frå adelsgoods til kongeleg len: strukturelle endringer i eit jordegods i tidleg nytid. Hovudoppgåve frå NTNU, 2004
- Friis, Peder Claussøn: Samlede Skrifter, Den norske historiske Forening av Dr. Gustav Storm, Kristiania 1881
- Giske, Louis: Bygdebok for Skodje. Gard og slekt 1. Skodje sogelag 1986.
- Grøvik, Ivar: Hjørundfjordboka. Kultursoga 1. Hjørundfjord bygdeboknemnd, Ørsta Kommune 1975
- Grøvik, Ivar: Vartdalssoga. Bind II Allmen soge. Første delen fram til 1895. Vartdal bygdeboknemnd, Ørsta kommune, 1982
- Hallager, Fr. Brandt, Fr. – Kong Christian den fjerdes Norske Lovbog av 1604, Feilberg og Landmark, Christiania 1855
- Jørgensen, Hans-Jørgen, Det norske tollvesens historie, Fra middelalderen til 1814, Tolldirektoratet, Oslo 1969
- Kaland, Peter Emil: Landskapsutvikling og bosetningshistorie i Nordhordlands lynghei-område. Frå ”På leiting etter den eldste garden – Nye metoder i studie av tidlig norsk bosetningshistorie”, Universitetsforlaget, 1979
- Kulturhistorisk vegbok for Hordaland, Hordaland Fylkeskommune, Bergen 1993
- Landes, David: The Wealth and Poverty of Nations, Abacus, London 2001
- Larsen, Stein Ugelvik; Sulebust, Jarle (red): I balansepunktet – Sunnmøres eldste historie, Sunnmørsposten forlag, Ålesund 1994

- Lillebø, P. A.:Sunnylven og Geiranger. Fyrste bindet. Hellesylt 1949.
- Lillehammer, Arnvid: Skottar og hollendarar på Agder- og Rogalandskysten - i ”Kontakten mellom Agder og Holland på 1600- og 1700-talet”, Flekkefjord Museum, 2001
- Lunden, Kåre: Norges Landbrukshistorie, bind II, Det norske samlaget, Oslo 2002
- Myking, John Ragnar: Herre over andre si jord?: norske leiglendingsvilkår i europeisk lys 1500-1800, Universitetet i Bergen 2002
- Myklebust, Ivar: Ørsta, Cammermeyers Boghandel, Oslo 1933
- Nedkvitne, Arnved: ”Mens Bønderne seilte og Jægterne for”, Universitetsforlaget, Oslo 1988
- Rian, Øystein: Aschehougs Norgeshistorie, Aschehoug, Oslo 1995
- Schreiner, Johan: Hanseatene og Norges nedgang, Steenske Forlag, Oslo 1935
- Schreiner, Johan: Hanseatene og Norge, Jacob Dybwad, Oslo 1941
- Timber and trade: articles on the timber export from the Ryfylke-area to Scotland and Holland in the 16th and 17th century - Aksdal: Lokalhistorisk stiftelse, 1999
Svein Ivar Langhelle
Arnvid Lillehammer
T.C. Smout
- Tveite, Stein: Engelsk-norsk trelasthandel 1640-1710, Universitetsforlaget, Bergen-Oslo 1961
- Wallerstein, Immanuel: Det moderne verdenssystem 1, Gyldendal, Oslo 1978
- Artikkel som omtalar Henrik Høyser, frå Aust-Agder Arkivet (lese 14.05.2008)
<http://www.aa-arkivet.no/tulipan.htm>
- Bilete på framsida
<http://www.sai.msu.su/wm/paint/auth/cezanne/land/great-pine/great-pine.jpg>

VEDLEGG

Vedlegg 1 – elveliste over sagelvar på Sunnmøre på 1600-talet

Kommune	Elvenr	Elv	Sager	Vassretten	Gardar ved elva
Ålesund	1	Spjelkavikelva	1	Giske	Spjelkavik
	2	Mauseidvågelva	1	Giske	Mauseidvåg, Mauseid?
	3	Nedregotten/Blindheim?	2?	Presten?	Nedregotten iverfall
	4				
Skodje	5	Furelielva	1?		Apalvika, Skodjevåg og Fremmerli Skodje indre, Skodje nedre, Skodje ytre, Skodjereite
	6	Skodjeelva	2	Giske	Barlindbrekke, Braute, Solnørdalen, Li, Aksvold, Sjøholt
	7	Solnørdalvassdraget		Giske og Rosenkrantz (nedre del/øvre del)	Øvre og Nedre Glomset. Honningdal
	8	Honningdalselva	1	Rosenkrantz	
	9	Svorteelva		Giske	
Ørskog	10	Ørskogelva	5		Ørskog (Prestegarden), Haukås, Giskemo, Valgjerme, Nedre Lande, Sjøholt.
	11	Vaksvikelva	3	Rosenkrantz (og kongen)?	Viset, Halvardsæter, Hjelle, Hjellereite, Sæter, Hatlen, Reite og Vaksvik
Sykkylven	12	Ramstaddalselva	2		Ivertfall Klokk og Ramstad
	13	Søvikelva			Søvik nedre, Søvik øvre
		Løkelva (el.			
	14	Furneselva)	1		Løvold, Løset, Furnes Grebstad (7), Eidem, Lyshol, Andestad,
	15	Aurelva	1?	Rosenkrantz	Kjemphol, Haugset, Aure
	16	Aurdalselva	1		Aurdal
	17	Vikelva	2	Krona	Vik og Blindheim
	18	Straumgjerde			Strømme, Straumgjerde, Straumsheim.
	19	Velledalselva	2	Giske	La og Hole Erstad og Riksheim. Utløpet av elva ligg på Riksheim
	20	Riksheimelva	1?		

	21	Ekorneselva			Jarnes(?), Ekornes indre og Ekornes Ytre
	22	Huna	1	Rosenkrantz	Midgården (55) og Hundeid (56)
Stordal	23	Dyrkornelva	1		Dyrkorn nedre, Dyrkon Øvre, Gjerde
Norddal	24	Storelva	1	Giske	Tafjord
				Rosenkrantz (og kongen)?	Lied (Bondegods), Ringset, Ringset øvre (ødegård) og Stavset
Stranda	25	Ringsetelva	2		Oksvik (Krongods/Bondegods) og Opshaug (Bondegods)
	26	Oksvikelva	2	Krona	Ringstad
	27	Storgrova	1		Langlo
	28	Langloelva	1		Sløgstad, Sve
	29	Storelva	1		Engeset, Sve
	30	Engesetelva	1		Fause og Brune
	31	Fausaelva	1		Mo
Ørsta	32	Bondalselva	1		Mest sanns. Søre Vartdal, sjekk opp
		Vartdalselva			Ørstingar, BJD
Ørsta	33	(Storelva??)	1		Storebotten og Lillebotten
Volda	34	Botnaelva	1		Kile, Rødset?
	35	Kilelva?	2		Aurstad
	36	Aurstadelva	1		Gjeitvika
	37	Gjeitvikelva	1		Førde
	38	Fyrdselva	3		Høidal
	39	Høidalselva	1	Rosenkrantz	Helset, Løset?
	40	Stigedalselva	2?		N. el. S. Bjørkedal? Sjekk opp mot nettet..
	41	Bjørkedalselva?	1		

Vedlegg 2 – arbeidsdokumentet mitt over sager på Sunnmøre på 1600-talet. Noko uferdig

Skipreide	Sagnr	Sag	Kjelde	Elv	Grunneigarar	Vassrettar	Sageigar
Borgund	1	Spjelkavik	LR1603	Spjelkavikelva	Giske?	Giske	Giske
	2	Nedregotten	LR1603	Nedregotelva?			
	3	Presten si	LR1603	Emblemselfva??		Ros? Rjb	Presten
	4	Mauseidvågen?	LR1603	Mauseidelva?	Giske?	Giske	Rosenkrantz
	5	Solevåg	LR1618				
	6	Røssevold	LR1618	Røssevoldelva?			
	7	Ukjend, Synnesgods, P.Brandal	LR1618				
Valle	8	Giskemo, Ørskog	LR1603	Ørskogelva	Giske		
	9	Nedre Skodje	LR1603	Skodjeelva		Giske	
	10	Ramstaddalen, Sykkylven	LR1603	Ramstaddalelva		Krona?	
	11	Ramstaddalen, Sykkylven	LR1618	Ramstaddalelva			
	12	Løset, Sykkylven	LR1603	Løkelva?			
	13	Apelvik, Skodje	LR1603	Furelielva			
	14	Gjerde, Ørskog	LR1603	Ørskogelva			
	15	Gjerde? (mest sannsynleg)	LR1603	Ørskogelva			
	16	Løvoll, Sykkylven	LR1603	Løkelva?			
	17	Skodje (2 stk i 1626 - Skaade)	LR1603	Skodjeelva		Giske	
	18	Ørskog, Prestegarden	LR1603	Ørskogelva			
	19	Lande, m.s.	LR1603	Ørskogelva			
	20	Sjøholt	LR1603	Ørskogelva/Solnør?			
	21	Aurdal, Sykkylven	LR1603	Aurdalselva			
	22	Eidem, Sykkylven	LR1618	Aurelva			
	23	Honningdal	LR1603/RJB1626	Honningdalselva	Rosenkrantz og Bønder	Rosenkrantz	Odelsbønder
	24	Glomset	RJB 1626/LR1618	Honningdalselva		Rosenkrantz	
	25	Sorte	Bygdebok	Jensvikelva			
	26	Jarnes	Bygdebok				
	27	Ekornes	LR1618				
	28	Tynes	LR1618				
	29	Tusvik	Bygdebok				
	30	Sortebekk	Bygdebok				

	31	Riksem, Sykkylven (vestsida av fjorden)	LR1603	Riksemelva			
	32	Blindheim, Sykkylven (austsida av fjorden)	LR1603	Blindheimselva		Krona	
	33	Hole, Sykkylven, Velledalen	LR1603	Velledalselva			
	34	Sæter, Ørskog, Vaksvikdalen	LR1603	Vaksvikelva			
	35	Lie, Lie i Ørskog	JB1626	Solnørvassdraget?			
	36	Wiig, Vik i Sykkylven	JB1626	Vikelva		Krona	
	37	Klock (Kloeg)	JB1626	Ramstaddalelva	Bønder	Krona?	Giske
	38	Lae	JB1626	Velledalselva			Giske
	39	Nedre Lande	JB1626	Ørskogelva			
	40	Ballen Brecken, Barlindbrekke	JB1626	Solnørvassdraget?			
	41	Lien (Li i Ørskog??)	JB1626	Solnørvassdraget?			
	42	Solnør	JB1626	Solnørvassdraget	Giske	Giske	Giske
	43	Barlindbrekke	RJB 1626	Solnørvassdraget		Rosenkrantz	
	44	Sollnerdalsødegrd, Sæholtt,	RJB 1626	Solnørvassdraget		Rosenkrantz	Bønder
	45	Neder Wisetter, Wisetterssætter, Hielde	RJB 1626	Vaksvikelva		Rosenkrantz	Bønder
	46	Nedre Ringsetter, Øffre Ringsetter, Stauffsende (2 stk)	RJB 1626	Ringsetelva	Bønder?	Rosenkrantz	Odelsbønder
	47	Øure, Aure i Sykkylven	RJB 1626	Aurelva		Rosenkrantz	2 bønder
	48	Hundeuiigh	RJB 1626	Huna		Rosenkrantz	Fremmede bønder
	49	Vik, sjekk opp mot hi	LR1626	Vikelva	Bønder	Krona	
	50	Ligger under en gaar ved navn Fase? Same som Faese??	LR1626		Kyrkja	Krona	
	51	Stette	LR1613/14/GJB1642	Stettelva??		Giske	Giske
	52	Øvre Solnør	GJB1642	Solnørvassdraget	Giske	Giske	Giske
Vatne	53	Os, Vatne	GJB1642	Vatneelva			Giske
Grytten	54	Olluff Knudsen	LR1619	Tennfjord?			
Dale	55	Oksvik, Stranda	LR1603	Oksvikelva	Bønder	Krona	
	56	Oksvik, Stranda	JB1626	Oksvikelva	Bønder	Krona	
	57	Oksaug, Stranda	LR1603	Oksvikelva	Bønder/krona	Krona	
	58	Ringstad, Stranda	LR1603	Storelva?			
	59	Slyngstad, Stranda	LR1618	Storelva			
	60	Vaksvik, Ørskog	LR1603	Vaksvikelva			

	61	Solli, Vaksvika	LR1618	Vaksvikelva			
	62	Wieset	JB1626				
	63	Diurchon, Dyrkorn	JB1626	Dyrkornelva	Prestegarden		
	64	Rødset, Stordalen	LR1618	Røelva			
	65	Lied, Liabygda	JB1626	Ringsetelva	Bønder		
	66	Overå	LR1618				
	67	Myklebostad, Valldalen	LR1618	Ikkje Valldøla			
	68	Thafiord	JB1626	Storelva		Giske	
	69	Sue, Sve?	JB1626	Storelva			
	70	Langlaug, Langlo	JB1626	Langloelva			
	71	Faese, Fause	JB1626				
	72	Endesetter, Engeset i Stranda el Sve	LR1626				
	73	Langeland, Synnylven	Bygdebok	Langedalselva			
	74	Stadheim, Synnylven	Bygdebok	Bygdaelva			
Hjørundfjord	75	Mo, nær Sæbø	LR1603	Bondalselva			
	76	Salte, Suerteleig?	JB1626	Sagelva			
	77	Barstadvika	LR1618	Barstadelva			
Ørsta	78	Nøre-Vartdal	LR1603	Storelva			
	79	Vartdal	Bygdebok	Storelva			
	80	Sørheim	Bygdebok				
Volda		Eikeset, Volda	LR1618	Eikesetelva?			
		Øeren (Øyra) el Rødset i Volda	LR1626		Krona	Krona	
		Vadstein	LR1618				
		Aurstad, Austefjorden	LR1603	Aurstadelva			
		Geitvika, (nesten) inst i Austefjorden	LR1626	Geitvikelva	Krona	Krona	
		Førde, Austefjorden	LR1603	Fyrdselva			
		Førde, Austefjorden	LR1603	Fyrdselva			
		Førde, Austefjorden	LR1603	Fyrdselva			
		Nordre Kalvatn	LR1618				
		Skinnvika, Austefjorden	LR1618	Skinnvikelva?			
		Høydal, sørsida av Austefjorden	LR1603/RJB1626	Storelva	Bønder	Rosenkrantz	
		Botnen, innom Straumshamn	LR1603	Botnaelva			
		Kile	LR1603	Kilselva?			
		Bjørkedalen	LR1603				

		Løset i Bjørkedalen?	LR1603	Stigedalselva			
		Helset i Bjørkedalen	LR1603	Stigedalselva			
		Nordre Bjørkedal	LR1618				


Vedlegg 3 – Tabell 0-1 og kjelder til denne.

Perioder	Start	Oppgangstid	Topp	Nedgang	Avslutta	Kommentar	Kjelder	
Agder	1528	1595-1620	1680	1680-17?	Ikkje avslutta?	Læster	Bugge 2:330-332,130	
Ryfylke	før 1554	1560?	1610-30	1630-40	1685		Lillehammer 5c:12, Tveite:536	Etter 1610 hadde skottane over halvparten av anløpa
Sunnhordland	1521	1563-		1675-1694	1694		Bugge 1:311, Tveite:536	
Bergen	1518				Etter 1700		Bugge 1:310, Tveite:536	Bergen 1665-1700, mellom 18000-36000 tylfter
Nordhordland								
Sogn								
Sunnfjord	1563							
Nordfjord	1563						Bugge2:167, 16 sager, bla ei årgangssag på Mardal i Gloppen	
Sunnmøre	Seint 1500-tal	1606-1612	1613-1621	1622-163?	1657		I balansepunktet	
Romsdal	1589	1604-13	1620?-16?	1670-1689	1692		Tveite:536	
Nordmøre		1613-1629	1630-1685	1689-1700	Etter 1700		I balansepunktet, Tveite:536	
Trondheim	Seint 1500-tal		1660?-1688	1689-	Etter 1700		Tveite	
Nord-Trøndelag	1660	1670	1700		Ikkje avslutta?		Sandnes, Jørn	

Vedlegg 4 – Kart over dei fleste sagene på Sunnmøre frå seint 1500-tal fram til midten av 1600-talet.



Vedlegg 5



Jordebok for Giske 1626, SHA-DIX5-12-006

